

Styresak 15/18 – Administrativ organisering ved HVL

Vedlegg 3: Høringsinnspill med vurderinger og leveranser fra prosjektgruppene, inkl. notat fra direktør økonomi og arealforvaltning

Innhold:

- 3.1.1 Forskningsadministrasjon, internasjonalisering og bibliotek – høringsinnspill med vurderinger
- 3.1.2 Forskningsadministrasjon, bibliotek og internasjonalisering – leveranse fra prosjektgrupper
- 3.2.1 Utdanningsadministrasjon – høringsinnspill med vurderinger
- 3.2.2 Utdanning – leveranse fra prosjektgrupper
- 3.3.1 Samhandling – høringsinnspill med vurderinger
- 3.3.2 Samhandling – leveranse fra prosjektgrupper
- 3.4.1 Organisasjon – høringsinnspill med vurderinger
- 3.4.2 Organisasjon – leveranse fra prosjektgrupper
- 3.5.1 Økonomi og arealforvaltning – høringsinnspill med vurderinger
- 3.5.2 Økonomi og arealforvaltning – leveranse fra prosjektgrupper
- 3.5.3 Økonomi og arealforvaltning – leveranse – notat fra direktør
- 3.5.4 Økonomi og arealforvaltning – leveranse – notat fra direktør etter forhandling – justert forslag

Innspill til Forskningsadministrasjon

38. Er det sider ved målbildet for forskningsadministrasjonen som ikkje er beskrive (kap. 1)?

Avdeling for ingeniør- og naturfag (Stein Joar Hegland)

Det manglar noko om fysisk forskningsinfrastruktur (laboratorier, feltutstyr, m.m.) i målbilete (og i heile funksjonsplanen). Det er ein svært viktig oppgåve for forskningsadministrasjonen å ha eit overordna blikk på denne oppgåva. HVL må ha ein oppdatert fysisk forskningsinfrastruktur, som muleggjer at vi i det heile kan utføre forskning på eit internasjonalt nivå. Dette må inn i funksjonsplanen.

Alternativt bør meir ressursar (personell og driftsmidlar) overførast til fakultet for dette arbeidet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

Det er vanskelig å være uenig i det generelle målbildet, men dersom universitetsambisjonen er førende bør førsteprioritet være å ha god gjennomstrømning og høy nok produksjon av doktorgrader

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Det er dekkende, men det savnes at det er satt inn i et overordnet målbilde for avdelingen prorektor for forskning skal lede.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Det er for lite fokus på å styrke omfang og kvalitet i forskningen som foregår i fakultetene. Målbildet er utydelig og upresist i forhold til fou-aktiviteten i fakultetene. Sammenheng utdanning og forskning synes å ha liten omtale i målbildet. Når fokus blir på forskningsadministrasjonen og ikke forskningen får vi også et unyansert målbilde.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Generell kommentar (gjeld omtrent alle funksjonsplanane: Funksjonsplanane gjer ikkje synleg eller tydeleg korleis dei tek i vare eller følgjer opp styrevedtaket i sak 17/17, Vedtak om administrativ organisering, der det heiter: «Rektor får fullmakt til å endelig fastsette administrativ organisering. Grunnlaget for administrativ organisering vil være delprosjektgruppas rapport, prinsippa for administrativ organisering henta frå fusjonsavtalen og prinsippet om administrative ressursar til fakulteta slik at dekanane kan ivareta sine funksjoner som faglege og administrative leiarar.» Den gode utgreiinga om oppgåve- og ansvarsfordeling mellom fellesadministrasjon og

fakultetsadministrasjon som låg i delprosjektgruppa rapport er ikkje teken aktivt i bruk. Grunnlaget for campus-utviklinga som ligg i fusjonsavtalen er heller ikkje omtala. Begge desse dokumenta var basis for styret si delegering til rektor. Gjennomgåande er det såleis ikkje konkretisert kva administrative ressursar som skal vera lagt til dekan sitt omfattande ansvar innanfor utdanning, forskning, formidling, og det tilhøyrande store personal- og økonomiansvaret. Gjennomgåande er det heller ikkje konkretisert kva administrative ressursar som må liggja ved kvart campus for å sikre og utvikle gode tenester til studentar og tilsette.

Det kan sjå ut som HVL lagar ein arkitektur for at dekan og fakulteta må bestille administrative tenester frå fellesadministrasjonen. I ein fleir-campus høgskule med fire fakultet er dette høgst usikker løysing, og det er også uråd å sjå at det er samsvar med det grunnlaget som låg til grunn for styret sitt delegasjonsvedtak. Gjennomgåande er det bygt opp med administrative ressursar ikring rektorat og direktørar, og det er uråd å sjå ein konkret plan for administrasjon ved fakulteta og for ei god campus-utvikling. Forutan å svekka fakulteta, gir dette såleis eit opplegg for å sentralisere administrative ressursar og gjera heile organisasjonen særdeles topptung. Med dei strukturar som er lagde i høgskulen, vil fleire campus bli mykje svekka. I ny ein fleir-campus organisasjon kjenneteikna av kunnskapsarbeid, der høgskulen skal vere i den digital kunnskapsfronten og ha deling som kjenneteikn, synest dette å vere lite klokt. Heller er det teikn til at ein skal samle meir makt i sentrale posisjonar. Avdeling for samfunnsfag ynskjer ein mykje meir desentralisert struktur, med fakultet og institutt i fokus.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for helse- og sosialfag \(Mildrid Haugland\)](#)

Det målbildet som er beskrevet er for hele HVL og det er vanskelig å lese kva som blir definert som målet for forskningsadministrasjonen. Slik som det står kan det se ut som om de skal være den viktigste faktoren for at HVL når sine mål om universitetsstatus som profesjonsuniversitet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdelingsadministrasjon for lærarutdanning \(Tone Reistad\)](#)

Det er ikkje beskrive kva tenester fakulteta har behov for og som ikkje fungerer godt i dag.

Savnar meir integrering og heilheitstanke i områda under prorektor for forskning. Kva er nytt frå tidlegare organisering i HiB?

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Studenttinget](#)

Vi savner tydeligere, mer konkrete mål på dette området. De fire målene som er skrevet opp kunne godt inneholdt delmål, da de er noe svevende. Studentene ønsker seg et større fokus på studentaktiv forskning på alle nivå, samt fokus på open access.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Fellesenhetens bidrag til økt forskningskvalitet for masteroppgaver

Større ansvar i kontakt med fagmiljø og NSD personvernombudet

Støtte til fakultetene ifm disputaser (bør være en institusjonsstandard på dette og er ikke nødvendig å bygge opp identisk kompetanse i alle fakultet når dette kan støttes i fellesadministrasjonen)

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for helse- og sosialfag (Marit Ubbe)

Det kommer ikke tydelig frem at det er de vitenskapelige ansatte og phd stipendiatene som skal styrkes. Forskningsadministrasjonen må støtte disse slik at HVL kan nå sine mål.

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹:

Det er etterlyst eit fokusert og samlande målbilde for rollene som ligger til prorektor for forskning. Det vert skrevet inn eit avsnitt i funksjonsplanen av prorektor for forskning som binder dei tre funksjonsplanen (forskning, internasjonalisering og bibliotek) saman.

Følgjande moment vil bli skrevet inn i målbilde til funksjonsplanen for FoUI:

- Forskingsinfrastruktur: FoU-administrasjonen skal ha eit strategiske og overordna blikk på dette.
- FoUI-administrasjonen har som mål å vere ein kompetent og effektiv forskningsadministrasjon med høg kompetanse og relevant erfaring som gjev forskningstøtte av høg kvalitet tett på det faglege arbeidet ved HVL. Ei viktig rolle er å legge til rette for HVL sitt strategiske arbeid med forskning og innovasjon, her også yte støtte til å vere pådrivar for utvikling og oppfølging av forskning- og innovasjonsstrategiar ved HVL. Dette vil bli tydeliggjort i funksjonsplanen.

39. Er det sider ved utfordringsbildet for forskningsadministrasjonen som ikkje er beskrive (kap. 2)?

Avdeling for ingeniør- og naturfag (Stein Joar Hegland)

Punktet om fysisk forskingsinfrastruktur gjeld også på utfordringssida (sjå merknad kap 1). Det HVL ikkje kan ha sjølv av slik infrastruktur må dei då ha ressursar til å kunne kjøpe frå UiB eller kommersielle laboratorium, eller andre i form av tenester o.l. Forskningsadministrasjonen bør ha eit overordna ansvar for å jobbe fram avtalar og ressursar til dette.

Alternativt bør meir ressursar (personell og dirftsmidlar) overførast til fakultet for dette arbeidet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

¹ Obligatorisk utfylling.

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

I HVL trenger en å erkjenne at forskningsutdanningsadministrasjon og forskningsstøtte krever mer ressurser for å drive det på et profesjonelt nivå. Når det gjelder forskerutdanningsadministrasjon kreves det at administrasjonen har nok ressurser til å sørge for at en kan følge opp kandidater og veiledere og sikre en god gjennomstrømning. Når det gjelder forskningsstøtte må HVL sette av nok ressurser for å hjelpe de faglige med å skrive gode søknader om ekstern finansiering.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for forskning og ekstern samhandling (Eirin Fausa Pettersen)

Innspill mottatt fra seksjonen:

Litt usikker på hva denne setningen betyr (nederst kap 2): "God arbeidsdeling og ansvarsavklaring med andre administrative ressurser (felles/fakultet) må sikre at viktige system kjem på plass (til dømes sikker lagring av sensitive forskningsdata)".

Men det er også viktig at andre fellestjenester (i dette tilfellet prosjektøkonomi) blir informert og inkludert i området Forskningsadministrasjon der det er nødvendig, ikke bare gjennom system, men også i den daglige driften.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Det er dekkende, men det savnes at det er satt inn i et overordnet utfordringsbilde for avdelingen prørektor for forskning skal lede.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Vi er ikke enige i at en økning i kapasitet hos en sentral forskningsadministrasjon er et godt middel for å nå mål knyttet til kompetanseheving, økt ekstern finansiering, eller for utvikling av PhD-programmene. Alt dette er aktiviteter som er tett knyttet til aktivitet på fakultets- og instituttnivå, og det er der støtte trengs. Det er en fare for at ressurser som kunne blitt brukt i forskningsmiljøene til å nå disse målene istedet blir kanalisert inn i byråkrati. Det ville i tilfelle svekke organisasjonens evne til å nå målene.

Vi er heller ikke enige i at en økning i forskningsadministrasjon er påkrevd på hvert studiested. God kontakt med fagmiljøene er viktig, og det skal være representasjon på fakultetsnivå, på alle studiested. Men at dette krever en kapasitetsøkning, er ikke dokumentert.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Fellesenhetens bidrag til økt forskningskvalitet for masteroppgaver

Større ansvar i kontakt med fagmiljø og NSD personvernombudet

Støtte til fakultetene ifm disputaser (bør være en institusjonsstandard på dette og er ikke nødvendig å bygge opp identisk kompetanse i alle fakultet når dette kan støttes i fellesadministrasjonen)

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²:

Høringsdokumentet utgjorde det første utkastet til funksjonsplan. På bakgrunn av de mottatte innspela og dei vidare drøftingane som har vore i gruppa, vil ein arbeide vidare med avsnittet om utfordringsbilete.

40. Har du innspel forslag om organisering av forskningsadministrasjonen (kap. 3)?

[Avdeling for ingeniør- og naturfag \(Stein Joar Hegland\)](#)

Kva team skal ha ansvar for fysisik forskningsinfrastruktur? Det bør gå fram av titlane dersom ansvaret skal ligge hjå forskningsadministrasjonen, jf. tidlegare innspel.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag \(Henning Nordheim\)](#)

Dersom en i hovedsak ønsker å organisere forskningsadministrasjon i en fellestjeneste bør en legge hoveddelen av arbeidsoppgaver der. Det gjelder bl.a. driftsoppgaver innen forskerutdanningsadministrasjon der oppgavene i stor grad er standardiserte og felles for alle doktorgradsprogrammene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Når det gjelder de ulike enhetene som er foreslått stiller vi et spørsmål om det er nødvendig å ha en egen enhet for «Forskingsetikk og kvalitetssystem». Dette vil vi tro ville være bedre koordinert dersom disse noen av arbeidsoppgavene ble løst av personalavdeling/HR og IT. Dette for å unngå å bygge opp behov for samme kompetanse to steder. Resterende oppgaver kan tillegges de tre andre enhetene som er foreslått.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Seksjon for forskning og ekstern samhandling \(Eirin Fausa Pettersen\)](#)

Innspill mottatt fra seksjonen:

-Prosjektøkonomi har kontaktflater både med Forskningsadministrasjonen og Internasjonaliseringsfunksjonen, men ser at prosjektøkonomi/økonomi ikke er nevnt når det gjelder tverrgående team/møteplasser.

² Obligatorisk utfylling.

-Under dimensjonering av ressurser: det vil også være behov for å øke ressursene til budsjettering og økonomioppfølging av forskningsprosjekter – og ikke bare øke ressursene til delen av forskningsadministrasjonen ansvarlig for ekstern finansiering – her må det være et samsvar.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for lærarutdanning og kulturfag \(Sigurd Sandvold\)](#)

Funksjons- og bemanningsplan for FoUI, Forskingsadministrasjonen – del 1: Funksjonsplan:

Generelt: det er viktig at ein i planen er heilt klar på at ein i bemanninga må legge ekstra stor vekt på operativ støtte i samband med eksterne prosjekt, både til søknad og rapportering. Skal ein lukkast innan EU så det aller viktigaste at HVL utviklar spisskompetanse og allokere operativ kapasitet når det gjeld dei meir formelle sidene ved søknadsutforming og rapportering. Viss ikkje så risikerer ein at for mykje av ressursane blir sett av til overordna og strategisk aktivitet og for lite til dei praktisk, operative tenestene.

Eit konkret forslag til omformulering:

Avsnitt 5.1. Eining/delfunksjon A – Team Ekstern finansiering

Arbeidsfelt omfattar:

Eininga/delfunksjonen har ein på drivarfunksjon for innhenting av eksterne nasjonale/internasjonale forskingsmidlar. Eininga/delfunksjonen skal ha ansvar for å informere, motivere og mobilisere forskarar til å søkje om eksterne FoU-midlar og bidra søkjarane med operativ støtte til søknadsskriving. Dette vil krevje at eininga utviklar operativ spesialkompetanse på søknadsskriving, spesielt retta mot EU-programma.

Eininga/delfunksjonen sitt arbeidsfelt omfattar forhandling, rådgiving og oppfølging av forskingskontraktar, inklusive rapportering.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Seksjon for utdanning \(Kristin Ravnanger\)](#)

Organiseringen ser svært oppdelt ut med teamledere for totalt få personer.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for lærarutdanning \(Asle Holthe\)](#)

Det blir i forslaget lagt opp til ein administrativ modell frå gamle HiB med tyngde på fellesadministrasjon. Det blir vidare lagt opp til å gjere fellesadministrasjonen større enn i dag, medan den forskingsadministrative bemanninga på fakulteta ser ut til å skulle vere minimal. Med dei erfaringane vi har frå HiB er vi skeptiske til denne modellen. Det blir for stor avstand mellom administrasjon og fagmiljø, og tenestene fungerer ikkje optimalt. Strategisk arbeid knytt til forskingsadministrasjon bør skje i samarbeid med fagleiinga ved fakulteta. Dette er enklare å få til om fleire forskingsadministratorar sit i fakulteta. Det er positivt at forskingsadministrasjonen tar initiativ til å auke ekstern finansiering, men vår oppleving er at eit tettare samarbeid, med ein administrator på fakultetet kan styrke resultatet. Vi treng og administrativ støtte til tilrettelegging og system for søking på interne midlar og strategiske midlar. Det er bra og heilt nødvendig med ei full administrativ stilling per ph.d.-program lagt til fakulteta, slik det blir foreslått. At det utover dette berre blir

foreslått ei full stilling til generell forskingsstøtte synest lite berekraftig for dei største fakulteta, spesielt med tanke på dei ambisjonane som ligg i fusjonsplattforma. Vi reknar med ei auke i eksternfinansierte prosjekt. Då må fakulteta ha eigne administrativt tilsette til å støtte drift, rapportering, oppfølging av partnarar osv.

I dag arrangerer sentra kurs i ulike forskingsverktøy som programvare som er støtte for forskning (Statistikkprogram etc). Slike kurs bør i framtida organiserast av forskingsadministrasjonen. Viss ein utvidar den fellesadministrative tenesta, må det tydeleggjerast kven som har ansvar for verksemda i kva fakultet og på kva institutt. Fagmiljøa må ha sine faste kontaktpersonar i fellesadministrasjonen.

Vi ser det er overlapp mellom funksjonane i forskingsadministrasjonen og i eininga for internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid. Vi spør oss om ikkje desse einingane burde vore slått saman, slik at ein til dømes kan sjå erfaringane med Erasmus + i samanheng med Horisont 2020 osv. Vi treng å bygge kapasitet på søkning om ekstern finansiering, og vi trur det hadde vore bra med ein felles strategi for dei to einingane «Ekstern finansiering» og «Eksterne midlar».

Mykje av teksten omhandlar det å vere proaktiv i forhold til prosjektutvikling. Vi trur ikkje dette vil kunne fungere optimalt utan eit tettare samarbeid mellom fagmiljøa og forskingsadministrasjonen. Fagmiljø og administrasjon må ha felles strategiar for å få dette til. På side 3 står det at administrasjonen må informere og mobilisere fagmiljøa, men dette må gå begge vegar og utviklast i samarbeid. Vi trur slikt samarbeid ville vore lettare om den administrative støtta primært låg på fakulteta og ikkje i ein fellesadministrasjon.

Vi finner flere av de skisserte prinsippene for organisering problematisk.

1. 'Lik praksis' kan sikres uten at oppgaver er sentralisert. Ønsket om lik praksis er ikke et argument for sentralisering.
2. Det er ikke godt nok argumentert for at en mer desentralisert organisering er sårbar for sykdom, o.l. Om personer med like oppgaver på ulike fakultet danner nettverk, er det mulig å avhjelpe på tvers av fak. om det er nødvendig/ønskelig. Godt organisert samarbeid er et likeverdig alternativ til sentralisering.
3. Bevisbyrden for å legge noe til fakultetet er 'særlige behov for nærleik til og kunnskap om den faglege verksemda og studentane i fakulteta'. Det brytes med dette prinsippet når oppgaver knyttet til kompetanseheving, noen deler av arbeidet med eksternfinansiering og noen oppgaver knyttet til PhD-programmet er foreslått lagt sentralt. Se nede. Generelt viser forslaget en mangel på forståelse for hvor tett man må være forskningsmiljøer for å nå mål av den typen.
4. Det bør også ligge økonomistøtte knyttet til FoU på fakultetsnivået.
5. Oppgaver: Under dimensionering ave ressursar...' argumentees det for at det er et særlig behov for økt kapasitet knyttet til bl.a. arbeid med ekstern finansiering, forskerutdanning, kompetansehevingstiltak. Jeg har vanskelig for å se hvordan noen av disse feltene krever økt arbeidsinnsats sentralt. Alt dette er oppgaver som skal utføres, ledes, og organiseres på fakultetsnivået. Det er der administrativ støtte trengs.
6. Det argumenteres for at juridisk kompetanse må være tilgjengelig, men ikke en del av enheten. Jeg mener det bør finnes på enheten.
7. Er enig i at den sentrale enheten bør være ansvarlig for utrednings- og analysearbeid.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

NTL (Tone Skjerdal)

NTL stiller spørsmål ved om ei monaleg kapasitetsauke i det strategiske, institusjonelle og overordna forskingsadministrative arbeidet er det rette middelet for å nå måla knytt til kompetanseheving, auka finansiering eller for utvikling av phd-programma. Meir ressursar til desse oppgåvene, som er gjennomgåande i framlegget som er ute til høyring, vil gje mindre ressursar til dei forskingsadministrative støttetenestene som bør føregå tett på dei faglege aktivitetane.

Forskingsadministrativ støtte til fakulteta tek i planen dessutan ikkje omsyn til storleiken på fakulteta, og eitt årsverk ved kvart fakultet er knytt opp til eigne ph.d.studium. Dette gjev att eit årsverk per fakultet knytt til generell forskingsstøtte. Dette er ei underdimensjonering av støttetenestene som trengst nær fagmiljøa. Det er heller ikkje teke omsyn til at ulike fagmiljø har ulike behov knytt til mellom anna kompetanseheving, noko som på sikt kan bidra til endå skeivare fordeling i kompetanse mellom ulike miljø ved høgskulen.

Det er naudsynt med ein overordna forskingsadministrasjon mellom anna for å drive institusjonell utgreiings- og analysearbeid og dessutan for å sikre prinsippet om likebehandling. Godt organisert samarbeid mellom fakultetstenester og fellestenester burde likevel vore meir prioritert, og organisasjonskartet burde legge meir vekt på denne samhandlinga/matriseorganiseringa.

Strategisk kapasitet bør ikkje liggja i stab, men i linja. Det bør vera tett kopling mellom det daglege arbeidet og det strategiske arbeidet. Dette vil både medføra at strategiarbeidet vert betre forankra i teama, og det vil bli meir effektiv ressursbruk sidan prorektor då ha høve til å bruka folk i heile seksjonen på denne typen oppgåver.

Det er vidare forståeleg at deler av forskingsadministrasjonen kan organiserast uavhengig av campus og geografisk stad. Ein bør likevel vera varsam slik at formuleringar som «Organiseringa føl eit prinsipp om fagleg inndeling av team på tvers av regionar heller enn geografisk fordeling av oppgåver mellom ulike regionar» ikkje gjer at organiseringa bryt med viktige prinsipp mellom anna knytt til fagleg organisering (frå Fusjonsavtalen: «Høgskulen på Vestlandet skal ha ei organisering som òg styrkjer forskingsposisjonen regionalt, nasjonalt og internasjonalt»).

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Det er teikna eit organisasjonskart for funksjonsområdet, som tyder på at ein ikkje har tatt innover seg at Høgskulen på Vestlandet har einskapleg leiing (altså ikkje ei delt leiing med vald rektor og tilsett dirketør). Prorektor for forskning for Høgskulen på Vestlandet er både fagleg og administrativ leiar. Organisasjonskartet samlar for det eine omfattande administrative ressursar i eit hierarki, men der ingen leiarar innanfor vitale ansvarsoppgåver rapporterer til prorektor, men derimot til ein Forskingsdirektør. Det er uråd å sjå at dette samsvar med prinsippet om einskapleg leiing og ein fornuftig distribuert organisasjon der forskinga faktisk skjer ute ved fakultet og senter. Organiseringsmodellen må byggjast om for at Høgskulen på Vestlandet skal nå sine høge mål for forskning.

Det er ein svakheit at funksjonsplanane for Forskingsadministrasjon og Internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid ikkje er sett i samanheng. Det er rett og slett ein grunnleggande mangel at funksjonsplanane ikkje kommuniserer tilfredstillande med kvarandre, sjølv om dei administrative arbeidsoppgåvene og ansvarsområda dei omhandlar grip inn i kvarandre.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Synes det er rart at leder av forskningsadministrasjonen skal ha tittelen som forskningsdirektør. Det er heller ikke tydelig hvorfor prorektor for forskning må ha en egen stab og ikke kan benytte seg av de tilsatte i de ulike enhetene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Georg Førland)

Forskningsadministrasjon er et funksjonsområde som er avgjørende for at HVL skal kunne bli Universitet. AHF støtter behovet for kapasitetsøkning innenfor dette område, men mener forslaget til organiseringen av de ressursene en faktisk har til rådighet per i dag ikke nødvendigvis vil gi tilstrekkelig støtte til forskningsaktiviteten, der den faktisk finner sted.

Området framstår som noe topptungt med en egen «direktørstilling» på nivå 3. Direktøren råder over for 12 årsverk, hvorav en del av disse ressursene skal inngå i en sentral stabsfunksjon.

Det stipuleres i tillegg et ressursbehov for forskningsadministrasjon i fakultetene som det er høy sannsynlighet for at ikke finnes. Avdelingen mener at oppgavene som skal løses på fakultet burde vært inkludert i dimensjoneringen av ressursene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Savner diskusjon rundt dagens organisering (HiB) og om framleis organisering med hovedvekt av tilsette i fellestenestene er rett vei å gå. Fakulteta er ikkje tent med denne organiseringa.

Prorektor er leiar for området, og forskningsdirektørtittel bør ikkje nyttast. Fire underenningar under denne blir for mange einingar og koordinering imellom. For tilsette i fakultet blir det for mange å forholde seg til. Fakultetet må ha ein kontaktperson, ikkje ulike personar/team å forholde seg til med ulike spørsmål om forskingsstøtte.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Terje Bjelle)

Strategisk kapasitet bør ikkje liggja i stab, men i linja. Det bør vera tett kopling mellom det daglege arbeidet og det strategiske arbeidet. Dette vil både medføra at strategiarbeidet vert betre forankra i teama, og det vil bli meir effektiv ressursbruk sidan prorektor då ha høve til å bruka folk i heile seksjonen på denne typen oppgåver.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Det er kome innspel på at «opplæring i forskningsetikk og opplæring i søknader om eksternfinansiering legges under team Forskerutdanning og kompetanse. En kunne også tenke seg at disse tiltakene ble organisert under hhv team for Forskningsetikk og kvalitetssystem, og Ekstern finansiering.» Det er kanskje her viktig at det er team for Forskerutdanning og kompetanse som har ansvaret for at slike kurs finnes, og så har de andre teamene ansvar for det faglig-administrative innholdet i kursene.

Det er og kome innspel på at det kunne vore meir konkrete formuleringar rundt samarbeid og ansvarsdeling med andre administrative einingar som bibliotek, økonomi, IT, personal etc. Typiske avklaringar mot bibliotek bør vere: «Hvem skal f.eks. ha ansvaret for å registrere prosjekt? Profil/opprettholde forskerkatalog? I hvor stor grad skal forskningsadministrasjonen jobbe med å hente ut statistikk for publisering? Hva med team med deltakere fra både forskningsadministrasjon og bibliotek?»

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag \(Johanne Trovåg\)](#)

I en enhet med 13 årsverk, bør det være helt unødvendig med en forskningsdirektør.

Ansatte under forskningsutdanning og kompetanse bør plasseres til fakultetene med distribuert ansvar.

Under punktet 5.1 Team ekstern finansiering og overskriften «Grenseflate mot fakultetsadministrasjon» står det at «Fakultetsadministrasjonen kan bistå i «post-award-oppgåver som drift, rapportering, kontakt med partnerar i eksisterande prosjekt osv.». Vi mener at dette må være omvendt, siden de administrative tjenestene er støttefunksjon for kjernevirksomheten vår – utdanning og forskning – ikke omvendt!

Under punktet 5.2 Team forskarutdanning og kompetanse er det slik vi oppfatter det stor fare for rolleforvirring knyttet til den administrative støttefunksjonen sine ansvar og fakultetenes ansvar.

Punkt 5.3 Team forskningsetikk og kvalitetssystem sier lite om kvalitetssystem, og det er uklart om det skal bygges opp et parallelt system for forskning.

Overlappene med Mohn-senteret må synliggjøres bedre.

Ønsket økning i antall ansatte tilknyttet enheten i fellestjenester og ikke på fakultetene er ikke presentert/argumentert for. Alt er ikke så spesialisert at det må ligge sentralt. Det trengs også en tett kobling mellom utdanning og FoU på fakultetene og dermed er det et behov for fast ekspertise der også, et behov som går ut over den nevnte phd-koordinatoren som er nevnt i funksjonsplanen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag \(Marit Ubbe\)](#)

Det er beskrevet at det er behov for å bygge opp administrasjonen i fellestjenestene i nærregionene til tilsvarende nivå som Bergen (5 årsverk). Det er også lagt inn en økning med 2 årsverk på fakultetene. Dette henger ikke sammen med premissene om at omorganiseringen ikke skal føre til økte stillingsressurser. Hva med digitalisering av arbeidsoppgaver?

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Seksjon for personal- og organisasjonsutvikling \(Ida Heggholmen\)](#)

Det at internasjonalisering er flyttet til forskningsfeltet vil gi best synergieffekt om en flytter det sammen med forskningsenheten og gir det en felles ledelse. Kan gjerne dele enheten i to underenheter.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet³:

Ei organisatorisk samling av forskingsadministrasjonen i fellesteneste er i samsvar med beslutningsnotatet, «Administrativ organisering ved HVL- Administrative funksjoner og oppgaver i linje til fakultet eller til fellestjenester/virksomhetsnivå».

Følgjande grunngjeving er gitt: «Ressurs-/ kompetansesituasjonen er per i dag ikke optimal med tanke på fordeling mellom en fellestjeneste og fire fakultet. Det er derfor viktig å bygge opp en robust støttetjeneste som kan støtte alle de fire fakultetene fra en fellestjeneste. En samling i fellestjenester gir også best forutsetninger for en samlet oppbygging og utvikling av kompetanse på området.»

41. Har du innspel til forslag om leining til funksjonsplanen for forskingsadministrasjonen (kap.4)?

Avdeling for ingeniør- og naturfag (Stein Joar Hegland)

Treng ein eigen forskingsdirektør? (Under tema internasjonalisering vert dette leddet forresten kalla Leiar). Prorektorane er tilsett med administrativt og fagleg ansvar og då skulle direktørleddet vera unødvendig. Det vil vera betre å styrke teamleiar-leddet for å gjera tenestene mest muleg operative utimot fagmiljøa.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Dagrun Kyrkjebø)

Det er viktig å trygga god kontakt med tilsette på fakultetsnivå (frå fellsnivå) som jobbar med foun-administrasjon, både når det gjeld kunnskapsoverføring og samordning av arbeidsoppgåver. Spannande og utfordrandesoppgåver må leggest til begge nivå. Fakultetsadministrasjonen må ikkje verte ein driftsadministrasjon

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

Ingen kommentar til hvordan ledelsen av forskningsadministrasjonen er beskrevet i kap.4.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Områdene under prodekan for forskning fremstår som lite integrerte, og med liten grad av nytenking. Det normale er at ledere skal ha personalansvar for 20-30 ansatte. Det er vanskelig å se hvordan dette er tatt hensyn til ved organisering av prodekanens område.

³ Obligatorisk utfylling.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Funksjonsplanen legg opp til ei auka styrking av det sentrale nivå og forslaget til leiingsstruktur samsvarar lite med fylgjande frå fusjonsplattformen: «Høgskulen på Vestlandet skal ha gjennomgåande leiing og eins leiing på alle nivå». Meir ressursar til leiarnivået, slik både denne og fleire av funksjonsplanane legg opp til, vil bety mindre ressursar til drift og utvikling nær både fagleg verksemd og aktivitet på studiestadane. I staden for dette bør ein freista å organisera verksemda slik at det vert meir ansvar og tillit nedover i organisasjonen, òg i den administrative organiseringa.

Funksjonsplanen er lite tydelege når det gjeld ansvarsdeling mellom fellesadministrative tenester og fakultetsvise tenester. Planen tek lite omsyn til den store skilnaden i storleik mellom dei nye fakulteta.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Mildrid Haugland)

Vi stiller oss undrende til at mye av fokuset for forskning skal være campusovergripende samtidig som det er ønskelig å bemanne opp alle nærregionene til Bergen sitt nivå. Betyr det at Bergen skal få mindre og de andre mer? Er det ikke naturlig å bygge på det forskningsadministrative apparatet som fungerer godt, utvikle dette videre til å være en motor for hele forskningsadministrasjonen ved HVL? Her ser det ut som om vi skal fortsette med 3 høyskoler også i fremtiden. Ledelse – leder bør ha 20-30 personer å lede som i resten av organisasjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Det blir i forslaget lagt opp til ein administrativ modell frå gamle HiB med tyngde på fellesadministrasjon. Det blir vidare lagt opp til å gjere fellesadministrasjonen større enn i dag, medan den forskingsadministrative bemanninga på fakulteta ser ut til å skulle vere minimal. Med dei erfaringane vi har frå HiB er vi skeptiske til denne modellen. Det blir for stor avstand mellom administrasjon og fagmiljø, og tenestene fungerer ikkje optimalt. Strategisk arbeid knytt til forskingsadministrasjon bør skje i samarbeid med fagleiinga ved fakulteta. Dette er enklare å få til om fleire forskingsadministratorar sit i fakulteta. Det er positivt at forskingsadministrasjonen tar initiativ til å auke ekstern finansiering, men vår oppleving er at eit tettare samarbeid, med ein administrator på fakultetet kan styrke resultatet. Vi treng og administrativ støtte til tilrettelegging og system for søking på interne midlar og strategiske midlar. Det er bra og heilt nødvendig med ei full administrativ stilling per ph.d.-program lagt til fakulteta, slik det blir foreslått. At det utover dette berre blir foreslått ei full stilling til generell forskingsstøtte synest lite berekraftig og svært sårbart for dei største fakulteta, spesielt med tanke på dei ambisjonane som ligg i fusjonsplattforma. Vi reknar med ei auke i eksternfinansierte prosjekt. Då må fakulteta ha eigne administrativt tilsette til å støtte drift, rapportering, oppfølging av partnarar osv.

Grenser til prodekan for forskning i fakulteta er ikkje berørt og forskingsadministrative oppgåver som i dag foregår i fakultet er ikkje beskrivne. Funksjonsplanen gir ikkje heile bildet av funksjonsområdet. Derfor gir ikkje planen godt grunnlag for disponering av totale ressursar innan området.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Det er viktig at hensynet til ansatte ved alle campus/nærregioner ivaretas, og at alle får den nødvendige, jevnlige kontakten med Forskningsdirektør uansett hvor denne sitter. Kanskje bør Forskningsdirektøren være "jevnlig" til stede i alle nærregioner for å sikre dette

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Bør være en seksjonsleder for den forskningsadministrative enheten, ikke en direktør (er to direktører i HVL, og disse er på nivå 1).

Fire ledere (prorektor for forskning ikke inkludert) synes overdimensjonert for totalt 13 årsverk. Også denne enheten bør organiseres i tråd med prinsippene om 20-30 ansatte per leder.

Utydelig hvor stor staben til prorektor for forskning er, og med enda en stabsfunksjon under seksjonslederen (det som i dokumentet kalles «forskningsdirektør») blir det mange stabsfunksjoner for en veldig liten enhet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for helse- og sosialfag (Marit Ubbe)

Hvorfor er det tegnet inn en forskningsdirektør og at prorektor for forskning skal ha en egen stab. Hvorfor kan ikke personer fra flere enheter være til støtte for prorektor? Bør ha lik struktur/organisering som andre enheter.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet⁴

- Det er naudsynt å trygga administrative resursar på fakultetsnivå som ta i vare oppgåver innan FoUI som skal ligge på fakultetsnivå. Ny versjon av fusjonsplanen vil legge vekt på kva oppgåve som vert liggande til fakulteta.
- Når oppgåvene på felles- og fakultetsnivå auke, må ein få tilført auka resursar. At oppgåvene skal auke er eit krav for å nå universitetsambisjonen, dette gjeld mellom anna auka kapasitet på ph.d.-utdanningane med meir.
- Tittelen forskningsdirektør vil om naudsynt verte endra i samsvar med avgjersler frå rektor på kva ein kan kalla leiar på nivå 2 i fellestenesta.
- Stab til prorektor: Det ligg ikkje til prosjektgruppa å avgjere om prorektor skal ha ei eige stab på avdelingsnivå. Det vart lagt ei boks i organisasjonskartet for eininga som stab til prorektor, for å understreke at dette er viktig strategisk arbeid som må synleggjerast. Det er naudsynt at det vert satt av tid til denne type oppgåver.

⁴ Obligatorisk utfylling.

42. Har du innspel til forslag om einingar og delfunksjonar for forskningsadministrasjonen (kap. 5)?

[Økonomi og verksemdsstyring \(Kirsten Bakken\)](#)

Til forskning :

I økonomiseksjonen vil økonomirådgivere som hovedsakelig jobber med prosjekt være del av fakultetsteam/dedikerte ressurser mot fakultet, men vil også ha et fellesskap/fagmiljø seg imellom. Det vil være tett samarbeid mot forskningsadministrasjonen i ulike faser av prosjekt. Vil det være hensiktsmessig å tenke fakultetsteam/dedikerte ressurser til fakultet i forskningsadministrasjonen også ? Dette er hovedsaklig en fordel for fakultetene, men vil også gi enkle samarbeidsforhold mellom økonomirådgiver og forskningsadministrasjon.

Generelt til personal, forskning, utdanning :

Økonomiseksjonen har lagt opp til fakultetsteam med dedikerte ressurser mot fakultet, men som er fleksibelt. Jeg mener det ville bli bedre samlede tjenester til fakultetene dersom flere enheter tenker på samme måte i forhold til støtte til fakultetene. Da vil disse teamene kunne ha felles informasjonsflyt til/fra fakultet for felles oppdatering, og fakultetene får støttefunksjoner i fellestjenestene som kjenner forholdene ved fakultetet (kan fange opp støttebehov) og fakultetet vet hvem de skal forholde seg til.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for helsefag \(Dagrun Kyrkjebø\)](#)

Einingane må knyttast tett opp mot relevante fou-adm.tilsette på fakultetsnivå

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag \(Henning Nordheim\)](#)

Som nevnt under spørsmål 3 stiller vi spørsmål om det er nødvendig å bygge opp en egen enhet for «Forskingsetikk og kvalitetssystem».

Ellers er det foreslått at alle driftsoppgavene av ph.d.-programmene skal være på fakultetene. Vi mener at standardiserte driftsoppgaver som i stor er felles for de ulike doktorgradsprogrammene mest effektivt tas hånd om av en fellesadministrasjon, det kan f.eks. være arbeidsoppgaver i forbindelse med opptak og avslutning av doktorgraden. Forslaget peker på at det er nødvendig med økt dimensjonering av administrasjonen ved fakultetet for å ta hånd om alle arbeidsoppgavene der. Problemet er at det er en reell fare for at arbeidsoppgavene blir lagt til fakultetet, uten at administrasjonen ved fakultetene reelt blir styrket. Fakultetsadministrasjonen har i dag ikke kapasitet til å ta av seg disse oppgavene, og dette er også et spørsmål om hvordan administrasjonen ved fakultetene totalt sett blir seende ut. Med en knapp fakultetsadministrasjon vil de ansatte der måtte ha bredde arbeidsoppgaver, og ikke anledning til en spissing som det her er snakk om.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for forskning og ekstern samhandling (Eirin Fausa Pettersen)

Innspill mottatt fra seksjonen:

Under pkt 5.2: Av kjerneprosesser som per i dag er skildra står det at budsjettering er eid av BOA-økonomigruppa, men vil si prosjektøkonomene også er inne i flere punkter her (søknad om eksterne midler, oppstart av prosjekt, prosjektavslutning), så synes BOA-økonomi også bør nevnes her, evt ta bort parentesen bak budsjettering fullstendig, og nevne samarbeid med økonomi i generelle termer. Ser at drift av prosjekt ikke er nevnt – men her ligger kanskje hele punktet under en annen funksjon.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Under 'ansvar og oppgaver...', mener vi at alle oppgavene som er listet i kulepunktlisten bør ligge på fakultetsnivå, i nærhet til aktiviteten. Det er spesielt problematisk at man ser for seg at en pådriverfunksjon, vurdering og utvikling av ideer og prosjekter, o.l. skal drives av personer som ikke kjenner til forskningsfeltene. Dette er oppgaver som hører til forskningsledelsen på fakultetsnivå.

Det samme gjelder kjerneprosesser knyttet til forskerutdanning (kap. 5.2. Oppgavene i punktlisten hører til fakultetet, ikke en sentral enhet. En forskningsadministrator skal heller ikke representere HVL i forskerutdanningsnettverk - dette er det forskningsledelsen på fakultetene som skal.

Og det samme gjelder også kompetansehevingarbeid. Dette er *ikke* et anliggende for sentraladministrative enheter. Dette skal den faglige forskningsledelsen på fakultetene ta seg av.

I det hele tatt, er forslag til funksjonsplan for forskningsadministrasjon preget av en veldig stor vilje til sentralstyring og kontroll og et forsøk på å sentralisere mange av de arbeidsfelt som bør ligge til faglig forskningsledelse på fakultetsnivået. Om en sentral enhet skulle få et så stort myndighetsområde og så store styringsfullmakter, er det ingenting igjen for forskningsledere på fakultetene å gjøre. Dette vil strupe det faglige arbeidet mot institusjonens mål og gjøre det vanskelig for institusjonen å nå målene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Vi savner en bedre beskrivelse av grenseflaten mellom forskningsstøtte som forskningsadministrasjonen, «internasjonalt kontor», fakultetsadministrasjonen og de ulike programmene (NFR, SIU, Erasmus +, Horizon 2020, m.m.) skal gi. Her kan det bli mange som skal gi en spesialisert støtte om og ikke når søknader og prosjekt skal utvikles og driftes.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Større vekt på hjelp til søknadsarbeid og administrativ oppfølging av forskningsprosjekter

Idéfangst bør ligge på fakultets- og instituttnivå

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet⁵:

Me er utfordra på at funksjonsplanen er sterkt prega av silo-tenking. Både når det gjeld mellom dei tre funksjonane (forskning, bibliotek og internasjonalisering) som ligger under prorektor for forskning og mellom tema som FoUI-administrasjonen er føreslått delt inni (Forskarutdanning [...], Ekstern finansiering, forskings etikk [...] og stabsfunksjonar).

Det var stragetisk å plassera FoUI, bibliotek og internasjonalisering under same leiar, dette bør ein utvikla betre i dei tre funksjonsplanen tilhøyrande prorektor for forskning. Det er etterlyst eit fokusert og samlande målbilde for rollene som ligger til prorektor for forskning. Det vert skrevet inn eit avsnitt i funksjonsplanen av prorektor for forskning som binder dei tre funksjonsplanen (forskning, internasjonalisering og bibliotek) saman.

Når det gjeld funksjonsplanen for FoUI meiner me at me hindra silo-tenking med å organiser oss på tvers av geografi og at alle tilsette kan vere del av fleire team. Det er kanskje ikkje komme tydleg fram at teama er ikkje einigar:. Teama skal sikre effektivitet og robusthet i tenestene og bidra til samarbeid i forskingsadministrasjonen, samtidig som dei gjev moglegheit til spesialisering, kompetanseutvikling og kunnskapsdeling. Nærleik til brukarar vil bli ivarettatt ved at teammedlemmar er lokalisert på ulike campus, kombinert med mellom anna bruk av digitale løysingar. Slik kan ein byggje eit samla administrativt fagmiljø som kan tene fakulteta på ein ressurseffektiv måte.

43. Har du øvrige innspel til funksjonsplan for forskingsadministrasjonen?

Avdeling for ingeniør- og naturfag (Stein Joar Hegland)

Den administrative støtten til økonomistyring av eksterne prosjekt er veldig viktig. Denne støtten må vera til stades på campus om vi skal kunne drifte prosjekt i den aktive kvardagen.

Dersom ein skal auka antal årsverk i forskingsadministrasjonen slik planen legg opp til så må det gjerast omprioriteringar i dagens administrative stab. HVL kan ikkje med krav om effektivisering i administrasjonen i statsbudsjettet ta dette frå andre stader. Det må vera opp til styret og ev. omprioritere dette frå utdanningsadministrasjon eller funksjonsfelt.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

Hovedinnvendingen mot dette forslaget til funksjonsplan er at den er i stor grad er skrevet av noen uten god kjennskap til fakultetene, og at dette bærer forslaget preg av. Generelt er det også vanskelig å svare denne høringen siden funksjonsplanene er så fragmenterte, og ikke gir et helhetsbilde av fellestjenestens oppgaver. Det er uheldig, og har ført til en «silo-tenkning» som er vanskelig for oss å forholde oss til.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

⁵ Obligatorisk utfylling.

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Savner at det pekes på grenseflaten mot utdanningsadministrasjonen, både felles utdanningsadministrasjon og fakultetenes utdanningsadministrasjon. Dette er viktig når det gjelder forholdet FOUI og utdanning, PhD-studiet; opptak og forholdene knyttet til 30 stp. studieplan.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

NTL (Tone Skjerdal)

Generelle innspel til funksjonsplanane

Felles for funksjonsplanane ser ut til å vera at stad, campus og nærregion er lite viktig. Dette strid mot ambisjonane, måla og profilane som er skildra i fusjonsavtalen frå mai 2016, der vidareutvikling av studiestadane for å betre ivareta regionrolla vert trekt fram som ein viktig ambisjon ved ein fleircampusinstitusjon. Det er forståeleg at campus og stad spelar ulik rolle i dei ulike funksjonsområda. Funksjonsplanane samla slik dei no framstår legg likevel alt for lite vekt på det stadlege perspektivet, noko som på sikt kan støtte opp om ei uynskt sentralisering av administrative tenester. Ei organisering som ikkje tek omsyn til stad kan òg potensielt bryta med leiingsprinsippa i fusjonsavtalen.

Det stadlege perspektivet er viktig i mange omsyn, ikkje berre knytt til utvikling av regionane og leiging. Særleg spelar stad ei viktig rolle for rekruttering, både til leiarstillingar (frå Fusjonsavtalen: «balanse med omsyn til kjønn og geografi i rekruttering til lear- og nestleiarstillingane»), til utvikling av studiestadar og rekruttering av studentar (frå Fusjonsavtalen: «studiestadar, fag og utdanningar skal kunne profilerast særskilt» og «skal leggje til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd på studiestadane») og dessutan rekruttering av tilsette (frå Fusjonsavtalen: «skal vere ein mangfaldig og spanande arbeidsplass som tiltrekkjer seg dyktige medarbeidarar med høg kompetanse»). Funksjonsplanane bør i større grad reflektera desse viktige prinsippa i avtalen som låg til grunn for fusjonen.

Leiarskap: Funksjonsplanane legg opp til ei styrking av institusjonsnivået. Funksjonsplanane burde ha like strukturar på første nivå – dette er òg understreka i fusjonsavtalen; «Høgskulen på Vestlandet skal ha gjennomgåande leiging og eins leiging på alle nivå». Meir ressursar til leiarnivået vil bety mindre ressursar til drift og utvikling nær både fagleg verksemd og aktivitet på studiestadane. I staden for dette bør ein freista å organisera verksemda slik at det vert meir ansvar og tillit nedover i organisasjonen, òg i den administrative organiseringa.

Funksjonsplanane er lite tydelege når det gjeld ansvarsdeling mellom fellesadministrative tenester og fakultetsvise tenester. Planane tek dessutan lite omsyn til den store skilnaden i storleik mellom dei nye fakulteta. Alt i alt er det vanskeleg å uttala seg konkret når kartet er så vagt.

Fleire stader er det nytta nemningar og skildringar av stillingar som ikkje samsvarar med dei som vert nytta i organisasjonen i dag, samstundes som det er få eksplisitte definisjonar i planane. Dette gjev eit uklart bilete av kva stillingar eller funksjonar ein snakkar om.

Ein må òg ta seg i vare for ikkje å byggja opp ein administrasjon som brukar mykje ressursar på å administrera seg sjølv. Dei administrative tenestene skal vera støttetjenester til kjerneaktiviteten ved HVL, som er utdanning, forskning og formidling. Dei administrative aktivitetane og funksjonane må difor utviklast og drivast i tett samhandling med desse aktivitetane og miljøa, og ikkje gå føre seg i separate einingar som fort kan få sin eigen agenda.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Meir sentralisering, som er gjennomgåande i framlegget som er ute til høyring, vil gje mindre ressursar til det forskingsadministrative arbeidet som burde gå føre seg tett på aktivitetane på fakultet- og instituttnivå. Forskingsadministrativ støtte til fakulteta tek i planen dessutan ikkje omsyn til storleiken på fakulteta, og eitt årsverk på kvart fakultet er knytt opp til eigne ph.d. studium. Dette gjev att eit årsverk per fakultet knytt til generell forskingsstøtte. Dette er ei underdimensjonering av støttetjenestene som trengst nær fagmiljøa. Det er heller ikkje teke omsyn til at ulike fagmiljø har ulike behov knytt til mellom anna kompetanseheving, noko som på sikt kan bidra til endå skeivare fordeling i kompetanse mellom ulike miljø ved høgskulen.

Eg syns leiarane i denne modellen har lite ansvar, skal ein ha personalansvar føl det naturleg at ein òg har ansvar for HMS til dømes. Det eg syns manglar er kvalitetsleiing og – sikring, arbeidsleiing, opplæringsansvar i høve til arbeidsutføring, kompetanseutvikling innan fagfeltet i seksjonen og tenesteutvikling i same.

Det kan bli vanskelig for leder å drive kvalitetsledelse og ha personalansvar for personer de ikke kjenner fra før og som i tillegg jobber på et helt annet fysisk sted. Det blir viktig å opparbeide gode relasjoner på tross av geografisk avstand.

Innlegg fra den som er uenig i funksjonsplanen:

- (30. Du svarte nei til at du støtter prosjektgruppa sitt forslag til organisering. Kva type organisering ser du som mulig, i høve til føringar i beslutningsvedtak frå rektor (27.10.17)?)
- Etter mitt syn vil ein ha den beste utnyttinga av personale og kompetanse ved å ha leiing av biblioteka basert på nærregion. Då kan ein lett utnytte ledig kapasitet og ein vil kunne utnytte alle i personalgruppa under eitt i travle periodar. Ved å ha ein leiar for heile bibliotekdrifta lokalt lettast ein avgjersleprosessar ved at færre er involvert. Ein får då følgd prinsippet om at avgjersler skal takast på lågast mogelege nivå i organisasjonen. Eg syns det er synd at prosjektgruppa ikkje såg nærare på Universitetet i Aarhus sin modell som ser ut til å forene lokal leiing med fagleg utviklingsansvar. Mitt forslag er 3 leiarar basert på nærregion og med følgjande faglege ansvarsområder: bibliotekutvikling og –drift (publikumstenester og informasjonsressursar i denne modellen), studiestøtte og forskingsstøtte.

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

7 av 9 svar er støtter ikkje forslaget til organisering, 2 av 9 støtter forslaget.

Det er ei svært stor uro og eit sterkt engasjement rundt organiseringa av biblioteket frå dei tilsette i Sogn og Fjordane, og dei fleste (men ikkje alle) ynskjer ei organisering der personalansvaret ligg til nærregionen.

Det er eit reelt alternativ å ha personalansvar i regionen, og teama på tvers. Dette kan vere særskilt viktig i publikumsnære tenester, og vil bevare mykje av det gode i dagens tre strukturar, og samtidig legge godt til rette for samarbeid og utvikling på tvers. Kanskje er ikkje tillitsbasert leiing på plass i tilstrekkeleg grad til at ein allereie no denne fasen kan flytte personalansvar for såpass mange tilsette langt vekk. Det er ikkje reflektert over om vi i tilstrekkeleg grad har reflektert nok over korleis vi skal drive god fjernleiing, kva mekansismar og støtte dei som skal vere fjernleiarar har rundt seg, og korleis terskelen for tilsette under ein personaleleiar skal bli liten for å ta kontakt med leiarar på andre studiestader.

Vi kan snu modellen, og la personalansvaret vere i nærregionen (kanskje 2 i Bergen), og så lage seksjonane som tverrfaglege team med teamleiarar. Både regionsleiarar og teamleiarar inngår i biblioteksdirektøren si leiargruppe, men alle desse treng ikkje å vere fulle stillingar (heller i prosentdelar av stilling tilpassa fagleg ansvar og tilsette ein har personalansvar for).

Oppsummering:

- Informasjonsflyten er viktig og må gå på tvers av funksjonsområde
- Leiar må ha ei teambasert tenking og «alle må med»
- Koordinatorrolla : Rolla må få leiaransvar. Ansvarsdelinga mellom koordinator og seksjonsleiar kan fort bli konfliktskapande.
- Fleire ynskjer lokal leiar på kvart bibliotek, evt region som i dag, og at funksjonane bør organiserast i team
- Det kjem til å bli svært utfordrande med personalansvar på tvers av campus

Utdrag frå nokre av innspela:

- Lederne i seksjonene vil måtte lære seg å ta med seg alle også de som lederen ikke ser på jobben hver dag. Lederen må tenke teambasert samarbeid og kunne jobbe godt sammen med alle koordinatorene. Informasjonsflyten må være klar og omfatter gjerne flere enn bare de som jobber i seksjonen ettersom nesten alt vi gjør berører forskjellige funksjoner

- Denne nye ordninga vil lage et behov for å ha såkalte koordinatore som skal sørge for at ALT går som skinner på hvert bibliotek. Uten lederansvar og uten klar styring med hva som skal være eller ikke skal være dere ansvar blir dette en Uriaspost. Dette punktet med ansvar uten lederansvar bør bli tatt opp.
- Med forslag til omorganiseringa kan det fort bli ei skeiv fordeling mellom plasskordinatorar og dei som leier seksjonene.
- Eg meiner det bør vera lokal leiar ved kvart bibliotek / evt region. I tillegg meiner eg dei bibliotektilsette kan vera organisert i team.
- Eg foreslår ei organisering med avdelingsleiar/ lokal leiar ved kvart bibliotek/ evt region og organisering i team som samsvarar med seksjonsinndelinga og gjerne fleire.
- Eg er usamd i at personalansvar skal ligge til seksjonsleiar. Eg meiner det vil bli ein uoversiktleg og fragmentert organisasjon lokalt. Her i Sogndal er vi 7-8 personar. Korleis skal ein ikkje stadleg leiar ivareta sine tilsette? Vi kan risikere at vi som kollegaer skal forholde oss til 4 leiarar.
- Det einskilte campusbibliotek må kunne fungere godt som ei samla eining. Dersom vi berre får ein plasskoordinator for å ivareta drift/ vaktplanar/ sørvis i høve til førstelinjetenesar - utan innflytelse i leiargruppa eller personal/ økonomiansvar - kan dette bli ein uriaspost som kjem i skvis mellom seksjonane.
- Avdelingsleiar/ lokal leiar ved kvart bibliotek/ evt region og organisering i team som samsvarar med seksjonsinndelinga og gjerne fleire.
- Ønsker en bibliotekdirektør på toppen og en en bibliotekleder ved hvert bibliotek evt. region med personalansvar
- Eg svara Nei til forslaget, men svaret er vel snarare eit TJA.

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

- Savner rapporteringslinje til fakultet.
- Totalt seks personer i biblioteksledelsen (prorektor for forskning ikke inkludert), noe som er mye med tanke på at biblioteket samlet har 43,5 årsverk.
- Når den som er ansvarlig for biblioteket har fire ledere under seg bør det være unødvendig med en fulltidsstilling som stabsfunksjon.

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹³:

Prosjektgruppa tek føringane i rektornotat av 23.01.18 til fylgje. Rektornotatet seier at det skal vera seksjonsleiarar på nivå 2, og einingsleiarar på nivå 3. Stillingskodane er det ikkje kome klare føringar for. Me beheld bibliotekdirektør til noko anna er bestemt. Føringane tilseier også funksjonsbasert leiing på tvers av regionar.

¹³ Obligatorisk utfylling.

Til innspel om rapportering til fakulteta: bibliotekdirektør rapporterer til prorektor for forskning. Det må diskuterast om det skal opprettast formelle møteplasser med fakulteta. Bibliotekutval har vore nemnt.

30. Har du innspel til forslag til einingar i biblioteket (ref. funksjonsplan s. 7-11)?

NTL (Tone Skjerdal)

Dei fire einingane som er føreslegne her er nesten identisk med det ein har i Bergen i dag. Det har vist seg vanskeleg å få til effektiv drift av heile biblioteket der, og noko skuldast at slike einingar på sett og vis blir det ein kallar silo. Dvs. at kvar leiar berre arbeider med sitt område og ikkje har syn for heilskapen ved bibliotekdrifta.

Biblioteket (Trude Færevaa)

Det er uklart hvor og hvordan det skal jobbes med web, sosiale medier, formidling, markedsføring og arrangement. Det er delt mellom publikumstjenester og informasjonsressurser, men ikke tydelig hva som gjør at noe hører hjemme et sted og noe på et annet. Dessuten er det et svært viktig område. På den ene siden bør mange være involvert i det, på den annen side krever det spesifikk kompetanse, og burde kanskje være løftet frem som et eget, større og viktigere arbeidsområde. Det er en fare for at det blir for fragmentarisk, når det er en blant mange oppgaver for både seksjoner og individer. Jeg mener akademisk skriving bør regnes med i potensialet for tjenestutvikling i seksjon for forskningsstøtte, og at det også bør satses på. I samme seksjon savner jeg kompetansebehov innen bibliometri/statistikk. Det er uklart hvor ansvaret for støtte og undervisning til PhD-kandidater/stipendiater skal ligge. De er en variert brukergruppe, men likevel har de noen felles trekk, og de er såpass viktige, ikke minst strategisk for HVL, at de burde løftes fram og nevnes spesielt som et ansvarsområde under forskningsstøtte.

Inndelinga i einingar er etter mitt syn ikkje god, og det er særleg ansvarsmynde eg er uroa for. Når leiarane kan vera plassert på kva campus som helst, uavhengig av kvar medarbeidarar er og utan ansvar for lokalt bibliotek, ser eg rett og slett ikkje poenget. Desse mellomleiarane skal ha budsjett og personal, men dei vil ikkje kjenne lokale behov frå verken brukarar av bibliotektenesta eller eige personale. Seksjonane for publikumstenester og informasjonsressursar har mange oppgåver som er best løyst gjennom gode rutiner i kvalitetssystemet, eg syns ein kunne slå desse seksjonane saman.

Jeg synes det ser ok ut. Lurt å styrke publikumstjenester, jfr. litt dårlige erfaringer fra Bergen der denne enheten har vært for liten

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Oppsummering:

- Problematiserer igjen plasskoordinator som ei rolle som bør ha leiaransvar
- Nokon meiner at publikumstenesta bør ta ansvar for fysisk samlingsutvikling
- Saknar ei eining med særleg fokus på digitalisering, ansvaret bør leggjast til seksjon for informasjonsressursar

- Publikumstenestene bør styrkast fagleg. Pedagogikk er viktig kompetanse som må med her. Nokre få meiner at Alma/Oria bør plasserast her.
- Namneendring som tidlegare nemnt

Utdrag frå nokre av innspela:

- Om det blir seksjon etter funksjon: Seksjon for forskningstenester, Seksjon for studie- og læringstenester, Seksjon for publikumstenester, Seksjon for informasjonsressurser.
- PLASSKOORDINATOR. Alt for mye ansvar å legge på en person. Er ikke dette en lederstilling? Og er det ikke altfor åpent med hva som er eller ikke er dennes ansvar. Her må det jobbes med klargjøring. Disse personene kan være det som får skipet til å rulle og gå.
- Har allereie svart på dette tidlegare. Eg ser føre meg at dersom einingane føreslegne i høyringa blir iverksatt, kan det fort bli eit både utvaska skilje mellom dei ulike gruppene, pluss at eininga for publikumstjenester og eininga for informasjonssressurser med fordel kan styrkast. Eg meiner vi bør la publikumstjenester ta ansvar for det fysiske biblioteket med samlingsutvikling av det fysiske materiale, utbetring av korleis bibliotekrommet ser ut med tanke på venthylla, dagslån, døgnåpne bibliotek. Saman med eit økt fokus på Alma/Oria då dette er nært knytt opp til publikumstjenester.
- Savner strekt ei eining som fokuserer på digitalisering og dra nytte av teknologien, på eit overordna plan. Då seksjon for informasjonsressurser likevel har eit fokus på det digitale biblioteket, er det på sin plass at dei får det økte fokuset på å nytte teknologien i biblioteket.
- Eg er usamd i at personalansvar skal ligge til seksjonsleiar. Eg meiner det vil bli ein uoversiktleg og fragmentert organisasjon lokalt. Her i Sogndal er vi 7-8 personar. Vi kan så risikere at vi som kollegaer skal forholde oss til 4 leiarar (I verste fall blir det ingen leiarar i Sogndal).
- Det einiskilde campusbibliotek må kunne fungere godt som ei samla eining. Dersom vi berre får ein plasskoordinator for å ivareta lokal drift/ vaktplanar/ sørvis i høve til førstelinjetenesta - utan innflytelse i leiargruppa eller personal/ økonomiansvar - er eg redd dette blir ein uriaspost som kjem i skvis mellom seksjonane.
- Seksjon for publikumstjenester treng meir fagleg tyngde. Framstår som fagleg svak, berre med "kontorfaglege" arbeidsoppgåver. Meir som ein ekspedisjon ... Dette er 1.linje der brukaren (på alle nivå) møter bibliotektenesta (med allt fagleg innhald). Her må ein verkeleg ha høg kompetanse og erfaring for å møte alle dei ulike behova på rett nivå.
- Alma/Oria må inn her også. Brukarar av systema må også jobbe med ansvar i lag med andre i team for forvaltning og drift av systema.
- Pedagogisk kompetanse må vere sjølvsgt! Manglar i planen s. 7. Kva meinast med 'Bistå' med undervisning og veiledning til studenter?
- Hvis det blir bestemt at bibliotekene skal deles inn i funksjonsområder, så ønsker jeg en navnendring på disse to funksjonsområder: "Seksjon for studiestøtte" kan f.eks. endres til "Seksjon for studie- og læringstenester" og "Seksjon for forskningsstøtte" kan f.eks. endres til "Seksjon for forskningstenester". Begrunnelse: Studiestøtte og Forskningsstøtte blir fort assosiert med økonomiske støtteordninger.

Dersom det vert 4 seksjonar:

- Seksjon for publikumstenester
- Seksjon for informasjonsressursar
- Seksjon for studie- og læringstenester
- Seksjon for forskningstenester

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹⁴:

Nokre moment er vorte svart på før, m.a. forslag til nye namn på einingane.

Det er ein del innspel på at nokre område ikkje vert ivareteke og ikkje er tydeleg plassert i seksjonar/ einingar. Men alle område er ikkje skildra og plassert i detalj. Noko må vente til nye leiarar er på plass. Og noko må delast på fleire seksjonar.

Til innspel om heilskapen ved bibliotekdrifta: det er presisert i funksjonsplanen at alle leiarane må ta felles ansvar for heilskapen.

31. Du svarte nei til at du støttar prosjektgruppa sitt forslag til organisering. Kva type organisering ser du som mulig, i høve til føringar i beslutningsvedtak frå rektor (27.10.17)?

NTL (Tone Skjerdal)

NTL les føringene frå rektor slik at ein kan velje leiing utifrå geografiske hensyn der det gjer best ressursutnytting. For bibliotek som drifter både lokaler og samlinger, samt har stor personalgruppe på dei fleste campus vil det gje best utnytting om ein har lokal leiar på campus. Då kan ein lett utnytte ledig kapasitet i personalgruppa og ein kan avlaste kvarandre i travle tider. Bibliotek som er serviceinstitusjoner er dessutan best der ein er tett på og med tilpassa tenester til lokale brukarar og deira lærings- og forskingsarbeid.

Vårt forslag er tre seksjoner med leiar som har ansvar for kvar sin nærregion og kvar sitt fagfelt. Bibliotekutvikling kan vera ein eigen seksjon, særleg med tanke på å modernisere tjenestene og ta inn element frå medskapning/co-creation som er viktig no som tenesteyting ikkje lenger er sendar-mottakar, men blir utført i fellesskap mellom ytar og mottakar.

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Oppsummering:

- Igjen, stor motstand mot føreliggjande plan:
- Dei fleste ynskjer lokal leiing og team på tvers
- Kritikkk av prosessen: for lite høve til medverknad frå dei bibliotektilsette
- Er forskning på leiarmodellar lagt til grunn for forlaget?
- Viktig kunnskap er at møteplassar er grunnlag for kunnskapsoverføring. Ein bør prøve ut hospitering som metode.

Nokre utdrag frå innspela:

- Mitt nei er ikke kategorisk, men det er det med arbeid funksjon og sted. Jeg er enig at vi må jobbe på tvers. Jeg mener dette kan gjøres i team og vi ikke trenger å være oppdelt som seksjon etter funksjon, men at vi bør være oppdelt etter region. Plasskoordinator er nødvendig i prosjektgruppa sitt forslag til organisering, men de har gjort dette er ikke veldig godt gjennomtenkt.

¹⁴ Obligatorisk utfylling.

- Så jeg er både enig og uenig med prosjektgruppa. Jeg stusser også over at høyringsutkastet ble laget uten at resten av bibliotekarene fikk sagt noe, men nå endelig kan vi si noe om saken. Gangen i hvordan organiseringshøyringa osv ble laget alt mye ovenfra og ned. Lederne har fått bestemme mesteparten og alt vi kan er å komme med kommentarer mens grunnen er allerede lagt til SÅNN BLIR DET.
- Lokal leiing og organisering av team på tvers.
- Jeg savner henvisning til forskning og til erfaringer gruppa har innhentet fra andre uh-institusjoner som har stått overfor lignende utfordringer. Vi vet jo at f.eks. HSN har valgt stedlig ledelse av bibliotekene – har deres erfaringer med denne modellen blitt skikkelig diskutert?
- Har andre, mer dynamiske ledelsesformer blitt diskutert? 'Shared leadership', 'collective leadership' – er dette ledelsesformer dere tenker å dra inn mer i organiseringen og ledelsen av eventuelle team? Teorier om 'communities of practice' og 'ba' (Nonaka innen Knowledge management) – disse teoriene ser bl.a. møteplasser for de ansatte og praksisfellesskap som helt avgjørende for å få til både kunnskapsoverføring, men også for i det hele tatt å utvikle gode idéer. Hvordan har gruppa tenkt rundt disse viktige faktorene, som jeg ser som enda mer utfordrende jo mer de digitale arbeidsformene griper om seg?
- Eg støttar at vi må organisere oss i faggrupper på tvers utan campustilhørigheit. Men eg meiner at dette kan gjerast i ulike team. Gjerne også med ad hoch-team (kortare perioder) og ev med sirkulasjon av personale for å auke dei tilsette sin kompetanse innan dei ulike arbeidsområda.
- Det er unødvendig å organisere dette etter seksjon etter funksjon.
- Administrativt og personalmessig bør tenesta vere organisert etter region.
- Samarbeid på tvers i team som er oppretta etter reelle behov heller enn funksjon og organisering etter region
- Som tidligere beskrevet - ønsker jeg meg en bibliotekdirektør + lokal bibliotekleder med personalansvar enten på hver campus eller pr region. Den faglige utviklingen skal gjøres av team på tvers.
- Har svart på dette under innspel til forslag om leiing. Svarte nei, men er usikker. Spesielt usikker i høve det med personalansvar.
- Meiner ei organisering må ta høgde for noko teamorganisering for å utnytta kompetansen som allereie finns på biblioteka.

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹⁵:

Nokre moment er svart på tidlegare.

Rektornotat av 13.01.2018 legg føringar for funksjonsbasert leiing på tvers av geografi

Til innspel om arbeidet med funksjonsplan:

avgjerda vert leiarstyrt og er ikkje demokratisk i forma. Men alle har fått høve til å uttale seg og å påverke. Organisasjonane har vore tett på prosessane som deltakarar i prosjektgruppene. Gruppa har under arbeidet henta inn både forskning og erfaringar frå

¹⁵ Obligatorisk utfylling.

andre institusjonar. Dette er ikkje skrive inn i funksjonsplanen. Både forskning og erfaringar viser at det er både negative og positive sider med funksjonsbasert leiing og fjernleiing.

32. Ser du noko som bør justerast i funksjonsplanen til biblioteket og evt kvifor?

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Nei

NTL (Tone Skjerdal)

Ein bør velje ei anna organisering enn dei fire seksjonane som er skissert her. I tillegg bør medarbeidarar ha lettare tilgang til eigen leiar og fleire moglegheiter for medbestemming.

Avdelingsadministrasjonen ved Avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Savnar diskusjon rundt plassering og/eller samordning rundt læringsressursar og digitalisering. Jfr funksjonsområde til senter for nye medier og IT/digitalisering.

Savnar diskusjon rundt samordning mellom publikumstenester i bibliotek og servicesenter/studentmottak/resepsjonstenester.

Biblioteket (Trude Færevaa)

Fokus: Det digitale biblioteket, systemer og tenester

I forslaget er IT- og teknisk kompetanse primært lagt til seksjon for informasjonsressursar, jamfør også ansvarsområdene som er lagt til seksjonen. Derimot er disse system lagt til annen seksjon: Leganto, Bolk, EndNote, Brage, Cristin

Vi meiner at dette er eit dårleg val, og at system som biblioteket har ansvar for bør vere samla i ein seksjon - seksjon for informasjonsressursar. For å kunne gje ein god brukaroppleving treng vi å ha system som arbeider i lag. For å få det til er det enklast og best om det blir gjort av dei personane med mest oversikt, kjennskap og forståing av det tekniske og digitale.

Vi vil difor løfte fram eit par punkt som viser på den betydinga.

Oversikt

Den store gevinsten med digitale løysingar er integrasjon mellom systema og kjennskap til korleis dei heng saman. For å kunne samkøyre må ein ha oversikt. At storparten av folk som driv med teknisk vedlikehald er i seksjonen for informasjonsressursar gjer det naturleg at dei har ansvar for desse.

Ein ansvarleg leiar

Å ha ein seksjon og leiar som har ansvaret for systema gjer det enklare for denne person å ta avgjersler, då den vil ha eit totalt bilete i og med at kunnskap og kjennskap til systema finst i seksjonen. Det vil òg vise at biblioteket forstår at systemet er viktig og heng saman.

Utvikling

Systema utviklar seg og nye oppdateringar kjem stadig vekk og system må bli vedlikehald. Vi ser ikkje for oss at ein person som er i ein seksjon som primært skal arbeide med rettleiing held tritt med denne utviklinga eller har tid og kompetansen for systema. Personen er mest sannsynleg i seksjonen

fordi den er pedagogisk flink til å rettleie og undervise og skal primært gje brukaropplæring i systema. Sjølvst, det finnes unntak der ein person har gode kunnskapar, men vi kan ikkje bygge vår organisasjon rundt unntak. Vi seier ikkje at personar ikkje har evne til å lære seg, men det blir meir ustabilt og sårbart når ansvar og vedlikehald ikkje ligg samla.

Framtida

Nye system og løysingar kjem stadig vekk. Når ansvar for system er lagt til ein seksjon så er det òg enklare å vite kven som skal sjå på nye system som kjem.

Systema blir òg meir integrert med kvarandre. Der vi tidlegare ikkje såg teikn til samarbeid er det no på veg inn. Til dømes er det no diskusjonar om avtalar og prismodellar på elektroniske abonnement og at det kan bli påverka av kor mange publikasjonar institusjonen har publisert Open Access. Det er ein potensiell ny linje mellom Cristin og Alma, og her må ein ha kjennskap til kva som skjer. Det siste året har vi byrja med Leganto, som i prinsipp er eit ExLibris og Alma-system på lik linje med Oria. Der kjennskap til Alma og Oria er ein stor fordel.

Ved fyrste augekast ser arbeidsområda ut å høyre naturleg heime der dei er plassert i funksjonsplanen. Seksjon for forskingsstøtte skal jo drive med forskning og Brage er system der OA-artiklar skal oppbevarast. Men det ein eigentleg gjer er å låse seg og miste det totale biletet. Brage skal òg bestå av studentoppgåver. Og det som er lagt i Brage er styrt av metadata som òg heng tett saman med Alma og Oria, og korleis saker der blir hausta.

Avslutningsvis, sjølv om ein snakkar med kvarandre og samarbeider på tvers av seksjonen så blir det uunngåeleg at ein mister det totale biletet når ikkje systema er samla. Med endringa vi foreslår vil det framleis vere naudsynt med mykje kontakt på tvers av seksjonen. Det er studie- og forskingsseksjonane som primært møter sluttbrukaren og har opplæring av dei. Det veit korleis brukaren opplever systemet. Ein person med data/teknisk forståing veit derimot korleis systema fungerer i ein større kontekst. For bibliotekets og for HVL sitt beste er det mest fordelaktig om desse kan møtast mitt på vegen, då begge har viktig kompetanse å bidra med.

Ein bør velja ei anna organisasjonsform, den som er skissert her lar seg ikkje drive effektivt

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Oppsummering:

- Plasskoordinatorrolla må presiserast
- Det er stor uro for at all leiarskap vert konsentrert i Bergen
- Kompetansekrav i leiarstillingar og seksjonar må gjerast tydeleg

Nokre utdrag frå innspela:

- Plasskoordinator-rollen må presiseres. Denne nye ordninga lager et behov for å ha såkalte koordinatorer som skal sørge for at ALT går som skinner på hvert bibliotek. Uten lederansvar og uten klar styring med hva som skal være eller ikke skal være dere ansvar blir dette en Uriaspost. Dette punktet med ansvar uten lederansvar bør bli tatt opp.
- Eg ønsker meg ei justering i forhold til leiinga. Slik det ser ut no, trur eg plasskordinatorane får ei særst vanskeleg rolle kor deira funksjon ikkje er godt nok definert. Kva betydning vil deira arbeid ha å seie? Dersom det kjem eit forslag frå ein av seksjonane som ikkje let seg gjennomføre på ein eller to campuser, kor stor innflytelse vil plasskordinatorane kunne ha?
- Med faglig ledelse er det en fare for opphopning av ledere på enkelte avdelinger. Det ville være svært uheldig om 1 campus ender opp med mesteparten av ledelsesressursene. Det er av udiskutabel viktighet at HVL sørger for at det blir en viss geografisk fordeling av lederne i regionene. Én måte å gjøre dette på kan være å si at f.eks. maks 50 eller maks 60% av ledelsesressursene kan være knyttet til samme studiested. Videre kan det hende at det

relativt sett kan være flere ledere fra de mindre avdelingene i eventuelle team som blir opprettet.

- På de største avdelingene vil det være lettere for den enkelte å få til en faglig fordypning enn på de mindre avdelingene, der mer av arbeidstiden vil gå med i seksjon for publikumstjenester. De ulike campusbibliotekene må dimensjoneres slik at alle ansatte opplever en god balanse mellom arbeid i publikumsnære tjenester og arbeid med muligheter for faglig fordypning. Også her er det avgjørende at HVL har noen forebyggende og kompenserende tiltak. Ett virkemiddel er å være helt klar på at absolutt alle skal ha en viss mengde økter i tilknytning til utlån/skranke. Dette både for å sørge for at alle som jobber i seksjonene, får førstehåndskunnskap om hvilke behov brukerne har på ulike områder, samt at brukerne for en stor del er sikret godt kvalifisert personale i førstelinjetjenesten.
- Det er uklart korleis årsverka på tvers av forslaga til seksjon vil fungere.
- Alle skal jo ha skranketeneste.
- Og mange skal vere kontaktbibliotekar med undervisning , samlingsutvikling, dvs. fagleg vedlikehald av boksamlinga - ikkje skjølve innkjøpsbiten +kat. og klass.
- IT-problematikken som er på de campus som ikke har IT-personer nær biblioteket. Etter undersøkelse viser det seg at 25% av spørsmålene som bibliotekarene får i skranken er it-relaterte spørsmål. Campus uten IT-personale plassert i nær tilknytning ønsker seg it-folk i umiddelbar nærhet.
- IT-støtte i biblioteket må på ein eller annan måte med. IT-kompetanse må finnast nær eller i biblioteka. Me får svært mange IT-relaterte spørsmål og brukar mykje tid på å hjelpe og også dersom me ikkje kan hjelpe, mykje tid på å få kontakt med IT, skaffe hjelp.
- Dette er veldig ulikt pr i dag i dei forskjellige biblioteka, nokon har IT sitjande i biblioteket. Enhet for IT og drift (Idar Flemmen)

Seksjon for publikumstjenester:

Drifts- og IT-tjenesten ser det som positivt at biblioteket ønsker å gi tilgang til IT- og teknisk kompetanse og støtte, og ser fram til et fortsatt godt og gjensidig utfyllende samarbeid.

Vi merker oss flere høringsinnspill som går på verdien av samlokalisering av bibliotek og IT.

[Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag \(Johanne Trovåg\)](#)

I større grad synliggjøre relasjonen til faktultet og institutt.

Seksjonslederen for biblioteket må være en nivå 3-leder, ikke nivå 2. Per nå er det 16 administrative ledere og fire dekaner på nivå 2, noe som bør endres i tråd med fusjonsplattformens prinsipper.

Hvordan denne organiseringen ser ut for bibliotekene på de ulike campus kommer ikke frem i dokumentet, og gjør det vanskelig å se hvordan studenter og fagansatte lokalt er ivaretatt.

[Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹⁶:](#)

[Nokre moment er svart på tidlegare.](#)

[Til innspel om medbestemming:](#)

[vi må absolutt ha system for medbestemming](#)

¹⁶ Obligatorisk utfylling.

Til innspel om informasjonsflyt:
dette er teke med under utfordringsbiletet for leiinga.

Til innspel om digitale system:
vi legg hovudansvar for digitale system under informasjonsressursar. Men gruppa meiner at enkeltssystem må liggje i einingane som skal arbeide med tenester knytt til systema.

Til innspel om samarbeid med IT:
samlokalisering er ikkje mulig på alle campus.

33. Er det arbeidsområde som ikkje er teke vare på i denne funksjonsplanen?

NTL (Tone Skjerdal)

Kommunikasjon er eit slikt arbeidsområde. I funksjonsplanen nemner ein berre marknadsføring, men moderne marknadsføring er ikkje berre reklame for innkjøpt materiale til biblioteket slik det ser ut til her. Dessutan bør ansvaret for kommunisering med brukarane vera ein naturleg del av drifta for alle ledd i bibliotekorganisasjonen.

Biblioteket (Trude Færevaaag)

Ja, jeg er bekymret for formidlingsarbeidet som, slik det nå er satt opp, forsvinner litt i både publikumstjenestene og informasjonsressursene. Dette er et altfor viktig arbeid til at det bare skal være en underdel av andre seksjoner. (Web og markedsføring under IR, og arr., utstillinger og formidling under PT). Dette gjelder i stor grad også arbeid med sosiale medier, som jo bare blir en stadig større del av det viktige formidlingsarbeidet. Dette er tidkrevende arbeid som per i dag blir nedprioritert og satt til de delene av dagen da du ellers har ledig kalender og det blir heller ikke stilt spørsmål ved kompetansen til personene som jobber med det. Kommunikasjon /formidling/sosiale medier burde kanskje enten bli egen seksjon, eller så bør formidlingsarbeidet ligge til alle seksjonsledere som så må delegere ansvar.

Jeg er usikker på om kommunikasjon, markedsføring og formidling er godt nok tatt vare på, se tidligere kommentar om det. Det gjelder både markedsføring og formidling av bibliotekets egne ressurser og tjenester, og andre typer formidling vi driver med, for eksempel som en del av, eller i hvert fall nært relatert til, forskningsstøtte. Jeg mener det er på høy tid å tenke nøye gjennom hva slags rolle vi skal ha i forskningsformidling, og treffe et radikalt valg - enten skal vi satse på det, og gjøre det ordentlig, eller så kan vi overlate det til noen andre.

Kommunikasjon og tenesteutvikling, særleg med vekt på moderne tensteforståing der ein legg vekt på samskaping gjerne gjennom aktive og utforskande metoder som service design.

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Oppsummering:

- It-baserte arbeidsoppgåver mot studentane i biblioteket, som er it-avdelinga sitt ansvar, er ikkje trekt fram. Å få til godt samarbeid mellom it og bibliotek er viktig.
- Andre arbeidsområde som manglar er ansvar for sosiale medie, digitalisering, publisering av studentoppgåver, chat, e-læring

Nokre utdrag:

- Det som kommer til å fortsette å være et arbeid er alt det som bare IT kan få til, men det vi som bibliotekarere får spørsmålene. Fordi Sogndal/Førde sin IT-avdeling sitter lagt og vanskelig til og fordi vi er de eneste som ikke for IT til å sitte i biblioteket hos oss. Så får vi stadig spørsmål på småplukk og større ting som bare IT kan gjøre noe med,
- Ja, arbeidsområdet som er mer IT sitt felt. Eg savner ei betre skildring med samarbeidet mot IT, kan dei innlemmast i bibliotekrommet?
- Sosiale medier er ikke plassert inn i tabellene for noen av seksjonene.
- Digitalisering:
 - Ulike begreper som kan relateres til dette området, er nevnt på alle seksjonene:
 - Seksjon for publikumstjenester: Digitale kommunikasjonskanaler, chat
 - Seksjon for informasjonsressurser: Web, Digitalisering
 - Seksjon for studiestøtte: Digitale læringsformer må tas i bruk, digital kompetanse, e-læring, digitale plattformer
 - Seksjon for forskningsstøtte: E-læring
 - Det kan virke som det er behov for en gjennomgang av begrepsbruken. Digitale verktøy gjennomsyrrer vel de aller fleste arbeidsoppgavene i biblioteket og griper derfor sterkt inn i alle seksjonene. Kan hende er det relevant å sammenligne med grunnskolen, der det er lagt inn mål om digital kompetanse innenfor alle fag istedenfor at det opptrer isolert som et eget fag. Det som imidlertid er viktig, er at noen i biblioteket har et hovedansvar for å jobbe med utvikling av digitale tjenester på et overordnet nivå. Savner derfor plassering av digitalisering som et overordnet ansvarsområde, et ansvar som må inkludere å være tett på andre enheter i HVL, som IT og Digitaliseringsprosjektet.
- Publisering av studentoppgaver:
 - Dette området er ikke plassert i tabellen over ansvarsområder i noen seksjon. Brage er nevnt under Seksjon for forskningsstøtte, men arbeidsområdet publisering av studentoppgaver er ikke nevnt. Dette arbeidsområdet har vel strengt tatt ikke med forskningsstøtte å gjøre? Arbeidsområdet er i utvikling og ganske krevende, og ikke minst krever det tett samarbeid med studieadministrative tjenester/eksamenskontor/instituttadministrasjon, og i denne funksjonsplanen er det ikke tegnet inn samarbeidspiler mellom Seksjon for forskningsstøtte og studieadministrasjon.
- Se også spm 3, Kommentarer til Seksjon for forskningsstøtte om mangelfull beskrivelse av OA-feltet
- Kontaktbibliotekar i Sogndal manglar for institutt for Naturfag under FIN.
- Mange arbeidsområder kom ikke med i kartlegginga av dei tilsette sine arbeidsområder.
- T.d eigen administrasjon, e-post, uformell kollegaretting, uformelle og ikke planlagde møter og samtaler (taus kunnskap), oppdatering av ulike program, hjelp av IT....mm er som regel mindre enn 10 % av stillinga og vart ikke synleggjort i undersøkinga. Korleis skal vi få tid til alt? Smått og stort som tilsammen utgjør mykje! Då vert det 'sprekk' i forslaget med årsverk.
- Me må vidareføre og gjerne styrke kontaktbibliotekarordninga! Kontaktbibliotekaren må vere lokal, men kan ha stort utbytte av samarbeid med kontaktbibliotekarar i andre nærregionar.
- IT-problematikken som nevnt i forrige svar.
- IT støtte i alle bibliotek!

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹⁷:

Nokre moment er svart på tidlegare.

Til innspel om kommunikasjon:

det står i utfordringsbilete for publikumstenesta: « (...) *må det satses på nye digitale kommunikasjonskanalar mellom biblioteket og dets brukere (...)*».

Kontaktbibliotekarordninga vil også sørge for kommunikasjon med brukarane. Ny tenesteutvikling må byggje på kommunikasjon med brukarane. Dette er noko leiinga må jobbe med.

Sogndal manglar under FIN på kartet: det skal rettast opp.

Til innspel om kompetanse på marknadsføring og formidling: det må takast med i bemanningsplanen.

Til innspel om at Brage er plassert under forskingsstøtte: gruppa diskuterte innspelet. Brage vert liggjande i forskingsstøtte sidan det er sterkt knytt til Open Access-arbeidet.

Til innspel om sosiale media: hovudansvar ligg i publikumstenesta sidan det dreier seg om kommunikasjon med brukarane.

Til innspel om OA-feltet: er nemnt under forskingsstøtte. Vi skal ikkje gå i detalj i funksjonsplanen.

34. Kva tenkjer du er det viktigaste for å få til god leiing av biblioteket?

NTL (Tone Skjerdal)

Lokal leiing slik at ein best nyttar ressursane og lett kan ta og iverksette avgjerder. Unngå overlappende ansvarsområder, mellom anna står e-læring under to seksjonar i dette utkastet. Kven har då eigentleg ansvaret?

Biblioteket (Trude Færevaa)

Forskningskompetanse i ledergruppe, åpen dialog og god delegering.

Sterke, tydelige ledere, med vilje og evne til å gjennomføre endringer. Lederne bør også ha innsikt i og interesse for det faglige innholdet i hverdagen og arbeidsoppgavene til medarbeiderne, slik at de kan initiere og drive fram faglig utvikling. Inkludering er også viktig.

At eit får til fysiske møte i dei einingane ein sit i, og at det er lett å kommuniserer med leiaren ein har, og at det ikkje blir for langt opp til toppen. Dessutan at leiinga høyrer på innspel frå dei som sit i dei faglige einingane og tar desse med seg vidare opp til dei aktuelle organane.

Tydlege kommandolinjer, noko eg ikkje syns denne modellen har.

¹⁷ Obligatorisk utfylling.

Bibliotekdirektør: må ha gode lederegenskaper og ledererfaring. Gode relasjoner oppover og nedover blir viktig. Og fint med en direktør som har tydelige visjoner og mål for bibliotek tjenesten. Seksjonsleder må ha gode relasjoner til de som jobber i seksjonen. De ansatte må være villig til å tenke nytt og tenke hva som er best. Ikke tenke at vi vil ha det slik som vi har hatt det til nå.

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Oppsummering:

- Inkludering, teambasert samarbeid er viktig del av leiing
- God kommunikasjon må til
- Kommunikasjon og informasjonsflyt: alle må få den same informasjonen!
- Retttferd i høve løn er også viktig
- Det må vera like mulegheiter for kompetanseutvikling og kurs
- Godt samarbeid leiarane i mellom og mellom plasskoordinatorar og leiing
- Likeverdig behandling i høve økonomiske ressursar
- Balanse mellom geografisk leiing og fagleg leiing
- Tiltak som stimulerer fellesskapstenkinga bør prioriterast.

Utdrag:

- Lederne i seksjonene vil måtte lære seg å ta med seg alle også de som lederen ikke ser på jobben hver dag. Lederen må tenke teambasert samarbeid og kunne jobbe godt sammen med alle koordinatorene. Informasjonsflyten må være klar og omfatter gjerne flere enn bare de som jobber i seksjonen ettersom nesten alt vi gjør touches forskjellige funksjoner.
- Utfordringen er dette med at mange vil komme til å ha en 'fjern' leder. «Kompenserende tiltak» ble nevnt på et allmøte for å bøte på disse tingene – hva tenker ledelsen på som kompenserende tiltak?
- Det er svært utfordrende å være leder for noen man ikke ser/kjenner. Her kommer også lønnsforhold inn, det er en vanlig oppfatning at jo nærmere man sitter leder, jo lettere er det å få høyere lønn.
- Kommunikasjon og informasjonsflyt blir utrolig viktig. Informasjonsflyten må omfatte ikke bare de som jobber i seksjonen, siden svært mye av det vi gjør touches flere funksjoner.
- Jeg opplever at det er en del momenter i utkastet som med fordel kunne vært begrunnet eller forklart noe mer, f.eks – på side 5 Om organisasjonsmodellen:
 - Dere vil utvikle god kunnskapsledelse – vil gjerne at dere utdyper hvordan dere tenker å jobbe med dette
 - «Ved å ha fire seksjonsleiarar på nivå 3 med personalansvar og fagleg ansvar, vil leiarane vera tett på funksjonsområdet og dei bibliotektilsette» - hva mener dere med dette? Jfr synspunkter over om dette med nær eller fjern ledelse – på hvilken måte mener dere at funksjonsdeling gjør at lederne er tett på de tilsette? Videre skriver dere at dette vil føre til effektivisering, strategisk utvikling og leiing – savner en grunngiving for dette? Hvordan/hvorfor mener dere dette er konsekvenser av en funksjonsorganisering? Dere skriver videre at modellene er oversiktlig og fleksibel – på hvilken måte mener dere at den er fleksibel? Er tanken f.eks. at ansatte kan ønske seg over i andre seksjoner på en enkel måte? Dere skriver videre at «Samarbeid og kommunikasjon på tvers av seksjonar er avgjerande for eit godt resultat og for opplevinga av eit godt bibliotektilbod», men dere skriver ingenting om hvordan dere tenker å få til dette?
 - Oppsummert bærer side 5 preg av å inneholde en del påstander/ønsker som ikke er begrunnet i fakta eller erfaringer fra andre eller forskning.

- Det er avgjørende at alle har gode og like muligheter for faglig utvikling gjennom daglig arbeid og gjennom ekstern kompetanseheving og kurs. Like muligheter for reiser/konferanser.
- Leiarane må vere tett på dei tilsette. Fjernleiing vert fort ei formell form for leiing basert på rapportering..
- Skal vi bruke meir tid på rapportering i den nye organiseriga?
- Leiing som framhevar mestring er verdifullt!
- Dersom det blir som skissert i funksjonsplanen er det viktig med tydelege føringar for kven som tek ansvar for kva kven tek ein kontakt med for å klaregjere det ein eller det andre.
- Viktig også at leiaren er bevisst på å heile tida ta med dei som ikkje er fysisk plassert på same bibliotek. Det må bli ein del reising og skyping. Viktig å få til uformelle møte.
- Leiarar seg i mellom og plasskoordinatorar må også samarbeide godt.
- Forståelse og innsikt i den enkelte sin arbeids hverdag/arbeidspress og god informasjonsflyt. At bibliotekene blir behandlet likeverdig i forhold til økonomiske ressurser (budsjett etter antall studenter og fagområder) og andre vilkår.
- At bibliotekarene får like muligheter for reiser/konferanser

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹⁸:

Her er mykje understreking av det som allereie står i planen. Innspela vil bli teke med i vidare arbeid. Organisering av arbeidet, møteplasser, fordeling av ressursar etc. vil bli ein jobb for leiinga og einingane. Brukarane sine behov er avgjerande.

Til innspel om overlappande ansvarsområde: dette vil bli klarare definert når organisasjonen kjem på plass. Nokon er eigentleg ikkje overlappande, slik gruppa ser det, men retta mot ulike brukargrupper, eks. e-læring. Nokre oppgåver må også løysast i fellesskap.

35. Kva behov ser du for team på tvers av seksjonane?

Biblioteket (Trude Færevaa)

Dessverre stort hvis vi ser for oss foreslått funksjonsplan, særlig med tanke på formidlingsarbeid (jf sp.mål over)

Selvfølgelig må vi samarbeide på tvers når arbeidsoppgavene krever det, og målet må nettopp være at det er oppgavene som skal løses som bestemmer hvilke team vi har, ikke hvem vi har lyst til å jobbe med. Jeg er generelt bekymret for at det blir for mange nesten like team, med stor grad av overlapp mellom folk og oppgaver, som det har vært nå i fusjonsprosessen, hvor det er vanskelig å holde oversikt. Det er en fare med grupper at saker havner på feil sted, og de som har greie på og burde engasjere seg i ting og diskusjoner ikke får vite om dem, fordi de ikke sitter i riktig gruppe. Alternativt, at folk ikke bryr seg eller tar ansvar for det de burde, og/eller er best kvalifisert for, fordi saken sorterer under eller havner hos en-eller-annen annen gruppes mandat eller område. Derfor

¹⁸ Obligatorisk utfylling.

bør grupper ikke være for mange eller faste, men avgrenset til bestemte oppgaver, og lederne må følge nøye med på og opp gruppenes arbeid.

Jeg tror ikke det er hensiktsmessig å skulle si mye konkret om team her og nå, det blir vel opp til seksjonsledere å organisere dem, forhåpentligvis i tett dialog med de medarbeiderne som er aktuelle å ha med fra gang til gang?

Eg er skeptisk til faste team på tvers, sjølv om eg ser at ein kan ha behov for koordinering høve til studiestøtte og forskingsstøtte til fakulteta. Det kan fort bli tidstjuveri med deltaking i fleire team som alle har faste møter.

I den organiseringen som er lagt i skissen, bør det være et team på tvers for markedsføring og formidling. EndNote bør ha et team på tvers (geografisk). Samlingsutvikling/fagansvar bør ha et team på tvers.

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Oppsummering:

- Det bør vera eit ALMA/Oria-team på tvera av seksjon for informasjonsressursar og team for publikumstenester
- Team kan være et virkemiddel ledelsen tar i bruk for å skape muligheter for engasjement og idéskaping, for delaktighet. Kanskje et kompenserende tiltak for en ledelse som for de fleste av oss ikke vil være til stede i det daglige?
- Viktige team som bør opprettast:
 - Team med IT
 - Team med forskningsadministrasjonen
 - Team med studieavdelingen
- Fleire enn 4 grovinndelte seksjonar i biblioteket.
- For publikumstenestene bør det vere eige Alma-team, chat-team, læringsmiljø-team, arrangement- og sosiale media-team, kontakt med IT-team....
- Ein ynskjer heller team enn funksjonsområde. Det vil vera meir fleksibelt!

Utdrag:

- Når det gjelder ALMA/Oria som må dette arbeidet også føre til team på tvers for å få bra flyt av arbeidet. Det kommer stadig til å være bruk for team etterhvert som tida går og flere nye funksjoner o.l. kommer
- Eg tenkjer vi godt kan ha utbytte av team på tvers av seksjonane der eit arbeidsoppgåve går over to eller fleire seksjoner. Feks læringsmiljøet og Alma.
- Team kan være et virkemiddel ledelsen tar i bruk for å skape muligheter for engasjement og idéskaping, for delaktighet. Kanskje et kompenserende tiltak for en ledelse som for de fleste av oss ikke vil være til stede i det daglige?
 - Team med IT
 - Team med forskningsadministrasjonen
 - Team med studieavdelingen
- Fleire enn 4 grovinndelte seksjonar.
- T d. for publikumstenestene bør det vere eige Alma-team, chat-team, læringsmiljø-team, arrangement- og sosiale media-team, kontakt med IT-team....
- stort behov! Heller team enn funksjonsområde. meir fleksibelt!
- Som nevnt ønsker jeg meg teamledere i stedet for seksjonsledere. Flere mindre team på tvers har jeg stor tro på. To the point.
- Fleire av teama frå OU-prosessen kan vidareførast. Ikkje nødvendigvis med dei same personane men med nokon av dei same temaene.

- Td. Alma/Oria, Open Access, Undervisning, Vevsider, Sosiale Media m.m

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹⁹:

Vi føyer til under «Om organisasjonsmodellen»:

Det vil vera behov for å opprette fleire team i einingane og på tvers av einingane. Teama må opprettast for å løyse oppgåver og kan i mange tilfelle vera målstyrte og tidsavgrensa. Dette må kome på plass etter kvart.

Innspela om ulike team er samla og vil takast med i det vidare arbeidet.

36. Kommenterar til samarbeid og felles kulturbygging internt i HVL-biblioteket?

Biblioteket (Trude Færevaa)

For å få ein felles kultur er det viktig at ein i den første tida etter at omorganiseringa har hyppige møter der ein møtes fysisk, slik at ein blir kjent med kvarandre og får betre kjennskap til og forståelse for dei utfordringane ein har på dei enkelte campusbiblioteka. Det blir ei utfordring å ivareta samarbeid/arbeidsmiljø i seksjonane når ein er spreidd geografisk, samstundes som samarbeidet/arbeidsmiljøet på campusbiblioteka (altså på tvers av seksjonane) også må ivaretakast. Dette bør ein tenka grundig over. Det er i alle høve viktig at det ikkje er for sterke skott mellom seksjonane, slik at det vanskeleggjer samarbeidet lokalt. Eg syns også at sjølv om det er viktig med felles kulturbygging, så må det også vera rom for at det er forskjellar på biblioteka, bl.a. i forhold til størrelse. Ein bør prøva å ivareta dei fordelane det gir å vera eit lite bibliotek, og omvendt.

Eg håpar ein legg opp til faste årlege treff for bibliotekenesta slik at ein kan bli kjent på tvers av campus.

Høgskulen har etterkvart skaffa seg gode samarbeidsverktøy på nett, men for å ha god kjemi i samarbeidsprosjekt på tvers av campus bør ein òg ta seg tid og råd til å treffast, særleg i startfasen.

Vi må, som nevnt, være villige til å tenke nytt og dele erfaringer med hverandre.

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Oppsummering:

- Ein må få høve til å møtast fysisk både for å byggje sosialt og fagleg fellesskap.
- Andre fellesskapsfremjande saker:
- Felles profileringsmateriell
- Bevisst bruk av / felles sosiale medier
- Ensartede stillingstitler/stillingskoder
- God intern formidling av personalsaker, presentasjon av nytilsette
- Sosiale fellestiltak
- Likeverdige budsjett
- Likeverdige muligheter for kompetanseutvikling / reiser / konferanser

Utdrag:

¹⁹ Obligatorisk utfylling.

- Om det blir bare team eller seksjon på tvers av regionene så kommer dette etterhvert til å føre til mer samarbeid og felles kulturbygging internt i HVL-biblioteket. Dette er også er lederansvar som må tas på alvor. Jeg ser for meg fellesturer hvor vi alle er tilstede og for snakket direkte ansikt til ansikt. Det koster penger, men fører til god felleskultur. Disse turene er selvsagt faglige turer med sosialt fellesskap etter faglige diskusjoner.
- Vi trenger eit økt samarbeid med IT og senter for nye medier for å løyse våre arbeidsmetoder betre.
- Felles profileringsmateriell
- Bevisst bruk av / felles sosiale medier
- Ensartede stillingstitler/stillingskoder
- God intern formidling av personalsaker, presentasjon av nytilsette
- Sosiale fellestiltak
- Likeverdige budsjett
- Likeverdige muligheter for kompetanseutvikling / reiser / konferanser
- Vi må ha mange felles møter for å bli kjende og for at forskjellane mellom dei ulike campusbiblioteka skal bli minst mogleg.
- Gjerne hospiteringsordningar mellom campus. Det bør vere instruksar for dei ulike ansvarsområda. Mykje er gjort i kartleggingsprogrammet felles praksis. Men dette må vidareførast og vedlikehaldast!
- Få til uformelle møte!! Skape ein arena for å snakke saman om det faglege utan at det er noko som hastar/eit viktig skypemøte/ein møteplan som skal følgjast osv.
- Viktig å skape et godt fellesskap og en vi-følelse i bibliotekene ved hjelp av ikke bare Skypemøter men også fysiske personalsamlinger.
- Felles møtepunkt er viktig, også fysisk. Få fram samkjensle, framstå som eitt bibliotek innad og utad. Alle skal ha medbestemmelse/innverknad uavhengig av storleik.
- Dette er alle sitt ansvar, men eg tenkjer at leiargruppa med bibliotekdirektøren i spissen vil ha eit særskilt ansvar her.
- Kunnskapsdeling mellom bibliotekarane, gode samarbeidsprosjekt, felles turar, faglege og sosiale treff.
- Fellesskap når det gjeld sosiale media, facebook, instagram, snap, twitter, blogg osv.
- Satsa på felles marknadsføring, felles profilering og felles matriell av høg kvalitet.

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²⁰:

Her er mange gode innspel som kan takast med i det vidare arbeidet. Det blir opp til ny organisasjon å gjennomføre tiltak.

37. Andre kommentarar?

Biblioteket (Trude Færevaag)

Seksjon for publikumstjenester:

Her er eg litt redd for at det er for få årsverk i forhold til alle dei funksjonane/arbeidsoppgåvene som ligg under denne seksjonen. Det bør difor tydeleggjerast at ein her må ha hjelp frå andre seksjonar.

Plasskoordinatorstillingane utgjer over halvparten av årsverka i seksjonen, så her er det viktig at ein får inn folk med den riktige kompetansen. I Biblioteket Bergen har vi erfart at IT-kompetanse er svært

²⁰ Obligatorisk utfylling.

viktig for å kunna utnytta funksjonane i Fulfillment modulen i Alma til fulle. Dette syns eg ikkje kjem tydeleg nok fram i funksjonsplanen. Difor meiner eg at Alma – Fulfillment modulen bør stå som eit eige ansvarsområde under PT.

Hovudkjensla mi for denne funksjonsplanen er at ein har mista heilskapen ved bibliotekdrift av syne. Ein ha gløymd at heilheita alltid er meir enn summen av delane. Bibliotek er serviceinstitusjonar og driv ikkje med administrativ verksemd, det er ingen lover, forskrifter eller eksterne regelverk som biblioteket må svare i høve til.

Eg ser behovet for fagleg utvikling og skjønar ønsket om å satsa på fagleg utvikling, det blir diverre ikkje effektiv bibliotekdrift av det slik det er sett opp her. Ein må ha tydelege kommandolinjer og tydeleg ansvarsfordeling. HVL som institusjon er langt større enn funksjonspartane var tidlegare, og eg syns leiarar skal ha større ansvar og fleire oppgåver i denne organisasjonen enn dei hadde tidlegare.

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Oppsummering:

- det vert fokusert på den viktige it-delen av bibliotekarbeidet og at it bør vera tilgjengeleg i biblioteka ... for studentane sin del. Bibliotekarane må bruke for mykje av tida si på it-relaterte spørsmål.
- Det er behov for å klargjera plasskoordinatorane si rolle.
- Kompetanse krava til dei ulike seksjonaneleiarane med stad bør klargjerast.
- Prosessen har gått alt for fort. Dei bibliotektilsette har ikkje fått nok tid til refleksjon rundt funksjonsplanen slik den ligg føre. Ekstremt hastverksarbeid som ikkje fremmar tillit.. Leiinga har arbeidd alt for isolert med saka.
- Det vert også kritisert at forfattarane av høyringsutkastet også skal samanfatte høyringsinnspela.
- God service til brukarane er overordna mykje anna arbeid i biblioteket.
- Kartleggingseskjemaet omfatta på langt nær alle arbeidsområde til den enkelte.

Utdrag:

- IT bør være mer tilgjengelig. Mer og mer av biblioteksarbeidet er avhengig av IT. Brukerene våre er i samme situasjon.
 - Plasskoordinatorrollen: Her mangler det mye klargjøring av roller og ansvar. Og er dette en stilling man kan søke på, eller en funksjon noen blir bedt om å ta på seg? Er det kun de som blir plassert i Publikumstjenester som kan få en slik stilling? Dette bør absolutt avklares og kommuniseres ut til alle tilsette før vi går videre med innplassering.
 - Det står i prinsippene for leiarstruktur at administrasjonsfaglige koordineringsfunksjoner vert oppretta ved behov – betyr dette at det når som helst kan bli enda flere nivåer innenfor biblioteket og at det kan bli flere mulige stillinger å søke på?
- Om kompetansekravene i tabellene for de ulike seksjonene:
 - «Grunnleggende IT-kompetanse og teknisk kompetanse» går igjen i alle tabellene – hva tenker dere på med Teknisk kompetanse?
- -Seksjon for studiestøtte har som kompetansebehov 'Akademisk kompetanse på masternivå' og Seksjon for forskningsstøtte har som behov akademisk kompetanse på phd-nivå. For de to første seksjonene er det ikke spesifisert slike krav. Jeg synes dette er pussig og uheldig. Jeg mener man bør sørge for at alle seksjonene i biblioteket har tilstrekkelig akademisk

kompetanse til å møte brukere på alle nivå. Det kan se ut som gruppa mener at det er mindre krevende å være tilknyttet de to første seksjonene, dette kan jeg ikke støtte.

- For lederstillingene er det ikke nevnt noen særskilte krav til akademisk kompetanse?
- Til prosessen: Jeg opplever at det ble altfor kort tid til å reflektere over denne funksjonsplanen for oss på golvet. Vi opplever at ledelsen har jobbet veldig isolert med dette, og det har ikke vært lagt opp til å diskutere dette i verken formelle eller uformelle sammenhenger. Når så utkastet endelig kommer, blir det plutselig et ekstremt hastverksarbeid.
- Synes også det er litt pussig at forfatter av høringsutkastet skal sammenfatte høringsinnspillene. Mener det er ryddig å ha med en tillitsvalgt i tillegg, foreslår derfor at Bente Hatlevoll blir med på dette arbeidet.
- Eg gler meg til å få på plass ein velfungerande og tett på bibliotekorganisasjon!
- Vi må ha gode stystem for å melde inn feil og problem, og ha tilgang til korleis dette vert tatt vidare, med klar tilbakemelding, dette gjeld både heimesidene, praktiske problem og IT-relaterte oppgåver,
- Viktig at alle campus fortsetter med å yte god service overfor brukerne - at ikke en omorganiserer sådan at noe går tapt på veien.
- Bekymret for at kartleggingsskjemaet ikke gir det rette grunnlag for å bedømme hvor mange personer som det er behov for i de ulike funksjonsområder.

*Tykkjer høringsfristen på eit så viktig dokument var alt for kort - kritikkverdig! Alt for lite tid til å diskutere og tenkje.

*Kartleggingsskjemaet som vart brukt ved kartlegging av kor mykje tid me brukte på ulike deler av jobben vår var unyansert og grovt.

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

FF viser til At der er viktig at alle studiestedene skal være likestilte og at alle skal kunne gi kompetent hjelp.

En utfordring som ikke er tatt med er Kompetanseheving av bibliotekpersonalet. Bl.a. sett i lys av universitetsambisjonen.

Bibliotekpersonalet skal kunne gi et likeverdig tilbud på alle campus

Det vil være utfordrende bibliotek at de er inndelt i 4 fagseksjoner + en plasskoordinator å forholde seg til. Seksjonslederne har personalansvar og er den som får informasjon om den enkelte ansatte så som ferie / avspasering / sykdom / reisevirksomhet / møtevirksomhet. Plasskoordinator: den som har ansvar for alt som har med de fysiske lokaler på stedet + diverse andre avgjørelser lokalt? + skrankevaktplaner - uten å ha kjennskap til den informasjon som seksjonslederne med personalansvar. Medlemmene lurer på hvordan informasjonsflyten blir mellom seksjonslederne og plasskoordinatoren.

I hvilken grad Biblioteket vil kunne ivareta brukerne mener flere medlemmer at dette må prøves ut før man kan svare på spørsmålet. Det er helt avgjørende at det blir organisert team på tvers.

FF ser at organiseringa legger til rette for samarbeid med fakultet og administrasjon, men en kontaktbibliotekarordningen må videreføres på en sådan måte at kontaktbibliotekarene fortsatt er tett på rent fysisk for å få til et godt samarbeid. Dette er viktig for medlemmene

Hvis det blir bestemt at vi skal deles inn i funksjonsområder - så er det flere medlemmer som ønsker å få endret navn på 2 av funksjonsområdene. "Seksjon for studiestøtte" kan f.eks endres til "Seksjon for studie- og læringstjenester" og "Seksjon for forskningsstøtte" kan endres til "Seksjon for forskningstjenester". Begrunnelse: Studiestøtte og Forskningsstøtte blir fort asosiert med økonomiske støtteordninger.

Et problematikken er at det er campus som ikke har IT-personer nær biblioteket. Etter undersøkelse viser det seg at 25% av spørsmålene som bibliotekarene får i skranken er it-relaterte spørsmål. Disse campus ønsker seg IT-hjelp plassert i nær tilknytning til bibliotekene.

For å få til god ledelse er forståelse og innsikt i de enkelte sin arbeidshverdag/arbeidspress og god informasjonsflyt viktig. At bibliotekene blir behandlet likeverdig i forhold til økonomiske ressurser og vilkår. Det må være en balanse mellom

geografisk og faglig ledelse. Om organisering med funksjonsledere blir valgt, så er det viktig at ansvarsforhold mellom seksjonsleder og plasskoordinatorer defineres på en tydelig måte

Det er viktig for at bibliotekene i HVL får likeverdige økonomiske vilkår som samsvarer med antall studenter og utdanninger. I tillegg er det viktig at den gode service vi yter overfor brukerne ved alle campus videreføres og styrkes ytterligere. Det blir pekt på mangler i tabellen på side 4 i Funksjonsplanen. I de 2 blå boksene nederst under "Seksjon for studiestøtte" som begynner med FIN er Sogndal uteglemt som studiested. Sogndal har Naturfag. I tillegg er det en feilskrivning på fakultetet FLK. Det heter FLKI. IT-hjelp bør være mer tilgjengelig på alle campus. Bibliotekarbeidet er avhengig av IT og det er brukerne våre også. At bibliotekarene har like muligheter for å få kompetanseheving uansett om de jobber på en campus med få ansatte eller med mange ansatte. Folk er ikke fornøyde med skjemaene som ble brukt til å kartlegge, hvor mye arbeidstid de bruker på de ulike oppgaver. Skjemaet var på upresist og grovinndelt. De ansatte brukte mye tid på å utdype og forklare hva de bruker arbeidstiden sin til. Kartleggingen ligger til grunn for hvor mange ansatte man har behov for inn i hvert funksjonsområde. Det viser seg i ettertid at det ikke ble tatt hensyn til kommentarfeltene og det oppleves som frustrerende. Flere medlemmer spør om det er korrekt at det er en nåværende bibliotekleder som skal sammenfatte høringsvarene fra de ansatte og bringe resultatet videre til nåværende viserektor for FOU. Er det ikke bukken og havresekken?

Funksjonsplanen for Biblioteket er forbilledlig tydelig og gir godt oversikt for hvilke tjenester som vil være ved hver av bibliotek og ved det enkelte campus.

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²¹:

Mange av momenta er svart på allereie.

Til innspel om prosessen:

alle høringsinnspela har vore diskutert i prosjektgruppa, nokon er teke til følgje.

²¹ Obligatorisk utfylling.

Internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid

45. Er det sider ved mål- og utfordringsbiletet for internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid som ikkje er beskrive (kap.1)?

Seksjon for økonomi og verksemdstyring (Kirsten Bakken)

Internasjonalisering/samhandling:

For meg er det uklart hvordan utvikling av internasjonalt samarbeid skal foregå mellom «internasjonalisering» og «samhandling» – det gjelder også mot fakultetene. Syns dette bør komme klarere fram.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for forskning og ekstern samhandling (Eirin Fausa Pettersen)

Innspill fra seksjonen:

1.5: prosjektøkonomene har også god innsikt om hva som rører seg i organisasjonen, og ser/informerer om hvor viktig koplingen mellom forskning og utdanning er.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Savner at det er satt inn i et overordnet mål- og utfordringsbilde for avdelingen prorektor for forskning skal lede.

Savner at det tydeliggjøres i utfordringsbilde at internasjonalt utdanningssamarbeid ikke ligger under prorektor for utdanning.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Det er for lite fokus på internasjonalisering i utdannings- og forskingsprogram, altså kobling til utfordringene skissert i kvalitetsmeldingen.

Når HVL i så liten grad har nådd målene for internasjonalisering hadde vi forventet en vurdering av om dette kan forklares med den måten institusjonen har organisert støttefunksjonene knyttet til internasjonalisering, og hvor løst disse har vært koblet til programledelsen.

Arbeid knyttet til rekruttering av internasjonale tilsette (faste og gjester). Dette krever kompetanse på immigrasjonsregelverk og hjelp med dette, assistanse knyttet til flytting fra utlandet, og en rekke innsatsområder knyttet til å hjelpe utenlandske arbeidstakere med å finne seg til rette i Norge (bl.a. norskundervisning, hjelp med nettverksbygging, o.l.)

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Generell kommentar (gjeld omtrent alle funksjonsplanane: Funksjonsplanane gjer ikkje synleg eller tydleg korleis dei tek i vare eller følgjer opp styrevedtaket i sak 17/17, Vedtak om administrativ organisering, der det heiter: «Rektor får fullmakt til å endelig fastsette administrativ organisering. Grunnlaget for administrativ organisering vil være delprosjektgruppas rapport, prinsippa for administrativ organisering henta frå fusjonsavtalen og prinsippet om administrative ressursar til fakulteta slik at dekanane kan ivareta sine funksjoner som faglege og administrative leiarar.» Den gode utgreiinga om oppgåve- og ansvarsfordeling mellom fellesadministrasjon og fakultetsadministrasjon som låg i delprosjektgruppas rapport er ikkje teken aktivt i bruk. Grunnlaget for campus-utviklinga som ligg i fusjonsavtalen er heller ikkje omtala. Begge desse dokumenta var basis for styret si delegering til rektor. Gjennomgåande er det såleis ikkje konkretisert kva administrative ressursar som skal vera lagt til dekan sitt omfattande ansvar innanfor utdanning, forskning, formidling, og det tilhøyrande store personal- og økonomiansvaret. Gjennomgåande er det heller ikkje konkretisert kva administrative ressursar som må liggja ved kvart campus for å sikre og utvikle gode tenester til studentar og tilsette.

Det kan sjå ut som HVL lagar ein arkitektur for at dekan og fakulteta må bestille administrative tenester frå fellesadministrasjonen. I ein fleir-campus høgskule med fire fakultet er dette høgst usikker løysing, og det er også uråd å sjå at det er samsvar med det grunnlaget som låg til grunn for styret sitt delegasjonsvedtak. Gjennomgåande er det bygt opp med administrative ressursar ikring rektorat og direktørar, og det er uråd å sjå ein konkret plan for administrasjon ved fakulteta og for ei god campus-utvikling. Forutan å svekka fakulteta, gir dette såleis eit opplegg for å sentralisere administrative ressursar og gjera heile organisasjonen særdeles topptung. Med dei strukturar som er lagde i høgskulen, vil fleire campus bli mykje svekka. I ny ein fleir-campus organisasjon kjenneteikna av kunnskapsarbeid, der høgskulen skal vere i den digital kunnskapsfronten og ha deling som kjenneteikn, synest dette å vere lite klokt. Heller er det teikn til at ein skal samle meir makt i sentrale posisjonar. Avdeling for samfunnsfag ynskjer ein mykje meir desentralisert struktur, med fakultet og institutt i fokus.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

FHS innfrir ikke den nasjonale målsetningen om andelen av studentmobilitet. Tallene er spesielt lave på mastergradsutdanningene, men også for bachelorutdanningene. De fleste bachelorutdanningene på fakultetet er rammeplanstyrte. Det er utfordrende å finne utvekslingstilbud som er overlappende i så stor grad at kompetansekravet i rammeplanen oppnås. Mange av masterutdanningene er på deltid. Det derfor utfordrende å finne utvekslingstilbud som tilfredsstiller både krav til kvalitet og kan tilpasses utdanningsløpet.

AHS har i dag faglige koordinatore som samarbeider med internasjonalt kontor. Det vil være nødvendig i tillegg å ha en administrativ internasjonal koordinatore på hvert fakultet. Kommunikasjonene mellom studieveilederne og praksiskontoret om alle innreisende og utreisende studenter for å ivareta disse studentgruppene på best mulig måte blir derfor både viktig og nødvendig. I prosesskartleggingen ble det beskrevet at studieveilederne/administrasjon bør kvalitetssikre forhåndsgodkjenningen siden de skal innpasse emnene i etterkant.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Vi er samde i at internasjonalisering av utdanning må ha ei særskild strategisk merksemd og at HVL må ha eit administrativt støtteapparat som byggjer opp under ei slik målsetning. Det vi derimot ikkje er samde i er bildet som er teikna opp. Grunnen er at det er for smalt tenkt. Det har samanheng med samansetninga av arbeidsgruppa som ikkje har sett det som nødvendig å finne ut kva fakulteta har behov for og det har samanheng med ei instrumentell forståing av kva internasjonalisering av utdanningar handlar om. Det blir peika på fleire svakheiter slik dei gamle avdelingane har arbeidd med internasjonalisering, men det er i mindre grad peika på at manglande forståing av utdanningane i fellestenestene når det kjem til internasjonalisering er ein hemsko i arbeidet. Målbildet for internasjonalisering må i langt større grad ta med fakultetsadministrasjonane i utvikling av tilbod for studentane slik at ein sikrar seg den enkelte utdanninga sin eigenart. Det er ikkje nødvendigvis eit ressurs spørsmål slik ein kan lese funksjonsplanen, det er eit spørsmål om kva utgangspunktet skal vere. Det bør vere kjerneverksemda, dvs. utdanningane og forskinga.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag (Marit Ubbe)

AHS innfrir ikke den nasjonale målsetningen om andelen av studentmobilitet. Tallene er spesielt lave på mastergradsutdanningene, men også for bachelorutdanningene.

De fleste bachelorutdanningene på AHS er rammeplanstyrte. Det er utfordrende å finne utvekslingstilbud som er overlappende i så stor grad at kompetansekravet i rammeplanen oppnås. Masterutdanningene ved AHS er alle kliniske, det vil si at de både er akademisk/forskningsbasert og har en stor del klinisk praksis integrert i masteren. Det her utfordrende å finne gode utvekslingstilbud i det siste året av mastergraden.

AHS har i dag faglige koordinatore som samarbeider med internasjonalt kontor. Det er i tillegg behov for en administrativ internasjonal koordinator på hvert fakultet. Det er viktig at studieveiledere og praksiskontoret er orientert om alle innreisende og utreisende studenter for å ivareta disse studentgruppene på best mulig måte. I prosesskartleggingen ble det beskrevet at studieveilederne/administrasjon bør kvalitetssikre forhåndsgodkjenningen siden de skal innpasse emnene i etterkant.

Universitetet i Bergen har høyere andel studentmobilitet enn HVL. For å oppnå høy studentmobilitet har de en sentraladministrasjon som jobber med avtaler, mottak, dokumentkontroll, veiledning ol. I tillegg har hvert fakultet en internasjonal administrativ koordinator som sammen med fagmiljøet utvikler emner og studietilbud, inngår avtaler, veileder studenter, kvalitetssikrer forhåndsgodkjenning og karakterutskrifter og gjennomfører innpass. Denne måten å organisere studentmobilitet på vil også kunne fungere godt for HVL.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²²:

Det er etterlys eit fokusert og samlande målbilete for rollene som ligg til pro-rektor for forskning. Det vert skreive inn eit avsnitt i funksjonsplanen av pro-rektor for forskning som bind dei tre funksjonsplanane (forskning, internasjonalisering og bibliotek) saman.

²² Obligatorisk utfylling.

Samarbeid med prosjektøkonomane er skreive inn i planen sjå del 3 i planen

Samhandling mellom seksjon for internasjonalisering og fakulteta (inkludert studierettleiarar og programansvarlege) er utdjupa og konkretisert i del 3.2.

Team for strategisk fakultetsstøtte vil ha ansvar for kvart sitt/ sine fakultet og må arbeide tett saman med prodekanar med ansvar for internasjonalisering. I tillegg skal teamet koordinera eit samarbeidsorgan på tvers av fellestenesta og fakulteta (til dømes internasjonalt råd eller liknande) der prodekanane og andre sentrale funksjonar i internasjonaliseringsarbeidet ved HVL deltek.

Gjeldande generelle kommentarar knytt til administrative funksjonar fordelt på fakultet og i fellestenester vert det vist til følgjande notat frå rektor: Administrative funksjonar i linje til fakultet eller til fellestenester/virksomhetsnivå.

Kommentarar knytt til organisering og leiging vert adressert under punkt 47

46. Har du innspel til kap. 2 kompetanse og kapasitet?

[Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag \(Henning Nordheim\)](#)

Det er viktig å beholde definerte ressurser til det faglige internasjonaliseringsarbeidet (både innen forskning og utdanning), men det bør være likt organisert i den nye organisasjonen. Dette for å sikre en sterkere kopling mellom fellestjenester og fagmiljø, og for å få til en sterkere kopling mellom forskningssamarbeid og internasjonalisering i utdanning.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Seksjon for FOU \(Erik Kyrkjebø\)](#)

Alle studiestadene bør ha folk med kompetanse og kapasitet i internasjonaliseringsarbeidet

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning \(Tone Reistad\)](#)

I det tredje avsnittet står det følgjande: «I Bergen har kvart institutt/seksjon sett av ein definert ressurs til ein eller fleire faglege kontaktpersonar som har eit særskilt ansvar for internasjonalisering i sine studieprogram». Her viser det seg ein manglande forståing for noko som administrasjonen lærarutdanninga over lang tid har peika på. Dei faglege kontaktpersonane blir omtala som å ha eit særskilt ansvar for internasjonalisering i sine studieprogram. Det er direkte feil og har vore ei utfordring lenge. Drøftinga må legge til grunn at den faglege verksemda på fakultetet er i matrise. Det fører til at ein ikkje nødvendigvis må ha lik praksis. Dei faglege kontaktpersonane har i lærarutdanningane ansvar for sine delar av dei ulike studieprogramma. Dei har ikkje eit blikk på studieprogramma. Det har heller ikkje Internasjonalt kontor og då oppstår det ei systemsvikt. Utvikling av internasjonalisering bør ligge på studieprogramnivå og ikkje på emnenivå slik som i dag. Det igjen betyr at dersom lærarutdanningane skal oppfylle dei krava som blir stilt gjennom ulike retningslinjer, rammeplanar og lovverk, så må utvikling av internasjonaliseringsarbeidet ta utgangspunkt i kunnskap og forståing om studieprogramma. Det som derimot blir føreslått er at fakultetsadministrasjonen, som ikkje skal vere ein del av utviklinga av internasjonaliseringsarbeidet skal inn som rettleiarar til studentane. Det vil gi dårleg rettleiing og kvalitet for studentane, då det blir lagt opp til at den same administrasjonen ikkje er ein del av loopen mellom fellestenester og

faglege kontaktpersonar. Det betyr at studentane blir sendt rundt frå vitskapleg tilsette, til studentrettileiarar og til slutt til internasjonalt kontor. Det er heller ingen signal om at ressursar blir gitt til fakulteta for denne rettleiinga det blir sikta til. Det gir ingen robust administrasjon på området.

Notatet viser også til ei kopling innan utdanning og forskning mellom forskarar, forskingsadministrasjonen og internasjonaliseringsadministrasjonen. Igjen viser samansetninga av arbeidsgruppa at det ikkje er nokon form for innhenting av kunnskap frå fakultetskvardagen og ei vidareføring av dei dårlege erfaringane vi har frå Bergen. Erfaringane frå Bergen er at både internasjonaliseringsadministrasjonen og forskingsadministrasjonen er knapt nok synlege for fagmiljøa. Det er meir tilfeldigheitens lov som styrer. For å få til ei god integrering og kopling mellom forskarar, utdanningar som krev internasjonal forskingsperspektiv, og administrasjon knytt til forskning og utdanning, så bør utviklingsoppgåver bli lagt til fakulteta for å få kvalitet i arbeidet. Den sentrale eininga bør i større grad konsentrere seg om formellovverk, som t.d. EU-søknadar og støttefunksjonar knytt til oppfølging av medlemskap i ulike nettverk.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²³:

Tilsette med internasjonaliseringskompetanse vil vere til stades på kvar studiestad jamfør funksjonsplanen del 3 og del 4

Det er lagt opp til eit tett samarbeid mellom fellestenestene og studierettileiarane i form av nettverk og teamorganisering (sjå del 4). Ved å involvere studierettileiarar vil ein ha tettare samarbeid med studieprogramma.

Team for fakultetsstøtte og definerte kontaktpersonar for studentmobilitet vil syte for tett kontakt med fakulteta (sjå del 3 og 4)

Det har vore representantar for fakulteta i prosjektgruppa. Gruppa har også på eige initiativ involvert faglege kontaktpersonar og internasjonale koordinatarar i utarbeiding av funksjonsplanen.

47. Har du innspel til forslag til organisering og leiing av funksjonsområdet internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid (kap. 3)?

[Utdanningssenteret \(Espen Fosse\)](#)

Dersom studierettileiingsarbeidet i høve studentutveksling blir lagt til studierettileiar/studiekonsulent ved fakultet må det tilførast ressursar.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

²³ Obligatorisk utfylling.

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

I punkt 3.2 står det at «studentutveksling og studentretta internasjonaliseringsarbeid vurderast knytt til studierettleiingsarbeidet ved fakulteta». I funksjonsplanen for utdanningsadministrasjonen er ikke oppgaver knyttet til studentmobilitet nevnt. Dersom slike oppgaver skal legges til fakultetet må utdanningsadministrasjonen ved fakultetene tilføres flere ressurser.

Internasjonaliseringsarbeid krever spesiell kompetanse i fht søknader, avtaler, studier i utlandet etc. Denne kompetansen bør være samlet i en fellestjeneste for å ivareta behovet for støtte til fakultetene og studentene (jf. kap 3.1). Vi ser det ikke som hensiktsmessig at slike oppgaver legges til fakultetet. Dersom fellestjenesten er representert ved hvert studiested vil også studentenes behov ivaretas.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for forskning og ekstern samhandling (Eirin Fausa Pettersen)

Innspill fra seksjonen:

Økonomi bør også vurderes som deltakere i tverrgående team når det gjelder søknader om/og oppfølging av ekstern finansiering

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Organiseringen ser svært oppdelt ut med teamledere for få personer.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Vi ser det er overlapp mellom funksjonane i forskingsadministrasjonen og i eininga for internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid. Vi spør oss om ikkje desse einingane burde vore slått saman, slik at ein til dømes kan sjå erfaringane med Erasmus + i samanheng med Horisont 2020 osv. Vi treng å bygge kapasitet på søkning om ekstern finansiering, og vi trur det hadde vore bra med ein felles strategi for dei to einingane «Ekstern finansiering» og «Eksterne midlar».

Mykje av teksten omhandlar det å vere proaktiv i forhold til prosjektutvikling. Vi trur ikkje dette vil kunne fungere optimalt utan eit tettare samarbeid mellom fagmiljøa og forskingsadministrasjonen. Fagmiljø og administrasjon må ha felles strategiar for å få dette til. På side 3 står det at administrasjonen må informere og mobilisere fagmiljøa, men dette må gå begge vegar og utviklast i samarbeid. Vi trur slikt samarbeid ville vore lettare om den administrative støtta primært låg på fakulteta og ikkje i ein fellesadministrasjon.

Vi manglar system på den konkrete gjennomføringa av internasjonalisering i institusjonen. Vi må ha eit mottaksapparat for gjesteforskarar, slik at ikkje tilfeldige fagtilsette må hjelpe til på fritida si for å legge til rette for gjestene. Eventuelt kan vi alliere oss med UiB og betale dei for å få ta del i dei tenestene dei har bygd opp på internasjonalisering.

Det ligger ingen konkret forslag til koblinger mellom den sentrale enheten og fakultetene. Det ligger heller ikke noe forslag til hvordan de oppgavene som faktisk ligger på fak. skal løses. Dette er en stor svakhet med modellen, ettersom mye aktivitet faktisk foregår på fakultetene (oppretting av kontakter, godkjenning av utvekslingsopplegg, etablering og drift av internasjonale forskernettverk, initiering av internasjonale prosjekter, o.l.) (jf. pkt 3.2).

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[NTL \(Tone Skjerdal\)](#)

Til liks med funksjonsplanen for forskingsadministrasjonen, er denne funksjonsplanen for vag når det gjeld organisering knytt til studiestad/campus, fakultet og institutt. Sjølv om planen argumenterer for at ei organisering med «eit robust administrativ støtteapparat som legg til rette for ei samla oppbygging og utvikling av tenester, kvalitet og kompetanse» er naudsynt ut frå den svært låge bemanninga på funksjonsområdet, feilar den i å syne korleis dette kan bidra til ei fagnær og heiskapeleg utvikling av internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid ved HVL. Det er føresett i planen at fakulteta skal spele ei viktig rolle knytt til studentmobilitet og emnetilbod for innreisande, men samarbeid om det internasjonale forskings- og utdanningssamarbeidet mellom fellestenester og fakultetsvise einingar/tenester er ikkje synleg i funksjonsplanen. Slik kan organiseringa på området førebels lesast som ei uheldig sentralisering av oppgåvene, sjølv om planen slær fast at samarbeid mellom sentrale og fakultetsvise tenester er naudsynt. Dersom internasjonalseringsperspektivet skal bli ein integrert del av all verksemd ved HVL, må det arbeidast nært fagmiljø, fagtilsette og studentane, noko som kan tale for ei organisering nærare fakultet og institutt i den oppbyggande første fasen.

Til liks med funksjonsplanen for Forskingsadministrasjonen, bør ein vera medviten på at strategisk kapasitet bør ikkje liggja i stab, men i linja. Det bør vera tett kopling mellom det daglege arbeidet og det strategiske arbeidet. Dette vil både medføra at strategiarbeidet vert betre forankra i teama, og det vil bli meir effektiv ressursbruk sidan prorektor då ha høve til å bruka folk i heile seksjonen på denne typen oppgåver.

Organisasjonskartet skildrar godt ansvarsområde til kvar teamleiar, og korleis desse skal rapportere til og samarbeide med leiar i seksjon for internasjonalt samarbeid. Det er likevel uklart korleis ein skal organisere funksjonsområdet slik at alle teama skal vera organisert på alle studiestadane og dessutan korleis samanhengen mellom teamleiing og personalleiing eventuelt skal vera.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for samfunnsfag \(Anne Naustdal\)](#)

Funksjonsplanen er for vag når det gjeld organisering knytt til studiestad/campus, fakultet og institutt. Sjølv om planen argumenterer for at ei organisering med «eit robust administrativ støtteapparat som legg til rette for ei samla oppbygging og utvikling av tenester, kvalitet og kompetanse» er naudsynt ut frå den svært låge bemanninga på funksjonsområdet, feilar den i å syne korleis dette kan bidra til ei fagnær og heiskapeleg utvikling av internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid ved HVL.

Det er føresett i planen at fakulteta skal spele ei viktig rolle knytt til studentmobilitet og emnetilbod for innreisande, men samarbeid om det internasjonale forskings- og utdanningssamarbeidet mellom fellestenester og fakultetsvise einingar/tenester er ikkje synleg i funksjonsplanen. Slik kan organiseringa på området førebels lesast som ei uheldig sentralisering av oppgåvene, sjølv om planen slår fast at samarbeid mellom sentrale og fakultetsvise tenester er naudsynt. Dersom internasjonalseringsperspektivet skal bli ein integrert del av all verksemd ved HVL, må det arbeidast nært fagmiljø, fagtilsette og studentane, noko som kan tale for ei organisering nærare fakultet og institutt i den oppbyggande første fasen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Georg Førland)

Fakultetsadministrasjonen kan ikke bare være de som skal være det siste utførende leddet, men må være med fra inngåelse av avtaler til kvalitetssikring av innholdet. Her må det være samarbeid rundt studietilbudet fra alle involverte.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Organisering av administrative funksjonar for internasjonalisering og for forskning må bli sett i lys a kva oppgåver som bør vere i fellestenestene for å få den beste kvaliteten på tenestene. Fellestenestene må i størst mogleg grad konsentrere seg om å vere spesialistar på rammeverk, lover og reglar for internasjonalisering og dermed vere ein støttefunksjon for fakulteta og fakultetsadministrasjonane sitt arbeid med å utvikle gode tenester som er kvalitetssikra på ein heilt annan måte enn det erfaringane frå Bergen har vore til no. Når det gjeld organiseringa som er føreslått, så er den prega av mange team (og dermed mange leiarar) som skal dekke kvar sine funksjonar. For fakulteta som må tenke fleire funksjonar samtidig, vil ei slik organisering vere tungvint og byråkratisk, og dermed til hinder for gode kvalitetssikra tenester.

Avsnittet om samarbeidet mellom Seksjon for internasjonalt samarbeid og fakulteta vitnar om ei form for ønsketenkning som vi ikkje har særleg tru på med tanke på «inngåande kjennskap, og tett kopling til fakulteta si forskingsaktivitet og utdanningsprogram». Å sitte i eit sentralt ledd, saman med andre tilsette med liknande funksjonar, fører og har ført til avstand og mangel på forståing nettopp om fakulteta sine forskingsaktivitetar og utdanningsprogram.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Parat (May Britt Sandstå)

I planen er det lagt opp til at studieveiledning som internasjonalisering og studentutveksling blir lagt til studiekonsulentane ved fakultet. Det må i tilfelle fylgje ressursar med.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Minst en ansvarlig for internasjonalt FoU-arbeid bør sitte i fakultetsadministrasjonen.

Viktig med nærhet til studenter og ansatte på alle campus.

Totalt fem ledere (inkludert prodekan for forskning) på 9,7 årsverk (eller 13 årsverk hvis ønsket økning tas med) er ikke i tråd med prinsippene for fusjonen og er ekstremt overdimensjonert! Også her er forslaget å øke bemanningen sentralt i stedet for å tenkt hvordan dette kan kobles på fakultetene, gjennom f.eks. fagansatte med en andel av stillingen sin knyttet til internasjonalisering. På denne måten vil internasjonalisering også forankres i fagmiljøene og oppnå legitimitet – da unngår vi at dette blir noe som «skjer på siden» av den faglige aktiviteten.

Utydelig hvordan dette skal kobles til fakultet og institutt.

Hvis studiekonsulentene på fakultet skal ivareta internasjonaliseringsoppgaver bør hele enheten for internasjonalisering inkluderes som en delenhhet under f.eks. forskning eller eventuelt under prorektor for utdanning. I tillegg må ressurser tilføres fakultetene, for å ivareta de nye oppgavene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag \(Marit Ubbe\)](#)

Funksjonsplanen skyver driftsfunksjoner som ikke følges opp per i dag ut til fakultetene. Dersom funksjoner flyttes til fakultetsadministrasjonen vil dette kreve mer ressurser.

Fakultetene bør få en lik ordning for internasjonaliseringsarbeidet. Det foreslås en administrativ studieveileder for internasjonalisering som er tett involvert i utvikling av avtaler og utvekslingsprogram. Studieveilederen vil være tett på fagmiljø og dermed ha inngående kunnskap til utdanningene på fakultetet.

Det er viktig at prosesser og funksjoner knyttet til innpass og godkjenning, forhåndsgodkjenning og kvalitetssikring av utvekslingstilbud plasseres i fakultetsadministrasjonen for lik behandling og standardisering.

Fakultetsadministrasjonen kan ikke kobles på som siste utførende ledd uten å ha tatt del i den forutgående prosessen

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²⁴:

Arbeidsgruppa har tydeliggjort samhandling mellom seksjon for internasjonalisering, fakulteta og andre fellestenester i eit eige avsnitt (del 3.2).

Samarbeid mellom forskning og internasjonalisering er ivareteke med felles teamordningar sjå del 3.

Namnsetjinga er endra frå teamleiar til koordinator/teamansvarleg for å tydeleggjere at dette er roller med fagleg ansvar (og ikkje personalansvar)

Kvart fakultet vil ha dediserte kontaktpersonar i team for studentmobilitet, og det vil verte oppretta eit eige nettverk der studierettleiarar og team for mobilitet og utvekslingsavtalar vil inngå (sjå del 3.2.2).

Det er ein føresetnad at studierettleiarane får tilstrekkeleg ressursar til å utføre dei definert oppgåvene.

Det er oppretta eit eige team for strategisk fakultetstøtte med dediserte kontaktpersonar for kvart fakultet. Det same er gjort for team for mobilitet og utvekslingsavtalar. På denne måten legg me til rette for at tett kopling til fakulteta sine aktivitetar vert meir enn berre «ynskjetenking».

48. Har du innspel til forslag for einingar og delfunksjonar på funksjonsområdet internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid (kap. 4)?

²⁴ Obligatorisk utfylling.

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

I kapittel 4 gjentas at «studentutveksling og studentretta internasjonaliseringsarbeid bør vurderast knytt til studierettleiingsarbeidet ved fakulteta». Arbeidsdelingen som er foreslått under kap . 4.1 er uklart i hørt hvem på fakultetene det er ment skal ha disse oppgavene. Både veiledning i hørt faglig innhald, faglig forhåndsgodkjenning og kvalitetssikring av utvekslingstilbud er oppgaver som i dag i stor grad ivaretas av de faglige ressurspersonene (Bergen). Vi mener det faglige internasjonaliseringsarbeidet bør beholdes i fagmiljøene (fakultet/institutt), særlig for å få til en sterkere kopling mellom forskning og utdanning. Men det forutsetter en tydelig arbeids- og ansvarsfordeling mellom fellesadministrasjonen, fakultetsadministrasjonen og de faglige ressurspersonene.

Fakultetsadministrasjonen har en studieadministrasjon som jobber med studieveiledning og kvalitet. Det er innenfor kvalitet i studieprogrammet at fakultetsadministrasjonen kan bidra, siden dette arbeidet har en grenseflate mot det helhetlige kvalitetsarbeidet med studieprogrammet. Fakultetet skal bidra til strategisk utvikling av utveksling for å oppnå krav om internasjonalisering i studieprogrammet. Dette er strategisk arbeid og ikke driftsoppgaver. Vi mener at standardiserte driftsoppgaver mest effektivt tas hånd om av en fellesadministrasjon for å sikre lik administrativ saksbehandling og registrering.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for forskning og ekstern samhandling (Eirin Fausa Pettersen)

Innspill fra seksjonen:

Pkt 4.2: team eksterne midler: Økonomi bør også vurderes som deltakere i tverrgående team når det gjelder søknader om/og oppfølging av ekstern finansiering.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Det må avklares hvilke ressurser som skal overføres til de nye fakultetene da disse oppgavene ikke er dekket inn per i dag.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Også her mangler koblinger mellom fakultetene og den sentrale enheten - det gjør det vanskelig å bedømme helheten. Savner også her et beredskap og enhet for håndtering av internasjonale tilsette og gjester.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Med ei organisering av funksjonsområdet slik det er framstilt, så kan ikkje studierettileiarane ved fakulteta gå inn i ein rettileiarfunksjon. Det er nettopp kombinasjonen av kunnskap og forståing av utdanning, forskning og internasjonalisering som bør vere målet og som gir kvalitet i arbeidet. Det vil ein ikkje få med ordninga som er skissert, der fellestenesta skal jobbe utan særlege kunnskapar om

utdanningane og forskinga som skjer (og alt det som skjer i interaksjonen mellom dei som jobbar med det) og der fakultetsadministrasjonen skal rettleie utan å vere ein del av arbeidet som skjer.

Einingane slik dei er skildra, vil det derfor ikkje vere mykje meining i å kommentere. At det skal vere funksjonar i fellestenestene er opplagt, men knytt til formelle rammer som t.d. den omtalte Erasmus-koordinatoren. Utviklinga av partnerskap og nettverk, og utdanningar knytt til desse, bør ligge på fakultetsnivået for å sikre den forståinga og kunnskapen som må til for å skape berekraftig internasjonalisering på institusjonen. Erfaringa frå HiB er eit døme på at det har vore manglande kunnskapar og forståing om kjerneverksemda på institusjonen, noko som m.a. har resultert i alt for mange mobilitetsavtalar som ikkje held dei kvalitetskriteria som studieprogramma krev.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

[Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag \(Marit Ubbe\)](#)

Det fremstår som merkelig at studieveileder/ ansatt med ansvar for internasjonalisering på fakultet som er tett på fagmiljøene ikke er med på utvikling av utvekslingstilbud og avtaler.

Teamene på Seksjon for internasjonalt samarbeid skal være en ressurs for fagmiljøene i tilrettelegging for og utvikling av utvekslingstilbud.

Fakultetene skal ha ansvar for:

- Veiledning i henhold til det faglige innholdet i utvekslingen/læringsutbytte
- Faglig forhåndsgodkjenning og innpass av utvekslingstilbudet
- Kvalitetssikring av utvekslingstilbud
- Emner/grader på engelsk

For å sikre kvalitet i dette arbeidet er det behov for et tett samarbeid mellom faglig- og administrativ koordinator på fakultetet. Vi støtter forslaget om å flytte en del oppgaver til fakultetet så lenge det vil følge ressurser med og denne personen også får ansvar for å utvikle utvekslingstilbud og avtaler sammen med internasjonalt kontor. Det er behov for 1 studieveileder ved campus Bergen for å ta seg av oppgavene som er listet opp ovenfor.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²⁵:
--

Beredskap og rekruttering har grensesnitt mot internasjonalisering, men er ikkje skildra i denne funksjonsplanen då ansvaret for desse oppgåvene høyrer til andre funksjonsområder.

Utfyllande informasjon er tilført i del 4 for å tydeleggjere arbeidsdeling og behov for ressursar.

49. Korleis sikrar vi kobling mellom fellestenesta og fagmiljøa/ forskarane? Kva kan være aktuelle møtepunkt? Behøver ein nye møtepunkt?

²⁵ Obligatorisk utfylling.

Avdeling for ingeniør- og naturfag (Stein Joar Hegland)

I Sogn og Fjordane har ein hatt internasjonalt forum. Dette har fungert relativt bra, men fortsatt fekk ein ikkje til at internasjonalisering gjennomsyrrer verksemda vår. Internasjonalt kontor må jobbe tett mot internasjonale koordinatarar o.l. i fagmiljøa og sikre at utviklinga av tenestene skjer i samarbeid. Korleis ein skal rigge slike koplingar på tvers av fem campus, fire fakultet og 15 institutt er enno vanskeleg å sjå for seg.

Mykje må løysast også lokalt og difor trengst det også forum og koordinering lokalt med større stillingsprosentar til desse personane.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

Det bør være felles møtepunkt, som for eksempel et «utvekslingsnettverk» koordinert av fellestjenesten for de faglige ressurspersonene og tilsatte i fellestjenesten. Det kan også være aktuelt med egne seminar 1-2 ganger i året, siden nettverket går på tvers av alle studiestedene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Det må opprettes nettverk/råd/utvalg.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Det er uklart hvem som er fellestjenestens målgrupper: er det alle 16 000 studenter, alle 1600 ansatte, ledere av utdannings- og forskningsprogram? Det er også uklart hvordan

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Organisasjonskartet skildrar godt ansvarsområde til kvar teamleiar, og korleis desse skal rapportere til og samarbeide med leiar i seksjon for internasjonalt samarbeid. Det er likevel uklart korleis ein skal organisere funksjonsområdet slik at alle tema skal vera organisert på alle studiestadane og dessutan korleis samanhengen mellom teamleiing og personalleiing eventuelt skal vere.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Det blir foreslått at alle støttefunksjoner knyttet til studentutveksling skal flyttes til fakultetene. Dersom det skal gjøres må fakultetsadministrasjonen økes opp. Noe det ikke er tatt høyde for.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Det bør være prosess videre der en involverer fagmiljøene for å avdekke hva behovet er. Dette er vanskelig å si noe om før en ser totaliteten i den nye strukturen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Erfaringa tilseier at ja, det trengs å gjerast eit arbeid for å få ei god kopling mellom fellestenesta og fagmiljøa/forskarane. Dersom ein tar utgangspunkt i at forslaget til funksjonsplan består, må følgjande skje: Fellestenesta må ha a) gode, oppdaterte kunnskapar og forståing om alle studieprogramma fakultetet tilbyr, og b) kunnskapar og forståing om korleis forskinga og dei enkelte forskingsgruppene er kopla til dei enkelte studieprogramma, ikkje minst til rettleiing på masternivå og korleis utveksling/forsking/utdanning er kopla. Møtepunkta mellom fellestenesta og fagmiljøet vil vere særleg utfordrande i Bergen, der det er eit større spenn både i utdanningstilbodet og forskingsaktiviteten. Møtepunkta vil derfor måtte vere mange og skje ofte. Møtepunkta må på eit minimumsnivå vere med prodekanane, som alle har ansvar for internasjonalisering, alle programansvarlege, og instituttleiingar/assisterande instituttleiingar, dvs. dei same møtepunkta som fakultetsadministrasjonen til ei kvar tid har.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²⁶:

Prosjektgruppa har endra på teamorganiseringa i seksjonen, og oppretting av team for strategisk fakultetstøtte (sjå punkt 3.1 og 3.2) imøtekjem innspela.

50. Kan eit «utvekslingsnettverk» på tvers av dei fire fakulteta, koordinert av fellestjeneste, bidra til å sikre kobling/ god dialog mellom fellestenesta og studierettleiarane i arbeidet med studentutveksling? Dersom ikkje, kva er ditt forslag?

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Det er stort behov for nettverk i den nye organisasjonen på studiesiden. Fakultetene er ikke administrativt bemannet til å kunne delta i alle de forskjellige nettverkene. Fagmiljøet må involveres i et slikt nettverk. Det er en forutsetning for å kunne opprette nye tilbud og avtaler at man har et faglig fundament.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

²⁶ Obligatorisk utfylling.

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Det som trengs er tydelige linjer, kobling til den faglige aktiviteten i utdanning og forskning, og digitalisering.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Vi er usikre på om dette tiltaket vil dekke behova til fakulteta. Dersom internasjonaliseringsperspektivet skal bli ein integrert del av all verksemd ved HVL, må det arbeidast nært fagmiljø, fagtilsette og studentane, noko som kan tale for ei organisering nærare fakultet og institutt i den oppbyggande første fasen. Utviklingsnettverk høyrer for vagt ut som dekkjande tiltak.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Det er beskrevet at studieveilederne skal være involvert i rådgiving, faglig forhåndsgodkjenning, og innpass for utvekslingsstudenter. Det er ikke foreslått at studieveilederne skal være informert om innvekslingsstudenter. Revisjonsarbeid av emner og studieplaner for å innfri kravene for internasjonalisering i Studietilsynsforskriften samt utvikle nye internasjonale emner og studietilbud er ressurskrevende for avdelingen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Det kan være en god ide. Samtidig er det viktig at arbeid studentutveksling er tett koblet på utdanningene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

For det første, og overordna, så bør ikkje ein rettleiarfunksjon bli lagt til fakultetsadministrasjonen slik det er foreslått. Dersom det skjer, så vil det vere mindre behov for eit nettverk mellom fakulteta, då dei har ulike rammer for utdanningane som er utgangspunktet. Det vil sikkert vere eit behov for ei kopling til fellestenesta i eit slikt opplegg, men det er vanskeleg å seie kor lenge. Grunnen er at dersom ein skal legge rettleiinga til fakulteta, så må ein få inn fleire tilsette som igjen må bygge opp ei kompetanse innan internasjonalisering. I ei overgangsperiode vil det dermed vere behov for opplæring, før utvikling skjer meir sjølvstendig på fakulteta. Rettleiing av utvekslingsstudenter kan ikkje skje på ein god måte utan ein inngåande kompetanse på internasjonaliseringsfeltet og ei inngåande kompetanse innan utdanningsfeltet. I tillegg vil administrativ forskingskompetanse etter kvart bli avkrevd. Det er lettare å få til i fakultetsadministrasjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag (Marit Ubbe)

Det er beskrevet at studieveilederne skal være involvert i rådgiving, faglig forhåndsgodkjenning, og innpass for utvekslingsstudenter. Mottak av internasjonale studenter ligger som en sentral funksjon

og det er viktig at det gis god informasjon til fakultetene og særlig studieveiledere og praksiskontor om innvekslingsstudenter. Revisjonsarbeid av emner og studieplaner for å innfri kravene for internasjonalisering i Studietilsynsforordningen samt utvikle nye internasjonale emner og studietilbud er ressurskrevende for avdelingen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²⁷:

Prosjektgruppa opprettheld utvekslingsnettverket og har vidare føreslått at kvart fakultet får dediserte kontaktpersonar i team for mobilitet og utvekslingsavtalar

51. Korleis kan seksjon for internasjonalt samarbeid bli kjent og profilere seg i den nye organisasjonen?

[Avdeling for ingeniør- og naturfag \(Stein Joar Hegland\)](#)

Ha tett dialog med internasjonale koordinatarar i fagmiljøa og andre som har ansvar for internasjonale studietilbud slik at ein får vite kva som trengst ute i fagmiljøa.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for helsefag \(Dagrun Kyrkjebø\)](#)

Knall gode nettsider og møtepunkt på tvers av organisasjonen. Tett oppfølging av miljø som kan og må søka internasjonalmidlar som Erasmus og SIU.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Seksjon for forskning og ekstern samhandling \(Eirin Fausa Pettersen\)](#)

Innspill fra seksjonen:

Opplever at profilering skjer i det daglige arbeidet, og gjennom erfaring med Seksjon for internasjonalt samarbeid. Fagmiljø/forskere som har fått god oppfølging, sprer dette vidare til sine fagfeller.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for lærarutdanning \(Asle Holthe\)](#)

Det må svares på gjennom den måten en organiserer tjenestene på. Det er ikke de administrative tjenestene som skal profileres, det er den internasjonale profilen i utdanning og forking som skal profileres.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

²⁷ Obligatorisk utfylling.

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Dersom internasjonaliseringsperspektivet skal bli ein integrert del av all verksemd ved HVL, må det arbeidast nært fagmiljø, fagtilsette og studentane, noko som kan tale for ei organisering nærare fakultet og institutt.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for FOU (Erik Kyrkjebø)

Viktig med god balanse mellom dei ulike regionane.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Gode og lett tilgjengelige nettressurser og dedikerte kontaktpersoner.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Ved å vere i tett kontakt med fakultetsadministrasjonen, fagmiljø, studentar og leiing.

Overordna: Det er forskinga, utdanningane og resultata vi skapar som skal profilerast, og gjerast kjent og formidlast til omverda.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²⁸:

Nettverk, tverrgående team og å vere tilstade på kvar studiestad er viktige moment vil føre til synlegheit i HVL og tett samarbeid på tvers av einingar.

52. Har du fleire innspel til funksjonsplanen for internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid?

Avdeling for ingeniør og naturfag (Stein Joar Hegland)

Sikre god dialog med dei ulike koordinatorane og dei som arbeider med internasjonale utdanningar o.l. slik at desse blir kopla på utviklingsarbeidet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

²⁸ Obligatorisk utfylling.

Avdeling for helsefag (Dagrun Kyrkjebø)

Spesielt viktig med adm kompetanse på alle studiestadane. Viktig å halda fast på ordning med studentfadder spesielt retta mot innkommande studentar.

I Sogndal og Førde er det satt av ca 25% stilling for internasjonal koordinator. Her ligg også markedsføring inne som ein del av oppgåvene, dette er viktig å vidareføre.

Utvekslingsprogram som varer kortare enn tre mnd., er viktig, og må komma tydelegare fram. Dette gir ikke utteljing på same vis som 3mnd, men innan profesjonsutdanninga sjukepleie der vi har ulike studieprogram, er det vanskeleg å gjennomføre 3.mnd opphald ute. NORPLUS samarbeid knytt til studiestaden er viktig. Korte utvekslingar kan også inspirere til lenger utvekslingsperiodar seinare i studiet.

"Internasjonalisering heime" er for lite vektlagt i dokumentet. Ei løysing der fellesadm skal bistå fagpersonell i intergrering av internasjonale perspektiv i fag- og emneplaner, blir uforpliktande. Eit alternativ er at dette blir eit formelt ansvar tillagt internasjonal koordinator ved avdelingen.

Del 4.1. studentmobilitet, her er det store utfordringar dersom vi skal nå ambisjonane. Ein administrativ struktur er ikkje nok. Eit fagleg internasjonalt perspektiv innbakt i fag er viktig for motivasjon til utveksling. Dette må forankrast i fagpersonell på same måte som i fag- og emneplanar. Det er viktig at ordninga med internasjonal koordinator knytt til fag blir vidareført. Dette er viktig for legitimiteten og innpass i fag- og emneplanar.

Internasjonalisering heime er lite vektlagt i planen.

Bruken av delte stillingar (jmf. 0,5 % årsverk) gjer at det daglege arbeidet blir oppstykket og gjerne vanskeleg å kombinere med stillingar som har ulike funksjonar.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Det meste i alle funksjonsplanane peikar i retning av sentralisering av administrative oppgåver og nøkkelposisjonar, og svekking av fakultet og campus. Funksjonsplanane kommuniserer ikkje med kvarandre og står også på enkelte punkt i motstrid med kvarandre. I neste framlegg til funksjonsplanar må dette vere betre dekkjande. Heller ikkje funksjonsplanane for Forskingsadministrasjon og Internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid er sett i samanheng. Den siste si avgjerande rolle for student- (og tilsett)-mobilitet er heller ikkje kopla til Utdanningsadministrasjon. Vår vurdering er at det står ein del arbeid att.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for helsefag (Georg Førland)

Generelt innspill

Funksjonsplanene er et godt grunnlagsmateriale, men samlet sett framstår dette som svært fragmentert og et vanskelig materiale å navigere i.

På nåværende tidspunkt mangler det helhet og en overordna tenkning om hvordan de administrative funksjonsområdene skal støtte opp om HVL kjerneaktivitet og ambisjon om å bli universitet. Ressursfordelingen mellom fakultet, institutt og fellesadministrasjon framstår generelt som svært uavklart på mange sentrale områder, og derfor er det krevende å avgi et godt høringssvar.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Mulig dette burde lagt til området utdanning og ikke forskning siden det legges opp til betydelig økning i studentutveksling fremover. En må unngå at det blir byråkratisk og lang vei mellom de faglige og administrative, og at studentene må forholde seg til unødig mange aktører.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Funksjonsplanen som er presentert er det både mange ting og ingenting å seie noko om. Det er mange ting, fordi det er så mykje som ikkje er tatt omsyn til i utarbeidinga av den. Det handlar om at dei som sit i fellestenestene i dag har utarbeidd ein funksjonsplan slik dei ser det best utan å ta kontakt med fakulteta om kva behovet er. Arbeidsgruppa burde ha undersøkt og funne at fakultetet har levert ei høyring der fakultetet sitt behov for administrative ressursar er definert, m.a. om utvikling av avtalar i tett samarbeid med utdanningsleiinga. Vi hadde ønskja at gruppa hadde drøfta fakultetet sitt innspel i denne høyringsplanen. Dermed så blir det ein funksjonsplan som byggjer opp det ein ønskjer i fellestenestene og «kvittar» seg med det ein ikkje ønskjer (retteleiing t.d.). Det er ingenting å seie noko om, sidan det er ein funksjonsplan som berre dekker ein del av bildet og mandatet seier at bildet skal vere heilskapleg. Slik sett kan ein vente på ei høyring på ein funksjonsplan som faktisk tar mandatet på alvor.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

Det er viktig å ha i minnet at prosjektøkonomene også god innsikt om hva som rører seg i organisasjonen, og ser/informerer om hvor viktig koplingen mellom forskning og utdanning er.

Økonomi bør også vurderes som deltakere i tverrgående team når det gjelder søknader om/og oppfølging av ekstern finansiering

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Det må sørges for at det ikke må bygges opp lik kompetanse i fellesadministrasjon og fakultet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²⁹:

Det er oppretta eit tverrgående team for ekstern finansiering der prosjektøkonomane er inkludert etter innspel i høyringsrunden.

Prosjektgruppa har fått mange gode høyringsinnspel, og tatt desse inn i funksjonsplanen i tråd med mandatet for funksjonsplanarbeidet og rektor sine beslutningar. Versjon 2 er såleis vorte ein betre funksjonsplan.

²⁹ Obligatorisk utfylling.

NOTAT


Tema: Administrativ organisering av Avdeling for forskning, bibliotek og internasjonalisering

Frå: Prorektor for forskning

Dei tre prosjektgruppene for bibliotek, internasjonalisering, og forskning/innovasjon har arbeidd kvar for seg. Organiseringa i tre prosjektgrupper legg ikkje til rette for til dømes diskusjonar knytt til talet på einingar under prorektor. Nokre av problemstillingane mellom prosjektgruppene vert omtala i dette notatet.

Organisering under prorektor for forskning

Prosjektgruppene for internasjonalisering og forskning/innovasjon ønskjer at fagområda skal vere organisert i to separate einingar. Det er også lagt fram argumentasjon for dette i forhandlingsgrunnlaget pkt. 2. Alternativet til å la desse fagområda vere organisert i to einingar er å slå dei saman i ei eining for forskning, internasjonalisering og innovasjon. Sjå figurane under. På denne måten vil færre leiarar rapportere direkte til prorektor, og ein kan sjå føre seg at prorektor lettare kan operere på strategisk nivå. Eit argument for å halde på tredelinga er at ein på denne måten kan løfte internasjonaliseringsarbeidet til det strategiske nivået det treng å løftast til for å nå målsetjingane for HVL. Det fins altså gode argumenter for begge strukturane.



Stillingstitlar

Prosjektgruppene for bibliotek og forskning/innovasjon har landa på at leiarane for desse fagområda bør ha tittelen direktør (avdelingsdirektør). Grunngevinga er knytt til at leiarar av tilsvarande einingar i store delar av UH sektoren har denne tittelen. I tillegg meiner ein at dette gjev gode karriereveggar for administrativt tilsette, noko som er viktig for å halde på ambisiøse tilsette. Det er kan også grunngjevast i at HVL skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar i ein konkurranseutsett arbeidsmarknad. HVL treng dei aller beste arbeidstakarane for å nå sine målsetjingar. Dersom det i den endelege strukturen vert tre einingar under prorektor for forskning, og ei eiga eining for internasjonalisering har det ikkje vore tenkt direktørtittel på denne leiarstillinga. Dersom rektor landar på ein eins stillingstitel for leiarane på dette nivået må titlane følgje rektor si avgjerd.


Administrativ organisering på fakultet og i fellesadministrasjon

Spørsmålet om administrativ organisering er omtala i leveransen frå dei to prosjektgruppene dette er aktuelt for. Etter samtalar med dekanane vil undertekna legge til at tre av fire dekanar ønskjer at tilsette som arbeider med generell forskingsadministrasjon og phd-administrasjon i fakultetet er knytta til fellesadministrasjonen, dette for at dei tilsette skal vere del av eit administrativt fagmiljø samstundes som dei leverer tenester til fakultet. Dette vil kunne arbeidast inn i funksjonsplan for forskning spesielt.

Mal for leveranse: Grunnlag for forhandling om administrativ organisering

1. Organisasjonskart

Prosjektgruppene ønsker struktur med tre einingar under prorektor for forskning. Dei tre einingane er bibliotek, forskning og innovasjon, og internasjonalisering. Sjå organisasjonskart under.



Arbeidet i dei tre prosjektgruppene har i realiteten vore leia av stedfortrendende leiarar. Sjå notat frå prorektor for forskning for utdjupande argumentasjon.

2. Overordna skildring av avdelinga (nivå 1) (Ref. funksjonsplan pkt. 3 Organisering) – maks 0,5 side¹

- *Føremålet med organiseringa:*
 - *Kvifor er avdelinga organisert med dei føreslegne formelle undereiningane?*

I beslutningsnotat fra rektor vedrørende administrativ organisering ved HVL er funksjonsområdene forskning, internasjonalisering og bibliotekstjenester lagt under prorektor for forskning. I forslag til funksjonsplaner for bibliotek, forskningsadministrasjonen og internasjonalt forsknings- og utdanningssamarbeid er disse tre områdene lagt i tre ulike enheter med hver sin leder.

Biblioteket har 43,5 antall årsverk og sees på som en naturlig enhet. Det er i dag 9,7 administrative årsverk på internasjonalisering og 13 årsverk i forskningsadministrasjonen ved HVL (rene stillinger, ikke slik det fremgår i oversikt der deltidsstillinger telles). I forhold til antall ansatte blir dette derfor to relativt små enheter. I følge prinsipp for lederstruktur i administrative fellestjenester skal personalledelse følge prinsippet om ikke mer enn 20-30 ansatte pr. leder med personalansvar. I rektornotat av 13.01.18 står det at «Seksjonsledere [på nivå 2] med mindre enn 20 i sin linje bør begrunnes». Dette gir grunn til å drøfte fordeler og eventuelle ulemper ved å slå sammen

¹ Frå prosjektgruppeleiar (prorektor/direktør) sitt perspektiv som øverste

forskningsadministrasjonen og internasjonaliseringsadministrasjonen til en, felles enhet med totalt 22,7 årsverk.

HVL har et mål om å søke universitetsstatus i 2023 og organisering av administrativt ansatte for de to områdene internasjonalisering og forskning må vurderes i forhold til det overordnede målet. Begge områder må øke sin aktivitet, både i forhold til tall for utveksling, eksterne prosjekter, forskningssamarbeid, felles internasjonale publikasjoner o.l for at vi kan nå målet. Når det gjelder forskningsadministrasjon er det viktig å understreke at det omfatter mer enn internasjonalt forskningssamarbeid og at HVL må styrke alle deler av forskningsarbeidet, ikke bare det som går på internasjonalisering (jfr. Mål- og utfordringsbilde i forslag til funksjonsplan for forskningsadministrasjon). Likeledes omfatter internasjonalisering også mer enn internasjonalt forskningssamarbeid (jfr. Mål- og utfordringsbilde i forslag til funksjonsplan for internasjonalt forsknings- og utdanningssamarbeid).

En felles seksjon for forskningsadministrasjon og internasjonalisering vil kunne gi oss synergieffekter mellom internasjonalt forskningssamarbeid og internasjonalt utdanningssamarbeid, for eksempel ved lettere å koble internasjonalt utdanningssamarbeid på eksisterende internasjonalt forskningssamarbeid og vice versa. Vi har i dag for lite samarbeid mellom de to eksisterende administrative enhetene. En oppdeling i ulike seksjoner, en for internasjonalisering og en for forskningsadministrasjon, vil kunne videreføre etablerte grenser mellom de to områdene. I høringsutkastet foreslås det å opprette team på tvers av de to enhetene for å sikre synergieffekter.

Ved å slå sammen de to enhetene vil man få en større enhet og man vil redusere behovet for ledere på nivå med 1. Samtidig vil man sannsynligvis skape behov for 2 nye ledere, en for forskningsadministrasjon og en for internasjonalisering, på nivå 3. Disse vil imidlertid ikke inngå i prorektor sin ledergruppe og heller ikke ha den viktige kontakten og dialogen mot fakultetsledelsen som trengs for å utvikle et godt samspill mellom fakultetsadministrasjonen og fellestjenestene innenfor disse to viktige områdene.

Vi mener at en hensiktsmessig organisering bør ta utgangspunkt i omfang på fagområdet og mål for aktiviteten heller enn antall ansatte som per i dag er omtalt av rektor som «tynt bemannet».

Forskning og internasjonalisering er to omfattende og ekspanderende områder som må og skal utvikles videre i den nye organisasjonen. HVL trenger å utvikle strategier for begge områdene samt handlingsplaner med konkrete tiltak. Leder for disse to områdene må kjenne nasjonale og internasjonale føringer for begge områdene, vite hvor vi skal og hvordan vi kommer dit. I diskusjonen om organisering i en felles enhet versus to ulike enheter, anbefaler vi å organisere det administrative arbeidet i to enheter på nivå 2. Begrunnelsen er at disse to områdene er av stor strategisk betydning for HVL. Samtidig er de så omfattende at det er behov for en egen leder som har kompetanse, kunnskap, oversikt, nettverk og tid til å jobbe for at HVL kan nå ambisjonene og målene innenfor det aktuelle området og som institusjon.

Ved å plassere internasjonalisering og forskningsadministrasjon innunder prorektor for forskning har man allerede gjort et viktig strategisk grep som vi mener vil ha positiv betydning for HVL sin utvikling. Vi anbefaler at man går inn for en organisering i to selvstendige enheter fram til 2023 og revurderer når institusjonen har fått universitetsstatus.

3. Leiing (Ref. funksjonsplan pkt. 4 Leiing)– maks 0,25 side

- *Kort skildring av formelle leiarstillingar og –struktur i avdeling²*
 - *Leiing av dei ulike einingane*
 - *Formål med leiarstruktur*
 - *Stillingsnemning*
 - *Rapporteringslinje*
 - *Ansvar og mynde*

Leiarane av dei tre seksjonane rapporterer alle direkte til prorektor for forskning. Prosjektgruppene meiner at stillingsnemninga for leiarane av biblioteket og forskings- og innovasjonseininga bør vere direktør, altså at det bør tilsetjast biblioteksdirektør og forskingsdirektør. Leiarane i seksjon for internasjonalisering og seksjon for forskning og innovasjon har personalansvar for tilsette i eininga, økonomi/budsjettansvar og strategisk og operativt ansvar og mynde for sine ansvarsområder. Bibliotektenesta vert føreslege organisert med fire campusovergripande funksjonsbaserte einingar. Leiar for kvar eining har personal- og budsjettansvar og rapporterer til biblioteksdirektør. I tillegg vert det føreslege ein administrativ koordineringsfunksjon på kvart av dei seks biblioteka med ansvar for at drift og samhandling på dei fysiske biblioteka skal fungere godt. Desse rapporterer til leiar for eining for publikumstenester.

4. Overordna skildring av funksjonsområdet/funksjonsområda som ligg under prorektor/direktør (nivå 2)³ – maks 0,5 side per funksjonsområde

4.1 Funksjonsområde 1 forskning og innovasjon

a) ⁴Funksjonsområdet sitt hovudføremål: kva skal ein levere?

Funksjonsområdet har som mål å vere ein berekraftig, kompetent og effektiv forskingsadministrasjon med høg kompetanse og relevant erfaring som gjev forskingsstøtte av høg kvalitet tett på det faglege arbeidet ved HVL.

Forskinsadministrasjonen skal legge til rette for HVL sitt strategiske arbeid med forskning og innovasjon, her også yte støtte til og vere pådrivar for utvikling og oppfølging av forskning- og innovasjonsstrategiar ved HVL, og støtte opp om arbeidet med å bygge ein kultur for forskning og innovasjon ved HVL, der høgskulen bidreg til å svare på dei store samfunnsutfordringane og målsettingane i *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning*.

b) ⁵Kort skildring av eventuelle oppgåver på fakultet (organisert i fakultetsadministrasjon)

Drift av ph.d.-studia og administrative oppgåver knytt til generell forskingsstøtte vil liggje i fakulteta.

Drift av ph.d.-studium inneber m.a. sekretariatsfunksjon for programutvalet, tilrettelegging og saksbehandling knytt til opptak, oppfølging av ph.d.-avtalar, ph.d.-studentar, ph.d.-emne,

² Formelle linjeleiarar for formelle einingar. Ikkje koordinatorstillingar, teamleiarar, faglige leiarstillingar eller liknande utan personalansvar.

³ Underpunkta her speglar funksjonsplanane, slik at ein har like mange underpunkt som ein har funksjonsplanar.

⁴ Ref. funksjonsplan pkt. 1 Målbilete

⁵ For punkta b) til e): Ref. funksjonsplanen pkt. 5 Einingar og delfunksjonar.

framdriftsrapportering, midtvegsevaluering og disputas. Fakultetet har og eit ansvar for oppfølging av stipendiatar som er tatt opp på doktorgradsprogram utanfor HVL.

Fakultetsadministrasjonen gir støtte i kvalifisering mot førstelektor, dosentur og professorat, tildeling av FoU-tid, drift av FoU-utval på fakultetsnivå, sakshandsaming av forskningsetiske saker, daglig drift av eksternfinansierte prosjekt, og organisering av forskingsrelaterte arrangement som t.d. forskingsdagane.

c) Kort skildring av hovudoppgåver i fellesadministrasjon (organisert i fellesadministrasjon)

Seksjon for forskning og innovasjon må vere ei strategisk og operativt eining med ekspertise på funksjonsområdet, og må ha kompetanse og kapasitet til å yte samla støtte innan funksjonsområdet til høgskuleleiinga, fakultetsleiingane og fagmiljøa.

Hovudoppgåvene vil omfatte forvaltning og vidareutvikling av høgskulens FoU-aktivitetar, inkludert strategi-, utgreiing- og analysearbeid, ekstern finansiering, forskarutdanning, innovasjon/kommersialisering/IPR, forskningsetikk og kvalitetssystem/internkontroll for forskning. Seksjonen skal utvikle og sikre felles forvaltning, rutinar og praksis, og vil ha operativt ansvar for oppgåver som er fakultetsovergripande og som det vil vere formålstenleg å utføre for institusjonen samla.

d) Eventuelle formelle undereiningar i fellesadministrasjonen

Seksjon for forskning og innovasjon har ingen formelle undereiningar.

e) Kort skildring av korleis ein skal ivareta leveransane til fakulteta

Fellesadministrasjonen må samla sett ha god kjennskap til og tett samarbeid med leiinga, tilsette i fakultetsadministrasjonen, og fagmiljøa ved fakulteta. Samarbeidslinjene vil vere avhengig av område og type aktivitet.

For å ivareta det samla funksjonsområdet vert seksjonen organisert i team (på tvers av campus) innanfor områda ekstern finansiering og innovasjon, forskarutdanning og kompetanse, og forskningsetikk og kvalitetssystem for forskning. Teama skal ivareta strategiske, analyse- og utgreiingsoppgåver, sikre effektivitet og robusthet i tenestene og bidra til samarbeid i forskingsadministrasjonen, og gi moglegheit til spesialisering, kompetanseutvikling og kunnskapsdeling. Kwart team har ein teamkoordinator som vil vere ein primær kontaktperson for fakulteta for sitt teamområde.

Etablering av Forskingsadministrative nettverk (FANE) er foreslege for å lage gode arenaer for informasjon og kunnskapsdeling mellom forskingsadministrativt tilsette i fakulteta og fellesadministrasjonen, og andre tilsette som yter støttefunksjonar knytt til FoU (eks. prosjektøkonomar, bibliotek, internasjonalisering, IT, personal, kommunikasjon).

4.1 Funksjonsområde 2 bibliotek

a)⁶Funksjonsområdet sitt hovudføremål: kva skal ein levere?

- relevante tenester til forskning, utdanning og formidling og gje tilgang til aktuelle kunnskapskjelder.
- arbeide aktivt for å fremje digital kompetanse og danning, samt etiske og akademiske haldningar.
- aktivt støtte opp om HVLs utvikling og ambisjonar.
- vere ein innovativ og tydeleg aktør og profilere seg både lokalt på campus, internt i HVL, nasjonalt og internasjonalt.
- skape gode og universelle digitale og fysiske læringsmiljø.

b)⁷Kort skildring av eventuelle oppgåver på fakultet (organisert i fakultetsadministrasjon)

o Evt. oppgåver som må løysast på studiestadsnivå (fysisk tett på)

Ikkje aktuelt for biblioteket

c) Kort skildring av hovudoppgåver i fellesadministrasjon (organisert i fellesadministrasjon)

a. Eventuelle oppgåver som må løysast på studiestadsnivå (fysisk tett på)

Mange av biblioteket sine arbeidsoppgåver vil ikkje vera knytt til campus, men bli utført av grupper eller enkeltpersonar på vegne av heile biblioteket. Utvikling og vedlikehald av elektroniske ressursar og digitale system, web, marknadsføring og deler av forskingsstøtta er døme på slike oppgåver. Men svært mykje av biblioteket si verksemt er knytt mot dei fysiske biblioteka og aktivitet ved det enkelte campus. Skrankevakter, undervisning, kurs og rettleiing til både studentar og tilsette, og vedlikehald av dei fysiske samlingane er døme på slike oppgåver.

d) Eventuelle formelle undereiningar i fellesadministrasjonen

- Eining for publikumstenester
- Eining for studiestøtte
- Eining for forskingsstøtte
- Eining for informasjonsressursar

e) Kort skildring av korleis ein skal ivareta leveransane til fakulteta

Biblioteket har kontaktflater mot mange andre seksjonar i organisasjonen. Kontaktflatene er avgjerande for gode og brukarnære tenester og bør i større eller mindre grad formaliserast. Eining for studiestøtte og Eining for forskingsstøtte skal begge yte støttetjenester til fakulteta tilpassa deira behov. Vi vil derfor opprette team på tvers av einingane som saman skal utvikle relevante studie- og forskingsstøttetjenester knytt til dei ulike fakulteta. I tillegg vil vi ha kontaktbibliotekarar som har god kontakt med dei enkelte fagmiljøa, kjennskap til deira studieportefølje, ansvar for undervisning og

⁶ Ref. funksjonsplan pkt. 1 Målbilete

⁷ For punkta b) til e): Ref. funksjonsplanen pkt. 5 Einingar og delfunksjonar.

retteleiing inn mot det aktuelle fagmiljøet, samt ansvar for samlingsutvikling innanfor fagfeltet. Det er eit mål at dei fire einingsleiarane deltek i kvar sine formaliserte område som t.d. FOU-utval, Studieutval, og Læringsmiljøutval, for å sikra gode, aktuelle og tilpassa leveransar til fakulteta.

4.3 Funksjonsområde 3: Internasjonalisering

a)⁸Funksjonsområdet sitt hovudføremål: kva skal ein levere?

Internasjonalisering er eit mål for kvalitet i forskning og utdanning og HVL må levere i høve til nasjonale måltal jfr. Stortingsmelding 16 (2016-2017): Kultur for kvalitet i høgare utdanning (Kvalitetsmeldinga). HVL har ambisjon om å verte universitet innan 2023 (Styresak 56/17) og internasjonalisering er eit krav for akkreditering. Skal vi realisere universitetsambisjonen må internasjonalisering av utdanning og forskning ha særskild strategisk merksemd og HVL må ha eit administrativt støtteapparat som har kompetanse og kan levere tenester til studentar, fagmiljø og leiing. Internasjonaliseringsarbeidet ved dei tre tidlegare høgskulane har vore dels ulikt organisert, dels hatt ulikt fokus og prioritet. Det blir derfor viktig for HVL å bygge kompetanse og kapasitet på tvers av studiestadane og legge til rette for at både studentar, fagmiljø og leiing får (like) gode administrative tenester i den nye organisasjonen. Døme på dette er at alle fagmiljøa må ha tilgang på administrativ støtte til utvikling av internasjonale utdanningsprosjekt med ekstern finansiering, t.d. Erasmus+ og UTFORSK/ INTPART. HVL når ikkje nasjonale måltal for studentmobilitet og me leverer under snittet på parameter for internasjonalt læringsmiljø som t.d. del framandspråklege studietilbod og del internasjonale studentar på campus. HVL må også auke koplinga mellom utdanning og forskning i internasjonaliseringsarbeidet. Når det er sagt er det viktig å påpeike at forskingsadministrasjon er mykje meir enn internasjonalisering og at internasjonalisering omfattar meir enn internasjonalt forskningssamarbeid. Forskingsadministrasjon og internasjonalisering er kvar for seg viktige strategiske områder for HVL kor me må bygge kompetanse og kapasitet i heile verksemda om me skal bli universitet. Me har derfor valt å skilje forskingsadministrasjonen og internasjonaliseringsadministrasjonen i to eigne seksjonar under prorektor for å sikre at begge områda blir like synlege og får like høg prioritet.

b)⁹Kort skildring av eventuelle oppgåver på fakultet (organisert i fakultetsadministrasjon)

a. Evt. oppgåver som må løysast på studiestadsnivå (fysisk tett på)

Fakulteta skal fortsatt ha ansvar for fagleg førehandsgodkjenning og innpass av utvekslingsopphald (delstudiar i utlandet). Også oppgåver som retteleiing og søknadshandsaming i samband med studentutveksling blir lagt til fakultetsadministrasjonen (studierettleiarane). På denne måten blir utveksling sterkare kopla til studieprogramma og studentane er sikra tilgang på retteleiing på studiestaden.

c) Kort skildring av hovudoppgåver i fellesadministrasjon (organisert i fellesadministrasjon)

a. Eventuelle oppgåver som må løysast på studiestadsnivå (fysisk tett på)

I høve til studentmobilitet får fellestenesta ansvar for utvekslingsavtalar, tilrettelegging for søknadsrutinar og for å legge til rette for søknad om inn- og utveksling via Søknadsweb/ Nominasjonsweb/ FS og for at HVL har like rutinar og prosedyrar for dette. Fellestenesta skal også ha ansvar for informasjonsarbeid via nettsider (norske og engelsk) om mobilitet, internasjonalt

⁸ Ref. funksjonsplan pkt. 1 Målbilete

⁹ For punkta b) til e): Ref. funksjonsplanen pkt. 5 Einingar og delfunksjonar.

samarbeid etc. I tillegg får fellestenesta ansvar for handsaming av tilsettmobilitet, forvaltning av HVL si deltaking i Erasmus+, støtte til utvikling/ søknadsskriving i samband med eksternfinansierte prosjekt og strategiske støttefunksjonar i internasjonaliseringsarbeidet som t.d. større institusjonsovergrepande prosjekt, utgreiingar/ analyser på vegne av fakulteta, HVL-leiinga/ styret og utvikling av strategiske partnerskap på fakultets- og institusjonsnivå.

Sjølv om studierettleiingstenesta får ansvar for rettleiing i høve studentmobilitet er det viktig at Seksjon for internasjonalisering har medarbeidarar fordelt på alle studiestadane som fagmiljøa og administrasjonen på staden kan ta fysisk kontakt med og som kan yte støtte til aktivitetar på studiestadsnivå i den grad det er behov for det. Ved å ha medarbeidarar på alle studiestadane vil seksjonen få god oversikt over kva som skjer i heile HVL og det er svært viktig for å kunne utvikle tenestene slik at dei treffer behova på dei store så vel som dei mindre studiestadane så godt som mogeleg.

- d) *Eventuelle formelle undereiningar i fellesadministrasjonen*
 - a. *Hovudoppgåver¹⁰*

- e) *Kort skildring av korleis ein skal ivareta leveransane til fakulteta*

Fellestenesta vil ha dediserte kontaktpersonar for fakulteta i høve til studentmobilitet og for strategisk internasjonaliseringsarbeid og ha ansvar for å koordinera nettverk/ faste møtepunkt mellom fellestenesta og fakulteta og mellom einingane i fellestenesta i høve internasjonalisering. I samband med at studierettleiarane får ansvar for rettleiing og søknadshandsaming ved studentutveksling vil fellestenesta få ei veldig viktig oppgåve med å lære opp og rettleie studierettleiarane i deira arbeid. Her vil dei dediserte kontaktpersonane vera svært sentrale. Også leiinga ved fakulteta treng støtte til å utvikle internasjonaliseringsarbeidet og difor er det lagt opp til at fellestenesta skal ha rådgjevarar dedisert til kvart fakultet som skal yte støtte på eit meir strategisk nivå.

¹⁰ Svært kortfatta skildring; prikkpunktnivå.

Høyring om funksjonsplanar – Administrativ organisasjonsstruktur

Innspel til Utdanningsadministrasjonen

85. Har du innspel til forslag til målbilete for utdanningsadministrasjonen som er presentert her (kap. 1)?

Avdeling for ingeniør- og naturfag (Stein Joar Hegland)

Utdanningsleiing er blitt framheva i stortingsmeldinga. det krev at instituttleiarar og studie/programkoordinatorar har eit godt tilbod frå studieadministrasjonen. Dette bør løftast fram både som målbilete og utfordringsbilete.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Dagrun Kyrkjebø)

Deler stort sett målbildet, bortsett frå at studestadsperspektivet ikkje er godt nok skrevet ut. Det er her aktiviteten skjer.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

Skal ein oppnå ein einskapleg utdanningsadministrasjon som held høg kvalitet, er profesjonell og einskapleg på tvers av fakulteta og fellestenestene, er det viktig at faglege forum og møteplassar blir formaliserte. Slike forum/møteplassar må ha eit mandat, felles årshjul og fast møtefrekvens, og ansvarsdeling og forventningar må avklarast. Ut frå erfaringar med dagens modell i Bergen, fungerer ikkje lause nettverk godt nok.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Målsettingen for arbeidet i utdanningsadministrasjonen er knyttet til økt profesjonalisering, høy kvalitet og effektivitet på tjenester og forvaltning. Nødvendige og viktige målsettinger, men som forutsetter solid organisering av virksomheten, arbeidsflyt mellom enheter, digitalisering og tilstrekkelig kompetanse hos ansatte for å kunne innfris.

Internasjonalisering bør inn i målbilde.

Opptakskontoret har følgende innspill;

I målbilde for utdanningsadministrasjonen beskriver man hvordan funksjonsområdet skal sørge for å gi gode tjenester til studentene og på den måten legge til rette for et godt studiemiljø. Vi mener at det mangler et perspektiv her, nemlig de potensielle studentene. Under målbilde til enhet for opptak og rekruttering beskrives dette, men det burde legges til i hovedmålbilde til

utdanningsadministrasjonen at vi skal jobbe for å rekruttere de best kvalifiserte studentene til HVL, ha høy inntakskvalitet og sikre gode tjenester til de potensielle studentene. Lykkes vi med å rekruttere de best kvalifiserte studentene så bidrar vi også til et gjennomstrømning og et godt studiemiljø.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Funksjonsplanen viser til at Meld. St. 16, Kultur for kvalitet i høyere utdanning, legger viktige premisser for arbeidet med utdanningskvalitet i institusjonene. Men, stortingsmeldingen vektlegger særlig at studiekvalitetsarbeidet skal knyttes direkte opp mot det enkelte studieprogram.

Fagmiljøene har behov for rask saksbehandling og støttefunksjoner som er tett på den daglige driften og som forstår og har innsikt i utdanningene sine særlige behov. Vi er et stort fakultet med store institutter. Fagmiljøene har en forventning om og et uttrykt behov for nærhet til støttefunksjoner. Dette viser viktigheten av å ha nære støttefunksjoner som kjenner programmene. Vårt synspunkt er at flest mulig av administrative oppgaver blir løst på fakultets- og instituttnivå. Flere ansvarsområder og oppgaver som er beskrevet innenfor fellesadministrasjonen mener vi er mer hensiktsmessig å legge til fakultet- og instituttnivå for å ivareta kvalitet i utdanningene på en best mulig måte. F. eks. viser vår erfaring at flere av ansvarsområdene som er listet opp under kap. 5.2 Seksjon for utdanningskvalitet, er for langt vekk fra der hvor arbeidet med utdanningskvalitet faktisk foregår – i samarbeidet mellom studenter, faglærere, avd. administrasjonen og programledelsen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Generell kommentar (gjeld omtrent alle funksjonsplanane: Funksjonsplanane gjer ikkje synleg eller tydleg korleis dei tek i vare eller følgjer opp styrevedtaket i sak 17/17, Vedtak om administrativ organisering, der det heiter: «Rektor får fullmakt til å endelig fastsette administrativ organisering. Grunnlaget for administrativ organisering vil være delprosjektgruppas rapport, prinsippa for administrativ organisering henta frå fusjonsavtalen og prinsippet om administrative ressursar til fakulteta slik at dekanane kan ivareta sine funksjoner som faglege og administrative leiarar.» Den gode utgreiinga om oppgåve- og ansvarsfordeling mellom fellesadministrasjon og fakultetsadministrasjon som låg i delprosjektgruppas rapport er ikkje teken aktivt i bruk. Grunnlaget for campus-utviklinga som ligg i fusjonsavtalen er heller ikkje omtala. Begge desse dokumenta var basis for styret si delegering til rektor. Gjennomgåande er det såleis ikkje konkretisert kva administrative ressursar som skal vera lagt til dekan sitt omfattande ansvar innanfor utdanning, forskning, formidling, og det tilhøyrande store personal- og økonomiansvaret. Gjennomgåande er det heller ikkje konkretisert kva administrative ressursar som må liggja ved kvart campus for å sikre og utvikle gode tenester til studentar og tilsette.

Det kan sjå ut som HVL lagar ein arkitektur for at dekan og fakulteta må bestille administrative tenester frå fellesadministrasjonen. I ein fleir-campus høgskule med fire fakultet er dette høgst usikker løysing, og det er også uråd å sjå at det er samsvar med det grunnlaget som låg til grunn for styret sitt delegasjonsvedtak. Gjennomgåande er det bygt opp med administrative ressursar ikring rektorat og direktørar, og det er uråd å sjå ein konkret plan for administrasjon ved fakulteta og for ei god campus-utvikling. Forutan å svekka fakulteta, gir dette såleis eit opplegg for å sentralisere administrative ressursar og gjera heile organisasjonen særdeles topptung. Med dei strukturar som er lagde i høgskulen, vil fleire campus bli mykje svekka. I ny ein fleir-campus organisasjon kjenneteikna av kunnskapsarbeid, der høgskulen skal vere i den digital kunnskapsfronten og ha deling som

kjenneteikn, synest dette å vere lite klokt. Heller er det teikn til at ein skal samle meir makt i sentrale posisjonar. Avdeling for samfunnsfag ynskjer ein mykje meir desentralisert struktur, med fakultet og institutt i fokus.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Vi støtter funksjonsområdet som er beskrevet av Utdanningsadministrasjonen der de skal sørge for gode støttefunksjoner, og samarbeide med faglig ledelse og vitenskapelige tilsette for å utvikle utdanningene og støtte opp om studentene sin læring ved HVL. Studiekvalitet og kvalitetsutvikling må synliggjøres i alle ledd fra fakultetsadministrasjonen til utdanningsadministrasjonen og styret.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Det er levert eit eige notat til dette funksjonsområdet.

Ut frå mandatet skal funksjonsplanen skildre administrative funksjonar både i felleseiningar og i fakultetsadministrasjonane.

Det er alvorlig at planen verken i målbilde eller innleiingsvis har sagt noko om kvifor kun delar av dei studieadministrative tenestene er kartlagde og drøfta i planen. Vi forstår at dette heng saman med gruppa ikkje fekk god nok tid. Skal denne funksjonsplanen bli ståande må det komme fram at gruppa gjorde denne avgrensinga å inngåande kartlegge funksjonar dei meiner skal leggest til fellestenester, og utelate prosessar lagt til fakultet.

Mandatet er tydelig på at planane « skal skildre administrative funksjonar både i felleseiningar og fakultetsadministrasjonane.» I høyringsmøte 11.12.17 blir det gitt tilbakemelding om at de er dekan sitt behov for stabsfunksjon som ikkje er beskrivne, dette er tolka feil – det er prosessar lagt til utdanningsadministrasjon som manglar.

Målbilde for fakultetsadministrasjon

Under kapittel 5.7 fakultetsadministrasjon blir målbilde for fakultetstenester beskrive, og vi meiner at fellestenester også bør ta opp i seg viktige punkt frå dette bilde. Det vi vil trekke fram er utdanningsadministrasjon som skal « sørge for gode støttefunksjonar, og samarbeide med fagleg leiing og vitenskapeleg tilsette for å utvikle gode utdanningar og støtte opp om studentane si læring.» og målet om å gje gode tenester til studentane. « Arbeidet er delt mellom fakulteta og fellestenestene.»

Koplinga til fusjonsavtalen som seier at det skal «velges administrative løsninger som støtter opp under kjernevirksomheten.» er god, og kunne med fordel bli gjort overordna.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Parat (May Britt Sandstå)

Det er vanskelig å gi tilbakemeldinger og sjå heilheitlig på administrasjonen når det ikkje er gitt faste kriterier på kva som skal beskrivast i funksjonsplanen. Samt at vi ikkje ser strukturen i fakulteta. Det er svært ulikt detaljnivå på dei enkelte funksjonsområdene.

Det er viktig å sjå administrasjonen fra eit institusjonelt nivå. Å organisere slik at det blir ein heilhetlig administrasjon med klare styringslinjer og samsvar mellom ansvar og mynde. Fagansvar og personalansvar bør være knytta saman og være det overordna prinsippet.

Vi ser og at det må være behov for lokale tilpasningar.

I målbiletet for utdanningsadministrasjon vert det beskrive korleis funksjonsområde skal sørgje for å gi gode tenester til studentane og på den måten leggja til rette for eit godt studentmiljø. Vi meiner at det manglar eit perspektiv her, nemlig dei potensielle studentane. Det burde leggjast til i målbiletet til utdanningsadministrasjon at vi skal jobbe for å rekruttera dei best kvalifiserte studentane til HVL, ha høg inntakskvalitet og sikre gode tenester til dei potensielle studentane. Lukkast vi med å rekruttere dei best kvalifiserte studentane så bidreg vi og til ei gjennomstrøyming og eit godt studentmiljø.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Viktig med gode tenester til studenter og ansatte på fakultets- og instituttnivå.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag (Marit Ubbe)

Studiekvalitet og kvalitetsutvikling må synliggjøres i alle ledd. DVS både i utdanningsadm. og i fakultetsadministrasjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹:

Gruppa har vurdert innspela. I den reviderte funksjonsplanen under målbilete vil vi:

- vere tydelegare på at målbilete gjeld for heile funksjonsområdet utdanningsadministrasjon, både for fellestenester på institusjonsnivå og for fakultetsadministrasjon på fakultetsnivå.
- ta med fleire utfordringar frå Meld. St. 16, Kultur for kvalitet i høyere utdanning i målbilete
- supplere målbilete med at tenester også gjeld for potensielle studentar
- vere tydlegare på at HVL skal leggje til rette for at alle dei fem studiestadene er attraktive studiestader og har eit godt studiemiljø

Innspela nedanfor er nemnt under målbilete, men gruppa vel å ta dei med under organisering, da vi meiner dei høyrer heime der.

- presisere at faglege forum og møteplassar mellom tilsette i utdanningsadministrasjonen på fakulteta og i fellestenestene blir formaliserte. Slike forum/møteplassar må ha eit mandat, fast møtefrekvens, og ansvarsdeling og forventningar må avklarast

¹ Obligatorisk utfylling.

- nettverk og team mellom utdanningsadministrasjon i fellestenester og i fakulteta, og mellom fakulteta.
- konkretisere kva administrative ressursar som skal liggje til dekan sitt ansvar innanfor utdanning
- konkretisere kva administrative ressursar som skal liggje ved kvart campus for å sikre og utvikle gode tenester til studentar og tilsette.

86. Har du innspel til utfordringsbilete for Utdanningsadministrasjonen som er skissert her (kap. 2)?

Avdeling for ingeniør- og naturfag (Stein-Joar Hegland)

Utdanningsleiing er blitt framheva i stortingsmeldinga. det krev at instituttleiarar og studie/programkoordinatorar har eit godt tilbod frå studieadministrasjonen. Dette bør løftast fram både som målbilete og utfordringsbilete.

Det står at små studiestadar ofte har kombinerte oppgåver innan studieadministrasjon medan oppgåvene ved større studiestadar er meir spesialiserte. dette er ikkje alltid slik og treng heller ikkje alltid å vera slik i ein større organisasjon. Tilsette kan også vera spesialistar på nokre felt og ha høgare kompetanse ved små studiestadar enn ved store.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Dagrun Kyrkjebø)

Det ser ut til at det ligger en forutsetningen om at det bare er de større studiestedene som kan ha mer spesialiserte oppgaver. Vi er ikke enig i det, det er mulig å ha spesialiserte oppgaver og være del av administrativt fellesskap på en liten campus. Det kan være ønskelig å ha personellressurs tilgjengelig selv om oppgavene ikke direkte er knyttet til campusdrift

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Utdanningssenteret (Espen Fosse)

Modellen for organisering av utdanningsadministrasjonen presentert i høyringa verkar å vera ein modell som i stor grad er tilpassa campus Bergen, og ikkje dei fire mindre campusane. Det studieadministrative samarbeidet som fins i dag og som det er behov for på dei små campusane vil truleg bli svekka dersom ein organiserer etter ein modell der det ikkje fins nokon samlande studieadministrativ leiarfunksjon på campusnivå.

I dokumentet vert det hevda eit effektiviseringspotensial i utdanningsadministrasjonen, ut frå innspela om digitalisering i samband med prosesskildringane i OU-prosjektet

Dei fleste innspela om studentsaker gjekk på å få utfylling av skjema online i staden for nedlasting av skjerna som word-/pdf-filer, som studentane må sende per e-post. Dette effektiviserar ikkje sakshandsaminga som søknaden utløyser, men digitaliserer skjemaet i staden for dagens «setje-straum-på-papir-digitalisering» og sikrar utfylling av viktige felt.

Føreslått eksperimentell robotisering gjeld ein arkiveringsprosess ved tap av studierett, som det største campuset i dag ikkje gjennomfører grunna arbeidsmengda. Dersom denne robotiseringa vil fungere, vil den ikkje effektivisera noko, men sikra studentane sine rettar via korrekt dokumentasjon og utsending av vedtak.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

Det burde vore gjennomført ein risikoanalyse av dagens bemanning og kompetanse i den samla utdanningsadministrasjonen ved HVL på sentralt nivå og på fakultetsnivå, samt ei kartlegging av

behovet i framtida i lys av nasjonale føringar, krav til høgre utdanning, universitetsambisjonen og endringar i studentmassen.

Utan ein slik analyse er det vanskeleg å ta stilling til kva utfordringsbilete utdanningsadministrasjonen har, men det er heilt klart at det er eit stort behov for utvikling av tenester og spesialkompetanse på sentralt nivå, som for eksempel juridisk kompetanse og spesialkompetanse på tilrettelegging for studentar med særskilte behov. På desse områda ligg HVL langt bak institusjonar vi ynskjer å samanlikne oss med.

Det er òg naudsynt med høg kompetanse på fakulteta innan m.a. studiekvalitet for å møte nasjonale krav og føringar og fungere som ein god støttefunksjon for dekan.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Digitalisering må inn i utfordringsbilde både når det gjelder styring og kompetanse.

Internasjonalisering må inn både ift tilsyns- og studieforskriften og at internasjonalt utdanningssamarbeid ligger under prorektor for forskning.

Utdanningsadministrasjon er i dag et stort og sammensatt arbeidsområde.

Stadig flere krav og forventninger fra myndigheter og omgivelsene, bidrar til økte krav til kompetanse og samhandling i organisasjonen, for å løse mer komplekse oppgaver i utdanningsadministrasjonen.

Det samme gjør Universitetsambisjonen, skjerpede krav til akkreditering som universitet, gjør at også utdanningsadministrasjonen må sikre høy kvalitet i måten den løser oppgaver på og forvalter sentralt og lokalt regelverk.

Det forutsetter at ansatte i utdanningsadministrasjonen får mulighet til å spesialisere på sine arbeidsfelt, for nettopp å kunne bli en effektiv og profesjonell administrasjon som sikrer høy kvalitet på de oppgavene de utfører.

HVL har en uttalt universitetsambisjon og det bør komme til syne under utfordringsbilde. Med en universitetsambisjonene kommer det også en rekke krav og arbeid knyttet til det, dette må adresseres og skisseres som en utfordring. Per i dag er utdanningsadministrasjonen liten, og skal man levere kvalitet på alle plan så er man avhengig av at man har en kompetent administrasjon som kan løse disse.

Det kan også bli en utfordring at man avhengig av spesialisert kompetanse for å for å levere høy kvalitet på disse tjeneste. Samtidig som det er uttalt at en del tjenester være tilgjengelig på alle studiestedene hvor de i større grad må kombinere arbeidsoppgaver og fagområder.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Kjerneaktivitet skjer på fakultet. Dekanen skal være leder på fakultet. Dekan må derfor få ta mye større del i å avgjøre hva som skal ligge på fakultet, ikke bare hvordan en liten fakultetsadministrasjon skal ledes/organiseres. Svært problematisk at så stort innhold er lagt til fellesadm. før fakultetenes behov er utredet.

-det virker tilfeldig hvor mye som er tatt med innenfor funksjonsplanen innen fellesadm/fakultetsplaner. Hvorfor blir så mange detaljer tatt med på sentrale felt, mens det meste er skrelt av på fakultetsplaner?

-robust og solid administrasjon blir i stor grad koblet med felles tjenester. Savner en begrunnelse for dette og en evaluering av de fellestjeneste som har vært de siste årene. Hvordan sikre god fungering i fremtiden av prosesser som hittil har vært langt fra optimale? Menneskelige ressurser er menneskelige ressurser uansett om de hører til i felles eller fakultetsadministrasjon. Mye kompetanse ligger på fakultetene, og denne kompetansen kan være et minst like viktig bidrag til solid, kompetent og robust administrasjon.

-savner fokus på problemstillinger og eierskap rundt grensesnitt mellom fakultets- og fellesadministrasjon

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

NTL (Tone Skjerdal)

Fusjonsplattforma seier at høgskulen skal vere ein mangfaldig og spanande arbeidsplass som tiltrekkjer seg dyktige medarbeidarar med høg kompetanse. Dette føreset at det skal vera fagleg utfordrande og utviklande stillingar på alle campus. Ved å redusera vektinga av den stadlege/fysiske dimensjonen, kan den administrative organiseringa som desse funksjonsplanane legg opp til, føra til ei fysisk sentralisering som ikkje vil støtta opp om måla i fusjonsplattforma. Det stadlege kan ha ulik vekting i dei ulike funksjonsplanane, men det er svært uheldig at ein underkommuniserer eller undervurderer den fysiske dimensjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Vi vil ha team/tett samarbeid med utdanningsadministrasjonen, men også på tvers av de ulike fakultetene for å sikre lik praksis og effektivisering. En bør supplere utviklingsbildet under Studietilsynsforskriften med at høgskolen må dokumentere at kravene i Studietilsynsforskriften er oppfylt. Dette innebærer mer ressurser for å følge opp. Savner også omtale av et lokalt «NOKUT» i forhold til kvalitetssikring/selvakkreditering av studieprogram.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Seksjon for utdanning (Terje Bjelle)

Innleiingsvis har me nokre overordna kommentarar som gjeld både prosessen og dei fleste av dei framlagde funksjonsplanane:

- Me har fått på høyring framlegg til ti ulike funksjonsplanar der organisasjonskart/-modellar, omgrepsbruk og forståing av stillingar og roller er svært ulike. I tillegg ser det ikkje ut til at dei ulike funksjonsplanane er samordna i særleg grad før dei går på høyring. Dei same funksjonar er omtala i fleire planar og det er uklart kvar ansvaret ligg. Det manglande samsvaret og samordninga gjer det både omfattande og komplisert å gi fråsegn, og dette vert forsterka av alt for korte høyringsfristar. Alt i alt ber planane preg av for lite tid og for knappe fristar.
- Planane seier lite og ingenting om organisering og leing av administrative tenester i fakulteta. Planane tek dessutan lite omsyn til den store skilnaden i storleik mellom dei nye fakulteta og mellom studiestadane. Det gjer det svært vanskeleg å meine noko om effektivitet og samarbeid på tvers av

einingar og avstandar. Vi meiner det vil vere svært uheldig om fakulteta får utvikle egne administrative modellar utan at det vert sett krav til at desse må synleggjere ei tydeleg kopling til organisering av fellestenestene. Administrative tenester som vert lagt til fakulteta utan tilknytning/samordning i fellestenestene vil lett føre til ulik administrativ praksis, og motverke målsetjinga om deling og utvikling av felles kunnskap som låg som prinsipp i fusjonsavtalen.

- Felles for fleirtalet av funksjonsplanane ser ut til å vera at betydninga av den geografiske dimensjonen i organiseringa av tenestene er lite vektlagt. Vi saknar ei vurdering av kva faglege og personalmessige konsekvensar dette kan få. Vi er sterkt urolege for at mange av dei foreslåtte funksjonsplanane vil motverke høgskulen sitt mål om å vere tett på studentar og fagtilsette. Høgskulen på Vestlandet er ein fleirkampushøgskule med store geografiske avstandar. Dersom ambisjonen er å vera ein høgskule for heile Vestlandet, er det avgjerande at studiestadane er velfungerande og livskraftige. Dei må vera attraktive stader både å jobba og studera. Dersom me skal nå slike mål, trengst det tilsette og leiarar som også har fokus på studiestad eller nærregion. Det manglande fokuset på stad strir etter vårt syn mot ambisjonane, måla og profilane som er skildra i fusjonsavtalen frå mai 2016, der vidareutvikling av studiestadane for å betre ivareta regionrolla vert trekt fram som ein viktig ambisjon ved ein fleirkampushøgskule. Det stadlege perspektivet er viktig i mange omsyn, ikkje berre knytt til utvikling av regionane og leiing. Særleg spelar stad ei viktig rolle for rekruttering, både til leiarstillingar (frå Fusjonsavtalen: «balanse med omsyn til kjønn og geografi i rekruttering til leiar- og nestleiarstillingane»), til utvikling av studiestadar og rekruttering av studentar (frå Fusjonsavtalen: «studiestadar, fag og utdanningar skal kunne profilerast særskilt» og «skal leggje til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd på studiestadane») og dessutan rekruttering av tilsette (frå Fusjonsavtalen: «skal vere ein mangfaldig og spanande arbeidsplass som tiltrekkjer seg dyktige medarbeidarar med høg kompetanse»). Funksjonsplanane bør i større grad reflektera desse viktige prinsippa for avtalen som låg til grunn for fusjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

I funksjonsplanen blir nasjonale føringar nemnt som viktige premiss i utfordringsbilde. Dette er vi einige i, og når NOKUT si forskrift om tilsyn med utdanningskvalitet blir nemnt vil vi legge til at fokus på utdanningsleiing også blir lagt til grunn, då dette vil bli vurdert om vi har i tilstrekkelig grad og utfører godt nok. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at studentane ikkje berre skal få gode utdanningsløp, men også skal oppleve at studieprogramma har ei tydelig leiing. Det blir viktig at utdanningsleiinga får god støtte og nødvendige ressursar til utgreiing og analysearbeid på fakultetsnivå.

Frå fusjonsavtalen blir det trekt fram målet om felles utdanningsløp. Dette er viktig, og for vårt fakultet som allereie har eit felles utdanningsløp har dette store konsekvensar for studieadministrasjonen, både krav til utviklingsarbeid og store krav til samordning samtidig som gamal utdanning skal blir tilbydd parallelt.

Når utfordringsbildet blir gjort meir detaljert for fleire funksjonsområder ville vi ynskt at det også kunne gjerast for fakultet. Her har vi fleire innspel, og den store endringar med samansetninga av studietilbodet meiner vi må inngå som grunnlag når ein skal dimensjonere og planlegge studieadministrasjonen.

Vi støttar arbeidet med å jobbe vidare med å sjå på mogelege gevinstar ved digitalisering.

Funksjonsplanen tar fram utfordringa med å organisere studieadministrative oppgåver i ein institusjon som har så ulike føresetnader. I planen står det « Sentralt i dette , er samarbeidet mellom administrativt tilsett i fakulteta og i fellestenestene, som derfor treng avklarte roller og møtestadar.»

Dette er viktig å ta med seg, men funksjonsplanen fungerer ikkje som hjelp i dette arbeidet når studieadministrative oppgåver i fakulteta ikkje er med på same detaljeringsnivå.

Når ein i utfordringsbildet trekker fram dei ulike føresetnadane hadde vi håpa at ein samtidig også drøfta konsekvensen av at fakulteta har valgt ulik fagleg organisering.

Effektivitet og samarbeid på tvers av einingar og avstandar blir nemnt som del av utfordringsbilde. Her blir det sagt at «det i arbeidet med funksjonsplanen og organiseringa har vore eit mål å legge til rette for gode faglege forum og nettverk.» side 4 i funksjonsplanen. Vi synes at funksjonsplanen slik den er levert ikkje drøftar dette på ein god måte. Det blir vanskelig å gje tilbakemelding om den fremjar effektivitet og samarbeid på tvers når så mange prosessar manglar og grenseflater ikkje er beskrivne.

: Det kan også bli en utfordring at man avhengig av spesialisert kompetanse for å for å levere høy kvalitet på disse tjenester. Samtidig som det er uttalt at en del tjenester være tilgjengelig på alle studiestedene hvor de i større grad må kombinere arbeidsoppgaver og fagområder.

Prosjektgruppa sine egne notatar

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Viktig med gode tjenester tett på fakultet og institutt, der utdanning, pedagogikk, praksis, faglig grunnlag og tradisjon varierer sterkt.

Hvordan operasjonalisere «tett på»-ambisjonen?

I dokumentet hevdes det at effektivisering kan oppnås gjennom digitalisering – f.eks. knyttet til utfylling av skjema online i stedet for nedlasting og oversendelse per e-post. Dette effektiviserer innsamlingen av data, siden det sikrer at alle nødvendige bokser er utfylt, men det reduserer ikke saksbehandlingen som må gjøres i etterkant. Den nevnte robotiseringen av arkiveringsprosess ved tap av studierett vil heller ikke effektivisere noe, men sikre at studentene får korrekt dokumentasjon og utsendelse av vedtak.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag (Marit Ubbe)

Vi vil ha team/tett samarbeid med utdanningsadministrasjonen men også på tvers av de ulike fakultetene for å sikre lik praksis og effektivisering. En bør supplere utviklingsbildet under Studietilsynsforskriften med at høgskolen må dokumentere at kravene i Studietilsynsforskriften er oppfylt. Dette innebærer mer ressurser for å følge opp. Savner også omtale av et lokalt «nokut» i forhold til kvalitetssikring/selvakkreditering av studieprogram.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet²:

Gruppa har vurdert innspela. I den reviderte funksjonsplanen under utfordringsbilete vil vi:
--

² Obligatorisk utfylling.

- trekkje fram universitetsambisjonen, og kva konsekvensar dei skjerpa krava til akkreditering som universitet gir for utdanningsadministrasjonen, når det gjeld kompetanse og arbeidet som må gjerast fram mot 2023.
- oppklare misforståinga rundt spesialisering av oppgåver på mindre versus større studiestader. Målet er å tilby likeverdige tenester på dei fem studiestadene. Gruppa peika på utfordringar knytt til å nå målet. På mindre studiestader vil dei tilsette i større grad kombinere oppgåver og fagfelt i utdanningsadministrasjonen. Stillingane dekker eit breiare spekter av oppgåver. På ein større studiestad er stillingane meir spesialiserte, forstått som at spekteret av oppgåver er smalare og i større grad knytt til eitt utdanningsadministrativt fagfelt. Sjølv sagt kan det vere spesialistar innan utdanningsadministrative fagområde også på mindre studiestader. Det vil vere ei vurdering mellom grad av generalist eller spesialist, når ein organiserer administrasjonane og definerer kva oppgåver/fagområde som skal liggje til stillingane på dei ulike studiestadene.
- Ta med utfordringar knytt til at ansvaret for internasjonaliseringsverksemda er lagt til prorektor for forskning, samtidig som oppgåver knytt til studentutveksling vil ha sterk tilknytning til utdanningsadministrasjonen. Forskrift om tilsyn med utdanningskvalitet i høgre utdanning stiller krav til studietilboda og at dei har ordningar for internasjonalisering. Det får konsekvensar for fleire prosessar som utdanningsadministrasjonen deltek i, til dømes arbeid med studieplanar og emneskildringar, førehandsgodkjenning av fag og emne, studierettleiing, opptak.
- Digitalisering – presisere at dette er eit område HVL må utarbeide ein strategi for og prioritere ressursar til. Arbeidet med prosesskartlegging har så vidt avdekka nokre muligheiter for digitaliseringsprosjekt, men dette arbeidet må få eit mål og ei retning gjennom vidare satsing i HVL. Utdanningsadministrasjonen bør vere ein pådrivar i arbeidet.

Innspela nedanfor er nemnt under utfordringar, men gruppa vel å ta dei med under organisering:

- Gruppa vil foreslå grenseoppgang mellom internasjonalisering og utdanningsadministrasjon i fellestenester og fakultetsadministrasjonen.
- konkretisere kva administrative ressursar som skal liggje til dekan sitt ansvar innanfor utdanning
- konkretisere kva administrative ressursar som skal liggje ved kvar campus for å sikre og utvikle gode tenester til studentar og tilsette.

87. Har du innspel til forslag til organisering av Utdanningsadministrasjonen (kap. 3)?

Avdeling for ingenriø- og naturfag (Stein Joar Hegland)

Utdanningsadministrasjonen har einingar medan forskingsadministrasjonen har team. Er det tenkt kritisk gjennom skilnader her.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Økonomi og verksemdstyring (Kirsten Bakken)

OU – IT/digitalisering – Senter for nye medier – drift – utdanning :

I funksjonsplanene er det områder som er overlappende/tett kopling med hovedoverskrift 'effektiv drift'/'kvalitetsutvikling' og som fordrer organisasjonsutvikling. Det bør være en funksjon som har et koordinerende ansvar for å få en best mulig og målrettet ressursbruk i ei matriseorganisering.

Generelt til personal, forskning, utdanning :

Økonomiseksjonen har lagt opp til fakultetsteam med dedikerte ressurser mot fakultet, men som er fleksibelt. Jeg mener det ville bli bedre samlede tjenester til fakultetene dersom flere enheter tenker på samme måte i forhold til støtte til fakultetene. Da vil disse teamene kunne ha felles informasjonsflyt til/fra fakultet for felles oppdatering, og fakultetene får støttefunksjoner i fellestjenestene som kjenner forholdene ved fakultetet (kan fange opp støttebehov) og fakultetet vet hvem de skal forholde seg til.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Dagrun Kyrkjebø)

Positivt med seksjonar/einingar på tvers.

Utfordrande at tilsette på enkelte campusar kan få fleire leiar då dei har arbeidsoppgåve som er del av fleire einingar og seksjonar.

Nokre oppgåve som til dømes rekruttering og opptak er ikkje representert på campus Førde ein må trygg at desse oppgåvene framleis vert ivarettatt på ein like god måte som om dei var tilstede her.

Eg meiner at EVU-eininga blir lite synleg i denne organiseringa, og at den bør ligge direkte under prorektor for utdanning. EVU-eininga bør omfatte både tilbod finansierte av ordinær studiepoengløyving, eksternt finansierte tilbod, kurs, arrangement og etterutdanningstilbod.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for personal- og organisasjonsutvikling (Ida Heggholmen)

Jf overordna. 43 årsverk på fakultet av hvor mange årsverk totalt?

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Utdanningssenteret (Espen Fosse)

Einingane er som følgjer (tal på årsverk er tatt frå funksjonsplanen):

- EVU – ca. 15 årsverk

Denne må sjåast i samanheng med funksjonsområde for samhandling, og organisering av fakulteta

- Eksamen – ca. 20+ årsverk
- Opptak – ca. 12 årsverk
- Utdanningskvalitet, LMS og FS – ca. 15,5 årsverk

Forslag til Organisasjonskart vert sendt ved.

Førstelinja bør ikkje bli plassert saman med eksamen, både pga eininga sin totale storleik og fordi hovedarbeidsoppgåvene i førstelinja meir naturleg høyrer saman med drift og timeplan. Førstelinja blir føreslått flytta til arealforvaltning/drift på same måte som timeplan og arealplanlegging. Grunngevinga er ut frå dei ansvarsområder og oppgåver som er skildra for arealforvaltning og drift og som har stor grad av overlapping med førstelinjetenesta. Dette er til dømes post, mottak av pakkar, «telefonsentral», utdeling av studentkort/adgangskort, parkeringsbevis, rombooking, kopimaskiner mm.

Vitnemåla bør skrivast ut på fakultetet, der kvalitetssikringa av innhaldet føregår og der kompetansen på utdanningsplaner vil vere. Vidare grunngeving for dette er at klargjering og førebuing høyrer heime hos studierettleiarar/studiekonsulentar som er vedtatt lagt til fakultet, samt at dekan skal signere. Det vil seie at prosessen i stor grad allereie ligg på fakultet og dermed tenleg at sjølve produksjonen og utskrifta også føregår der. Vitnemålsproduksjon er ikkje campusavhengig og kan samlast på ein stad dersom det er ønskeleg.

Det er viktig at fagområder ikkje blir splitta. For eksempel at rekruttering enten må liggja hos opptak eller hos samhandling, og ikkje bli spreidd. Dette gjeld alle fagfelt som har organisert dette på ulik måte i dei gamle institusjonane - td rekruttering, timeplan og førstelinje.

Me ser det som viktig at oppgåver på institusjonsnivå, organisert i fellestenester, og oppgåver på fakultetsnivå, organisert i fakultetstenester, blir samla fysisk der det er hensiktsmessig for studentar og tilsette som skal nytta seg av disse tenestene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

[Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag \(Henning Nordheim\)](#)

Fakultetsnivå:

Organiseringa av utdanningsadministrasjonen på fakulteta er fråverande i funksjonsplanen.

Sentralt nivå:

Vi merker oss at prosjektgruppa ikkje har greidd å samle seg om ein modell for organisering og leing. Generelt er vi bekymra for at nokre av einingane som er foreslått i organisasjonskart (jf. s. 6) er for store grupper og leiarane må ivareta både personalansvar og fagansvar for sitt område.

Vi treng juridisk kompetanse i utdanningsadministrasjonen ved HVL, gjerne under både Seksjon for utdanningskvalitet og Seksjon for studieadministrasjon. HVL har ein stor samla studentmasse, og studentane blir stadig meir bevisste sine rettigheter. Med tilsetting av studentombodet ved HVL, er det naturleg at òg utdanningsadministrasjonen har god tilgang til juridisk kompetanse når det er behov.

Vi ser òg at det er eit stort behov for å utvide Eining for læringsmiljø og læringsstøtte med dedikerte ressursar til tilrettelegging for studentar med særskilte behov og kompetansebygging på rettleiing. Det har vore ein stor auke i tal på studentar som treng tilrettelegging av studiet, og det er lagt opp til stadig meir samarbeid mellom HVL og andre instansar (lege, psykologisk helseteneste, NAV, studentsamskipnaden, Lånekasse). Eit viktig argument for å dedikere ressursar til tilrettelegging for studentar med særskilte behov på sentralt nivå, er for å sikre alle studentar ved HVL skal ha rett til same tilrettelegging uavhengig av kva fakultet/studiestad dei høyrer til. Når det gjeld rettleiing, er dette eit eige fagområde som bør prioriterast på ein utdanningsinstitusjon. Ressursar til kompetansebygging på rettleiing bør derfor forankrast sentralt i Eining for læringsmiljø og læringsstøtte.

FS-gruppa kan òg med fordel utvidast og må ha ansvar for einskapleg registrering i FS, opplæring og brukarstøtte ut mot FS-brukarar i organisasjonen. God FS-kompetanse og einskapleg registrering er viktig for m.a. rapportering, statistikk og analyse. Mange nye digitale løysningar i FS er under utvikling, og det er viktig at HVL implementerer og tek i bruk desse løysingane snarast råd for å innhente digitaliseringsgevinst.

Eit viktig område i utdanningsadministrasjon som er å gjennomføre studiestart, er heilt fråverande i dokumentet (med unntak av nemnt under Eining for etter- og vidareutdanning). Dette ansvarsområdet bør plasserast.

Lokale opptak (enkeltemneopptak, overflyttingsopptak, hospitantopptak) vert i dag utført i grenseflata mellom opptak og fakultetsadministrasjonen. Desse lokale opptaka er ikkje nemnt i høyringa og ligg ikkje plassert tydeleg nok i organisasjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Seksjon for forskning og ekstern samhandling (Eirin Fausa Pettersen)

Videreformidling av innspill fra seksjonen:

Vi (EVO-kontoret) er svært nøgd med at vi framleis vert omtalt som eigen eining med eigen leiar. Vi er likevel kritiske til at vi i denne samanheng er organisert under Seksjon for utdanningskvalitet. Dette vil ikkje gje nokon form for meirverdi og utvikling av vår verksemd. Vi arbeider i tett samarbeid med utdanningskvalitet allereie og kjem til å gjera det også i framtida. Som ei eining som har eit høgt fokus på eksterne samarbeidspartar og utvikling og sal av nye studietilbod, er vi redd for at våre behov for å være i kontakt med omverda druknar litt dersom vi vert plassert under prorektor for utdanning, under seksjon for utdanningskvalitet. Vi kjenner oss meir heime under prorektor for samhandling sitt funksjonsområde. Utvikling av vidareutdanningstilbod og oppdrag er vår primær oppgåve og dette fordrar tett kontakt med eksterne samarbeidspartar og oppdragsgjevarar. Vi har derfor foreslått å etablere HVL-Vidare som eige eining. Dette for å fylje med i tida og være ei eining som dekkjer alt av kompetanseutvikling. HVL-Vidare vil være meir begripeleg for samfunns- og arbeidsliv også brukt av andre UH-institusjonar. Dette utelet ikkje behov for høg kvalitet på det studieadministrative og kvalitetsmessige arbeidet og vi er derfor opptatt av å ha eit god og nært samarbeid med Seksjon for utdanningskvalitet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Det ulike synspunkt på den foreslåtte organiseringen av avdeling for utdanning. Det det ser ut til å være full enighet om er at førstelinje ikke bør settes i en enhet med eksamen og studentsaker. Det foreslås at det blir en egen enhet Studenttjenester sammen med LMS og læringsmiljø.

EVO -utdanningsadm. foreslås også lagt inn i natulige områder som, opptak, eksamen mv.

Deler av utdanningsseksjonen foreslår at avdelingen organiseres i 4 seksjoner; Opptak og rekruttering, Utdanningskvalitet, studieportefølje og analyse, Eksamen og studentsaker, Studenttjenester og læringsmiljø.

En enhet peker på at de foreslåtte enhetene vil måtte organiseres med faglige team f.eks. eksamen, analyse mv.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Høgskolen har som prinsipp at en leder skal ha personalansvar for 20-30 personer. Det er uklart hvordan dette er tatt hensyn til i forslaget.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

NTL (Tone Skjerdal)

NTL ønskjer at utdanningsadministrasjonen har seksjonar som byggjer på dei tre nærregionane, med tverrgåande faglege team (utan personalansvar) under desse, jf. argument i neste punkt. Det er svært uheldig at det ikkje kjem fram i høyringa at det var eit mindretal i prosjektgruppa som ønskte den modellen som er lagt fram i høyringa. Den alternative modellen burde òg vore lagt fram slik at alle tilsette kunne vurdere denne, og me ber om at den modellen vert framlagt i neste runde.

Den store skilnaden mellom utdanningsadministrasjon og andre administrative område, er at utdanningane og studentane er knytt til campus, og dei fleste studentane finst der. Tett på studentane skal vera eit kjennemerke ved HVL. Dette betyr at ein treng jamlege møtepunkt mellom stadleg (utdannings-)leiing og stadleg studentleiing. Ein stadleg leiing bør ha eit ansvar for kontakt med studentane på campus. Desse kan handtera hendingar som skjer med studentane raskt og effektivt.

Det bør vera ein eigen seksjon for EVU, rett under prorektor for utdanning. EVU-arbeidet skjer mot omverda, på tvers av alle einingane som er definert i forslaget, i tett kontakt med fakulteta, avdeling for samhandling og avdeling for forskning. Det er difor svært uheldig om EVU-eininga vert plassert langt ned i strukturen på avdeling på utdanning.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Vage formuleringar om team og punkt om Evt. i funksjonsplanen for Utdanningsadministrasjonen gir ingen konkrete haldepunkt for å sjå ansvarsdelinga mellom fakultet og fellesadministrasjonen. Etter samtale med prorektor for utdanning i dag, forstår eg at dette med EVT. fakultet EVT: studiestad, som er gjennomgåande i dokumentet er ein følgefeil. Dette er svært viktig at vert retta opp. Slik vi las funksjonsplanen no såg den gjennomgåande tonen ut til å vere ei organisering der dekan og fakulteta/institutta må bestille administrative tenester frå fellesadministrasjonen. I ein fleir-campus høgskule med fire fakultet er dette mykje for laust, og det er også uråd å sjå at det er samsvar med det grunnlaget som låg til grunn for styret sitt delegasjonsvedtak. Vi ynskjer ein heilt konkret plan for administrasjon ved fakulteta og institutta og for ei god campus-utvikling ved alle fem campus. Ei sentralisering av administrative ressursar er svært uønskt. Det same er ei topptung organisering kring leiing. Med dei strukturarvi såg konturane av når vi las funksjonsplanen, vil truleg fleire campus bli mykje svekka. I ny ein fleir-campus organisasjon kjenneteikna av kunnskapsarbeid, der høgskulen skal vera i den digital kunnskapsfronten og ha deling som kjenneteikn, synes dette å vera lite klokt.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Utdanning burde være det store satsingsområdet, med mye kreativitet for samhandling og nytenking samt effektivisering med digitale prosesser. Campusovergripende funksjoner og oppgaver under

administrativ faglig ledelse burde her være mulig, mens det ser ut til at nærregion og fokus på regional ledelse ser ut til å være viktigst for flere.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Georg Førland)

Organisering av praksisadministrasjon:

Avdelingen støtter at dette er en administrativ oppgave som «eies» og organiseres av fakultetene, og som fakultetene må se nærmere på dette i det videre arbeidet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Terje Bjelle)

Som det går fram av innstillinga, var det ikkje semje i prosjektgruppa om modell for organisering og leiing av utdanningsadministrasjonen. Me ynskjer ei organisering med tre seksjonsleiarar som har personalansvar for tilsette i kvar sin nærregion. I prosjektgruppa var det fleirtal for ei slik organisering. Me ynskjer ein variant av denne fleirtalsmodellen som ser slik ut:

Dette er langt på veg same struktur me med hell har nytta i fusjonsprosessen så langt. Dei viktigaste argumenta for denne modellen er:

- Det styrkar campus-/nærregionblikket på organisasjonen, noko det er sterkt behov for. Attraktive og velfungerande studiestader er avgjerande for at HVL skal vera ein høgskule for heile landsdelen. Ei gruppe studieadministrative medarbeidarar med nærregion-/campus-forankring vil vera positivt med tanke på å utvikla studiestader med god tilrettelegging og eit godt samla læringsmiljø.
- Geografisk basert leiing gir større fleksibilitet med betre ressursutnytting. På dei mindre studiestadane vil dei studieadministrativt tilsette ha fleire ulike arbeidsoppgåver og dermed vera deltakar i fleire fageiningar/team. Stadleg personalleiing vil ha betre føresetnader for å tilpassa ressursbruken etter skiftande behov på tvers av dei ulike fageiningane.
- Geografisk basert leiing legg til rette for nærare og betre kontakt med dei tilsette. Det gir vilkår for at leiaren kan «sjå» kvar enkelt tilsett og ta dei omsyn og gjera dei tilpassingane det til ei kvar tid er behov for. Leiing på tvers av geografi gir ikkje den same kontakten utan at leiaren er svært mykje på reise. Svært mykje reising vil gjera leiarstillingane mindre attraktive for tilsette i dei geografiske utkantane som Førde, Sogndal og Haugesund.
- Modellen sikrar at HVL får tre leiarar, ein i kvar region, som er breitt orientert om studieadministrasjon og utdanningspolitikk. Desse vil vera del av prorektor si leiargruppe og vil styrke prorektorfunksjonen, også ved å gi avdelinga ein geografisk balanse og legitimitet.
- Arbeid med utdanningskvalitet omfattar mange ulike arbeidsfelt, og oppdeling i fagteam vil kunne svekke det tverrfaglege administrative arbeidet. Dei fire foreslåtte fagteam sine arbeidsoppgåver grensar tett opp til kvarandre, og ein stadleg leiar vil ha gode føresetnader for å sikre delingskultur i kvar nærregion. Det er viktig å unngå at fagteam vert «seg sjølv nok». Med den foreslåtte organiseringa kan ein risikere at nærregionar vert utan leiar i prorektor si leiargruppe. Det meiner vi er uforsvarleg.

Modellen legg hovudtyngda av personalansvaret på seksjonsleiarnivået, men dette vil det vera mogeleg å justera på dei ulike studiestadane. I Bergen, der tal tilsette vil vera for høgt til at personalansvaret kan leggjast til ei stilling, vil det vera mogeleg å fordela dette til leiarar av fagteam eller til assisterande seksjonsleiar.

Leiarane av fagteama er primært faglege leiarar. Utan personalansvar kan dei i større grad konsentrera seg om den faglege utviklinga og samordninga. Blant dei viktige oppgåvene vil vera å etablera gode relasjonar og klok arbeidsdeling med dei tilsette i fakulteta.

Modellen gir utfordringar med tanke på samarbeid og gode relasjonar mellom seksjonsleiarane og leiarane av fagteama. Men desse utfordringane vil ikkje vera større enn det ein får ved å leggja personalansvaret hjå teamleiarane. Truleg vil geografisk basert personalansvar gi betre høve til å gjera kloke tilpassingar både i forhold til funksjonar og tilsette. I tillegg vil det truleg vera ressursparande med at leiarar med personalansvar i mindre grad treng å nytta tida til reiser. I dei fleste tilfelle er det enklare å løysa faglege utfordringar med geografisk avstand enn det er å handtera personalutfordringar.

- Modellen legg opp til ein eigen seksjon for EVU organisert direkte under prorektor. EVU-arbeidet skjer mot omverda, på tvers av alle einingane som er definert i funksjonsplanen

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Vi ser at dei ulike einingane i seksjonane vil få veldig ulik størrelse, men ser klare argument for at organisasjonskartet ikkje må delast i fleire nivå. Vi har ikkje innspel til annleis organisering.

Det blir trekt fram at det « vil vere avgjerande for fleire einingar i fellestenestene å ha eit tett og godt samarbeid med utdanningsadministrasjonen i fakulteta. Eit tiltak for å sikre eit slikt samarbeid er team og nettverk på tvers av fellestenester og tilsvarande tenester i fakulteta. Det vil sikre god praksis, god arbeidsdeling og at ein unngår dobbeltarbeid.» Til dette vil vi legge til at det blir vurdert som like viktig premis for god praksis og samarbeid at også studieadministrative tenester som blir organisert i fellestenester orienterer seg tydelig mot kjerneverksemda, og lar også dette inngå som likestilt med mål saman med mål om lik praksis, robusthet og profesjonell administrasjon. Det vi meiner må bli tydeligare er at utdanningsadministrative tenester skal sørge for gode støttefunksjonar til fagleg leiing og vitskapeleg tilsette og støtte opp om studentane. Det blir då viktig å ha ei organisering med einingar som er tett på studentane, ikkje for mange ledd og ein organisasjon kor den enkelt tilsette har stort ansvar. Dette hadde vi håpa på vart tydeligare i drøftingane når ein skal velje organisering for utdanningsadministrasjon.

Like viktig som at tilsette i dei ulike einingane skal samarbeide tett med fakulteta blir at leiarar for seksjonar og eining har tett samarbeid med utdanningsleiinga ved fakulteta.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Parat (May Britt Sandstål)

Vi må sikre likebehandling og sette fokus på felles praksis på tvers av fakulteta og fellesadministrasjon, byggje opp kompetanse på lover og regelverk, noko som er viktig når vi har eit uttalt mål om å bli universitet.

Førstelinja bør ikkje bli plassert i eininga eksamen og studentsaker. Oppgåvene som ligg under førstelinjeteneste er meir driftsoppgåver enn studierelaterte oppgåver. Det har ikkje noko med utdanning å gjere. Oppgåver er til dømes post, mottak av pakkar, utdeling av studentkort/adgangskort, parkeringsbevis, rombooking, kopimaskiner mm. Førstelinjeteneste skal serve heile organisasjon og ikkje berre studentar.

Rapporten frå areal, drift og prosjekt seier at det m.a. har vore gjort ei «samstemming» med prosjektgruppa for utdanning om at aktivitet som er knytta til servicetorget og funksjonar over disk, skal liggje til utdanning. Dette inkluderer administrering av parkeringsplasser og utlån av el-sykler og el-biler. Desse aktivitetane er derfor ikkje inkludert i denne funksjonsplanen. Desse avklaringane er generelle og gjeld for alle studiestadane.

Vidare står det at oppgåver og ressurser som er knytta til servicetorget og resepsjon som tidligare låg i Bergen er flytta over til studie. Det er foreslege at både ressurser og arbeid skal over til Utdanning i forbindelse med flytting av servicetorget.

I denne siste rapporten synes det som om det allereie er foreteke ei organisasjonsendring ved å overføre oppgåvene frå servicetorget i Bergen til utdanningsadministrasjon. Det synes ulogisk at service-/driftstenester skal overføre ressurser og oppgåver til utdanningsseksjon. Om det er gjort ei konkret avtale mellom dei to prosjektgruppene om å flytte oppgåver og ressurser frå drift til utdanning, slik vi les rapporten frå areal, drift og prosjekt, synes det å vere utanfor mandatet til prosjektgruppa. Utdanningssenteret driv med studentrelatert oppgåver og ikkje driftsoppgåver som nemnt ovafor.

Når målbilete til utdanningsseksjonen er at vi «skal gi gode tjenester til studentene, og på den måten leggje til rette for et godt studiemiljø» så kan vi ikke ta eit steg tilbake

Det er og ein del uklare grensegangar mellom studieadministrative oppgåver som skal løysast i fellesadministrasjonen og av fakultetsadministrasjonen. «Studentsaker» er udefinert, men plassert i Eksamen og fyrstelinje. Men mykje av nettopp studentsaker er saker som i dag vert handsama av studiekonsulentar, som for vår del skal ut på fakultetet. Av det som er definert til å høyre inn under fakultetet, er ikkje studierettleiing (som er å finna under eksamen), men «administrativ studierettleiing». Kva legg ein i dette?

Det står og i planen at gruppa ikkje har klar å samle seg om ein modell. Det burde vore presentert alternative modeller.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

[Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag \(Johanne Trovåg\)](#)

Modellen for organisering av utdanningsadministrasjonen presentert i høringen er lite tilpasset de fire små campusene. Behovet for studieadministrative tjenester på de fire små campusene kan se ut til å bli svekket hvis det ikke finnes en studieadministrativ leder på campusnivå (eller minimum nærregionsnivå). Dette vil føre til mindreverdige tjenester på fire av fem campus og for deler av de fire fakultetene, noe som ikke er holdbart.

Desentralisert og/eller distribuert forvaltning til fakultet og institutt er ikke drøftet.

Rekruttering – dette må gjennomføres i TETT samarbeid med fakultetene (og avklares hvor rekruttering skal ligge - Utdanning eller samhandling).

Er kvalitetssystemet rett plassert når det ligger under utdanning, eller bør dette ligge på organisasjonsnivå, f.eks. i staben til organisasjonsdirektøren? Ansvar for kvalitetssystemet bør ligge til virksomhetsstyring under organisasjonsdirektør. En så viktig funksjon som ligger som en del av en underenhet på utdanning vil "forsvinne" og ikke evne å nå de riktige beslutningsnivåene. Dette gjelder også HMS-funksjonen som er avhengig av en fri og uavhengig rolle. Både kvalitet og HMS kan eventuelt ligge i stab under rektor for å sikre rapportering i "riktig" linje, samt den frie og uavhengige rollen som for eksempel NOKUT vil forvente.

Enhet for utdanningskvalitet – svært mange grenseoppganger som må gjøres opp mot fakultetene. Hvis dette skal være en støttetjeneste (noe vi forventer at det skal være), bør dette komme tydeligere frem.

EVU – må avklares hvor denne skal ligge, siden den innenfor denne høringen er plassert tre forskjellige steder i organisasjonen. Det er også mange arbeidsoppgaver som er definert inn her hvor ansvaret MÅ ligge i fakultetene og/eller samarbeidet fakultet/EVU må være spesielt tett; produktutvikling (ref. punkter på s. 16 og s.17), markedskontakt og samhandling med eksisterende og potensielle kunder (s.16), arrangør av videreutd., etterutdanninger, seminarer og konferanser (s.16), gjennomføring og evaluering av EVO-studium (s.17). EVU-avdelingen eller andre enheter i utdanningsadministrasjonen må ikke bli en «stat i staten», hvor fakultetet ender opp som en slags underleverandør til sine egne aktiviteter.

Vitnemål bør skrives ut på fakultetene, siden denne jobben allerede i stor grad ligger på fakultet (dekan signerer og studiekonsulenter forbereder/kvalitetssikrer).

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

[Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag \(Marit Ubbe\)](#)

Vi etterlyser et kart som viser fakultetsadministrasjonen og synliggjøring av fakultetsadministrasjonen sine arbeidsoppgaver. Utdanningsadministrasjonen bør ha en person som kan bistå de administrative (også fakultet) med juridiske spørsmål i saksbehandling. Kompleksiteten i studentsaker har merkbart økt og man bør vurdere behov for egen enhet for tilrettelegging av studie i forbindelse med helse og velferdsproblemer for studenter.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet³:

Gruppa har vurdert innspela. I den reviderte funksjonsplanen under organisering vil vi:

- Beskrive organiseringa av utdanningsadministrasjonen i fakulteta etter å ha konsultert fakulteta og hørt kva synspunkt dei har om saka.
- Beskrive grenseflatene mellom utdanningsadministrasjon i fellestenestene og fakulteta etter å ha konsultert fakulteta og hørt kva synspunkt dei har om saka.
- foreslå formelle nettverk for tilsette i fellestenester og fakultet som arbeider innan det same fagområdet
- Foreslå at studieadministrative oppgåver knytt til EVU-verksemde blir utført i fageiningane i utdanningsadministrasjonen i avdeling for utdanning og i fakulteta. Prorektor har dermed ansvar for utdanningsverksemda, mens prorektor for samhandling har ansvar for generell samfunnskontakt. Støtte til fakultets sitt arbeid med å utvikle og gjennomføre EVU må liggje i fakulteta. Stillingar som i dag ligg i einingar for EVU eller liknande vil delast mellom avdeling for samfunnskontakt og fakulteta – treng vidare avklaring. Det betyr at EVU ikkje blir organisert som ei eiga einig i avdeling for utdanning, men dei studieadministrative oppgåvene blir lagt til dei ulike fageiningane i avdelinga.

³ Obligatorisk utfylling.

- Foreslå at studieadministrative oppgåver knytt til studentutveksling blir lagt til utdanningsadministrasjonen i avdeling for utdanning og fakulteta.
- Foreslå at førstelinjetenesta blir ei eiga eining for å reindyrke funksjonen og plassere eit overordna ansvar. Førstelinjetenesta må tilpassast behova på dei ulike studiestadane.
- Halde fast på at utskriving av vitnemål skjer i fellestenestene, fram til vi veit meir om konsekvensane av digitaliseringa på dette området. Vitnemålsportalen er tatt i bruk og kan på sikt endre arbeidsoppgåver knytt til vitnemålutskriving.
- Halde fast på at utdanningsadministrasjonen har eit hovudansvar for rekruttering, og at oppgåvene blir lagt til eining for rekruttering og opptak. Arbeidet må skje i samarbeid med avdeling for samfunnskontakt og fakulteta
- Flytte studentsaker ut av eining for eksamen
- Foreslå at studiestart og oppgåver knytt til tilrettelegging blir lagt til eining for læringsmiljø og læringsstøtte
- Organisasjonskonsulent i Studentparlament, har delar av stillinga si i utdanningsadministrasjonen, vert knytt til eining for rekruttering og opptak.
- Avklare bruk av omgrep, for å unngå misforståing og sikre felles bruk av omgrep.

88. Har du innspel til forslag om leiing av Utdanningsadministrasjonen (kap. 4)?

[Avdeling for ingeniør- og naturfag \(Stein Joar Hegland\)](#)

Seksjonsleiarar og einingsleiarar: er det det same som direktørar og teamleiarar i forskingsadministrasjonen?

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for helsefag \(Dagrun Kyrkjebø\)](#)

Vi meiner at det er viktig med stadleg leiing og at personalansvaret skal følgje geografi, ved at ein leiar i kvar nærregion har personalansvar for alle tilsette i utdanningsadministrasjonen i sin nærregion

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Utdanningssenteret \(Espen Fosse\)](#)

Som ei overgangsordning foreslår Utdanningssenteret å dele leiaransvaret mellom fagansvar og personalansvar. Organiseringa vil då bli tre leiarar knytt til dei gamle nærregionane under prorektor. Personalleiar vil inngå i leiargruppa til prorektor og støtte prorektor på strategisk og overordna nivå innan områdene samhandling, utdanningskvalitet og studieadministrasjon. Vidare vil det bli fire campusovergripande «einings» leiarar med fagansvar: 1) EVU, 2) eksamen, 3) opptak, 4) utdanningskvalitet/LMS/FS. Disse fire vil saman med leiargruppa utgjere ei utvida leiargruppe på åtte.

Samla personal- og fagansvar kunne vore mest ideelt, men med tanke på geografiske utfordringar og før den nye organiseringa er implementert, ser vi det som meir tenleg å dele personal- og fagansvar. Den første tida må lag- og relasjonsbygging prioriterast høgt.

Det studieadministrative arbeidet med eksamen er eksempel på eit fagområde, der det er særleg behov for ein studieadministrativ leiar på campus/nærregionnivå som kan vere ei støtte i samarbeidet med andre seksjonar/einingar på gjeldande campus for å kunne arrangere eksamen. Det vil vere td drift, it, og fakultet/institutt. Dersom ein kun har ein fagleg leiar med personalansvar plassert på eitt av campusane, vil truleg ikkje denne leiaren ha kapasitet eller føresetnad for å gi nødvendig støtte på dei andre fire campusane.

For etter- og vidareutdanning er det viktig med leiing som er tett på beslutningar slik at HVL raskt og effektivt kan svare på førespurnader frå offentleg eller privat sektor.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

Organisering og leiing av utdanningsadministrasjonen på fakulteta er fråverande i funksjonsplanen, og det kan synast som om det er dekanane som skal avgjere organisering og leiing av fakultetsadministrasjonane sine. Dette kan resultere i svært ulik organisering avhengig av dei ulike dekanane sine ynskje. Det bør vere nokre prinsipielle føringar på leiing og organiseringa av utdanningsadministrasjonen på fakultet. Argument for ei mest mogleg lik administrativ organisering er moglegheitene for samkjøring/samarbeid og einskapleg praksis på tvers av fakulteta.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Det er enstemmig enighet om at fag- og personalansvar må følge hverandre.

Den delen som foreslår fire seksjoner foreslår også fire ledere som rapporterer til prorektor.

Deres begrunnelse er i hovedsak;

Vi har pekt ut fire sentrale områder innenfor utdanningsadministrasjonen som bør kobles tett på prorektor. Hvis man fjerner mellomleddene, så kan man få en mer effektiv administrasjon som er tettere på fagområdene som skal forvaltes. Det vil igjen være viktig at de som blir ledere for de ulike seksjonene har fag- og personalansvar og er en del av prorektors ledergruppe. På den måten får man mer direkte kommunikasjon fra enhetene til prorektor, og prorektor har flere ledere å spille på.

En enhet peker på at det må være samme betegnelse på ledere i utdannings- og forskningsadministrasjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

NTL (Tone Skjerdal)

Det å ha eit personalansvar medfører at ein må vera til stades med jamne mellomrom på alle stadene ein har tilsette, og ein må vera «der det brenn». Denne typen personalansvar kan ikkje ivaretakast på e-post eller Skype. Fjernleiing med personalansvar, med den store reiseaktiviteten dette inneber, er særleg uheldig i eit ressursperspektiv. Årsakene er fleire:

- Ein vesentleg del av arbeidstida til leiaren vil bli nytta på reise. I Vestlandslandskapet veit ein at dette ikkje er tid som kan brukast (tilnærma) like effektiv som arbeidstid på ein av campusane.
- Mykje reising inneber store reisekostnader. I ei framtid med meir avgrensa ressursar, er dette feil prioritering
- Reising har ein miljøkostnad. Særleg mellom Sogndal og Bergen/Stord/Haugesund er det utfordrande å unngå fly. Dersom ein ynskjer at HVL skal vera miljøverksemd, må ein ha organisasjonsmodellar som byggjer opp under dette.
- Reising på Vestlandet inneber ein HMS-risiko. Denne må ikkje undervurderast av HVL som organisasjon
- Stor reiseaktivitet over lange avstandar er samla sett ein belastning for den det gjeld, inkludert familie og fritid for denne.

Fjernleiing med personalansvar vil favorisera leiarkandidatar frå Bergen, og til ein viss grad frå Stord. Det er vesentleg mindre attraktivt å vera i lokalisert i Haugesund, Førde eller Sogndal for dei som skal ivareta tilsette på tvers av nærregionane.

Ein koordineringsfunksjon på campus vil vera ei lite attraktiv rolle. Personalansvar bør knytast til folk som òg har ei fagleg leiarrolle på campus.

Ein dimensjon ved det å vera tilsett i ein organisasjon, er å kjenna at ein er del av ein fellesskap. Dersom ein byggjer einingar uavhengig av geografi, vil ein missa eit viktig «lim» som det å høyra til i ei organisatorisk eining som òg har fysiske møte, inneber. Her står kan arbeidsmiljøet stå på spel. Fjernleiing vil vera ei større ulempe for dei som høyrer til geografiske einingar med få tilsette, enn dei som høyrer til geografiske einingar med mange tilsette (dvs. Bergen).

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Felles for funksjonsplanane ser ut til å vera at dei reduserer den stadlege viktigeita. Dette strid mot ambisjonane, måla og profilane som er skildra i fusjonsavtalen frå mai 2016, der vidareutvikling av studiestadane for å betre ivareta regionrolla vert trekt fram som ein viktig ambisjon ved ein fleirkampusinstitusjon. Det er forståeleg at campus og stad spelar ulik rolle i dei ulike funksjonsområda. For funksjonsområda Arealforvaltning, drift og prosjekt, og dessutan Biblioteket, er det sjølv sagt at den geografiske og fysiske staden spelar større rolle enn ved andre funksjonsområde. Funksjonsplanane samla slik dei no framstår legg likevel alt for lite vekt på det stadlege perspektivet, noko som på sikt kan støtte opp om ei uynskt sentralisering av administrative tenester. Ei organisering som ikkje tek omsyn til stad kan òg potensielt bryta med leiingsprinsippa i fusjonsavtalen, både med omsyn til nærleik. Figur 1 i funksjonsplanen for Arealforvaltning, drift og prosjekt tener som eit godt døme på eit organisasjonskart som kombinerer omsyn til både område/stad/geografi og dessutan matrise-/teamorganisering gjennom fagleg samarbeid på ulike område.

Det stadlege perspektivet er viktig i mange omsyn, ikkje berre knytt til utvikling av regionane og leiing. Særleg spelar stad ei viktig rolle for rekruttering, både til leiarstillingar (frå Fusjonsavtalen: «balanse med omsyn til kjønn og geografi i rekruttering til leiar- og nestleiarstillingane»), til utvikling av studiestadar og rekruttering av studentar (frå Fusjonsavtalen: «studiestadar, fag og utdanningar skal kunne profilerast særskilt» og «skal leggje til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd på studiestadane») og dessutan rekruttering av tilsette (frå Fusjonsavtalen: «skal vere ein mangfaldig og spanande arbeidsplass som tiltrekkjer seg dyktige medarbeidarar med høg kompetanse»). Funksjonsplanen utdanningsadm. bør i større grad reflektere desse viktige prinsippa for avtalen som låg til grunn for fusjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Hvert fakultet bør ha en administrativ leder med myndighet som kan være bindeleddet mellom utdanningsadministrasjonen, fakultetet og instituttene. Behovet for en instituttnært administrativ støtte blir større med de store instituttene og fakultetene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Terje Bjelle)

Hovudtrekka i vår leiingsmodell er omtala under organisering. Det er mange tilsette i vår eining som er svært opptekne av leiingsmodellen. Alle er samde i at me ynskjer fagleg samarbeid og koordinering på tvers i høgskulen. Røynslene med det er gode. Samstundes er dei tilsette svært samstemde om at dei ynskjer stadleg leiing. Her er nokre døme på korleis dette vert grunnngjeve:

- «Eg meiner at det bør vere leiarar med personalansvar i kvar nærregion. Eg er ikkje einig i prinsippet om at fagleg leiing og personalleiing bør følgje kvarandre. Det vert krevjande med fjernleiing av personalet. Mykje reiseverksemd. Den foreslåtte organiseringa favoriserer leiarar som sit sentralt. Desse får kortare reisetid knytt til personalleiing enn leiarar frå t.d. Haugsund og Førde. Eg meiner at kvar nærregion treng leiar som kan ivareta eit samla studieadministrativt perspektiv. Det er og viktig for studentane på studiestaden at det er ein tydeleg leiar til stades. Den foreslåtte organiseringa gjer det vanskeleg for studentane å vite kvar dei skal vende seg.»
- «Det er klart at tverrgåande fagleg leiaransvar er positivt. Mange i HVL arbeider allereie på tvers fagleg og dette gjev mange gode diskusjonar, ikkje minst deling av kunnskap. Samtidig med dagens velfungerande tverrgåande faglege samarbeid, har det vore ein stadleg leiar som kunne omdisponere og gje andre oppgåver når det er rom for det. Målet med personalansvar bør vera å sjå arbeidstakaren som heilskap og ikkje som ein prosentandel i sitt team og at dei resterande prosentane og potensialet dermed er utilgjengeleg for teamet og dermed for HVL. Leiaren skal sjå utviklingspotensiale hos den enkelte og på tvers av einingane. Om det skjer eit spanande arbeid i HVL, kor skal arbeidstakaren vende seg for å melde interesse? Er ho då avhengig av å vere på den aktuelle studiestaden for å bidra og utvikle seg? Vil den faglege leiaren i eininga sjå nokon nytte i at ein arbeidstakar melder interesse for andre arbeidsoppgåver enn dei som er knytt til eininga? Dersom ein skal byggja ein utdanningsinstitusjon som tilbyr kvalitetsmessig gode utdanningar må ein trekkje til seg kloke hovud og ein må halde fram med utvikling av dei som er tilsett. Personalleiing på avstand og avgrensing innanfor ei eining vil klart spesialisere ein arbeidstakar, men det vil og gjere at mange når dei ser liten sjanse for utvikling forlèt HVL og finn seg ei meir attraktiv stilling. Ein leiar som sit ein annan stad kan ikkje få god nok oversikt over kva dei tilsette jobbar med, om dei har ein strevsam livssituasjon som krev tilrettelegging eller omtanke. Leiaren ser heller ikkje om ein tilsett har store arbeidsressursar og treng ei utfordring. Det er ein stor ressurs å kunne sjå den ledige og disponible arbeidskapasiteten og la dei tilsette få sjanse til å utvikle seg. (...) Det er kontakten med arbeidstakarane heile vegen ned til dei minste/største oppgåvene som skapar gode linjer og organisasjon.»
- «Utdanningsadministrasjonen bør organiserrast med faglege team på tvers, som inkluderer fakultetstilsette innan dei ulike fagområda. Personalansvaret bør liggja til nærregionansvarlege som òg har fordelt teama mellom seg.»
- «Den store skilnaden mellom utdanningsadministrasjon og andre administrative område, er at utdanningsadministrasjonen er vesentleg større enn dei andre administrative einingane,

og at utdanningane og studentane er geografisk baserte, dei fleste studentane er på ein campus. Tett på studentane skal vera eit kjennemerke ved HVL. Ein del av dei gode erfaringane frå Sogn og Fjordane handlar om jamlege møtepunkt mellom stadleg (utdannings-)leiing og stadleg studentleiing. Ein geografisk basert leiar med personalansvar for tilsette, bør òg ha eit ansvar for kontakt med studentane på campus. Desse kan handtera hendingar som skjer med studentane raskt og effektivt. Det å ha eit personalansvar medfører at ein må vera til stades med

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Vi støttar at personalansvar skal følgje fagansvar, men prinsippet om at leiarfunksjonar skal ha personalansvar for 20-30 personar bør følgast.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

For liten vekt på studentveiledning og oppfølging av studenter i frafallsrisiko. Bør legge mer vekt på kapasitet på fakultets- og instituttnivå.

Det studieadministrative arbeidet med eksamen er et område hvor det er et spesielt stort behov for en studieadministrativ leder på campus (eller i nærregion) som kan bidra i samarbeidet med andre enheter (fakultet/institutt, IT, drift, etc.) på gjeldende campus ifm avvikling av eksamen. En faglig leder i institusjonen vil verken ha tid eller kunnskap til å følge opp lokale behov og tilpasninger ifm avvikling av eksamen på de ulike campusene.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag (Marit Ubbe)

Høgskolen har behov for en studiesjef på hvert studiested som kjenner institusjonen og som kan studieadministrasjon A – Å som kan koordinere, være et bindeledd og bistå i vanskelige saker. Viktig at denne personen har myndighet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet⁴:

Rektor skal vedta prinsipp for leiarstruktur i HVL etter møte i strategisk leiargruppe. Det gir føringar for prinsipp for leiing av administrasjonen både i fellestenestene og fakulteta.

Gruppa er fortsatt delt i synet på modell for leiing, dette vil gå fram i versjon 2 av funksjonsplanen.

Utfordringa er den geografiske dimensjonen i leiing av HVL, der også ein del av høyringsuttalene meiner at denne er viktig for å leggje til rette for effektiv drift og utvikling av studiestadene.

⁴ Obligatorisk utfylling.

89. Har du innspel til forslag om einingar og delfunksjonar i Utdanningsadministrasjonen (kap. 5)?

Avdeling for helsefag (Dagrun Kyrkjebø)

Førstelinjen, egen teneste? Bidrar i veldig mange prosesser, en viktig tjeneste som er sårbar.

Eksamen: Det må bli ikke «springetjeneste» - viktig at oppgaver knytt til eksamensenheten er tydelig tilstede på alle studiestedene og kan delta i hele eksamensprosessen, ikke bare de utførende delene. Viktig å holde fokus på studiestedene sine ulike behov med hensyn til

- Rekruttering,
- Markedsføring (some)
- Opptak

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Utdanningssenteret (Espen Fosse)

Eininga knytt til eksamen mm bør ikkje ha «studentsaker» i namnet. Studentsakene ved eininga er knytt til eksamensområdet og det er ingen grunn til å utheve dette framfor andre arbeidsområder innan eksamen. Dei fleste studentsakene på andre områder enn eksamen, vil bli sakshandsama av studierettleiarar/studiekonsulentar på fakultet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag (Henning Nordheim)

Fakultetsnivå:

Biletet av ansvar og arbeidsoppgåver i fakultetsadministrasjonen som er gitt i funksjonsplanen (s.18-19) er ikkje utfyllande. Her manglar m.a. rettleiingsarbeid, arbeid med utdanningsplanar, FS-oppgåver, lokale opptak (enkeltemne, overflytting, hospitantopptak), studiestart. Ein må òg ha kompetanse på fakulteta i høve nye krav som til dømes administrativ støtte til utdanningsleiing av studieprogramma (jf. Meld St. 16).

Fleire andre høyringar peikar på oppgåver som bør leggjast til studierettleiingstenesta ved fakulteta, m.a. forskarutdanningsadministrasjon og oppgåver knytt til studentmobilitet. Dersom det skal komme nye oppgåver til fakulteta (sjå høyringar Funksjonsplan for Forskingsadministrasjon og Funksjonsplan for Internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid), må utdanningsadministrasjonen ved fakulteta utvidast ytterligare.

Mange av desse føreslegne oppgåvene er driftsoppgåver. Vi meiner derimot at det er særskilt viktig å leggje utviklingsoppgåver til fakulteta, innan for eksempel internasjonalisering og studiekvalitet, då dei fleste utviklings- og strategiske oppgåver krev god oversikt og kjennskap til fakultetet og fakulteta sine utdanningsprogram. Vi meiner at mange studieadministrative driftsoppgåver med fordel kan leggjast til sentraladministrasjonen.

Sentralt nivå:

Vi reagerer på at førstelinjetenester som «funksjoner over disk», administrasjon av parkeringsplassar, utlån av el-sykklar og el-bilar, post, pakkar, varer, registrering av gjester m.m. (jf. høyring

Funksjonsplan for Arealforvaltning, drift- og prosjekt) skal leggjast under Prorektor for utdanning (Seksjon for studieadministrasjon). Dette er ikkje utdanningsadministrative oppgåver. Timeplanarbeidet som derimot har ei stor grenseflate mot utdanningsadministrasjonen, er plassert under Direktør for økonomi og arealforvaltning. Vi meiner at den føreslegne løysinga er svært ulogisk, og vi meiner at det er manglande drøfting/argumentasjon for denne løysinga.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for forskning og ekstern samhandling (Eirin Fausa Pettersen)

Videreformidling av innspill fra seksjonen:

Vi stiller oss undrande til at ansvar for rekruttering av studentar er lagt til eining for opptak og rekruttering. Dette ser vi på som ei oppgåve som tilhøyrar marknadsføring under prorektor for samhandling. Hovudansvaret bør altså leggjast til denne eininga og utførast i tett samarbeid med studierettleiarar med god kjennskap til studietilboda på dei ulike fakulteta.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Viser til innspill under organisering.

Det pekes på at Funksjonsplanen for utdanning har et overordnet perspektiv. Det fører til at en kan bli usikker på hva ord og begreper egentlig betyr. F.eks begrepet studentsaker som står under Einig for eksamen, studentsaker og fyrstelinje. Studentsaker arbeider en med på flere nivå og i flere enheter i organisasjonen. Under samme enheten står det også at en oppgave er oppnevning av sensorer - det er feil, sensorer er en faglig oppgave å oppnevne.

Den funksjonen studentorget i Bergen har med koordinering av studieveiledning må videreføres for å ivareta studentene og koordinering av aktiviteten. det er både faglig- og arealeffektivt.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Hvem har ansvar for opptak til etterutdanning?

Hvem har ansvar for merknader på politiattest?

Funksjonsområdenes beskrivelser på fakultets- og instituttnivå er svært mangelfulle. Flere av funksjonene som er omtalt for fellesadministrasjonen må også løses i fakultetene - grensesnittene er uklare (feks oppnevning av sensorer, grunngiving av karakter, godkjenning av arbeidskrav, klage på karakter, godkjenning av studieplaner).

Prosjektgruppa sine egne notatar:

NTL (Tone Skjerdal)

Når det gjeld studentsaker/studierettleiing, må det òg finnast ressursar i fellestenestene, jf. kommentar i beslutningsgrunnlag Plassering av administrative oppgåver i fellestenester/på fakultet (bestemt i november 2017), punkt om studieadministrasjon.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Funksjonsplanane kommuniserer ikkje tilfredstillande med kvarandre, jamvel om dei administrative arbeidsoppgåvene eller ansvarsområda dei omhandlar grip inn i kvarandre. Eit døme på dette er funksjonsplan for Arealforvalting, drift og prosjekt og funksjonsplan for Utdanningsadministrasjon, der opplegget for Time Edit vitnar om at ansvaret for dette ikkje har tatt opp i seg organiseringa ved 4 av dagens 5 campus. Den skissa som ligg føre om TimeEdit og Areal bryt i alle fall fullstendig med velfungerande strukturar og arbeidsmåtar i nærregion Sogn og Fjordane.

Eit anna døme er at funksjonsplanane for Forskingsadministrasjon og Internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid heller ikkje er sett i samanheng. Den siste si avgjerande rolle for student- (og tilsett)-mobilitet er heller ikkje kopla til Utdanningsadministrasjon.

Vi etterlyser også ein støttefunksjon som kan bistå instituttleiarar med analyse av studentdata - denne støttefunksjonen må ha inngåande kunnskap til lokale studieprogram og vere tett på relevant fagpersonale. Det er i dokumentet nytta nemningar og skildringar av stillingar som ikkje samsvarar med dei som vert nytta i organisasjonen i vår nærregion i dag. Skildringane er heller ikkje definert, og det er ikkje samsvar mellom skildringane i dei ulike funksjonsplanane. Kva ligg t.d. av oppgåver til ein studierettleiar? Er dette det vi kallar ein rådgjevar for utdanning?

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Utdanningsadministrasjonen bør ha nær tilknytning til fakultetene da dette er en av de viktigste funksjonene her. Og manglende beskrivelse av fakultetsadministrasjonen blir et stort savn. Eksempel på dette er studentsaker som ikke bør behandles både på fakultet og sentralt dersom det skal være effektiv saksgang.

Det er flott at analysearbeidet blir trukket frem. Men, for at dette ikke bare skal bli analyse av rapporteringstall må dette arbeidet enten foregå på fakultetene eller i samarbeid med de ansatte der.

Det er flere området som definerer læringsstøtte og digitalisering som sine områder og som ser behovet for å øke antall ansatte som arbeider opp mot dette. Dette må ses i sammenheng og ikke minst må det bli skilt mellom rent tekniske tjenester (It) og administrativ støtte i skjæringen mellom pedagogikk og IKT og nærheten disse må ha til utviklingsarbeidet som må gjøres og da ikke som en bestillertjeneste, men som en funksjon som arbeider i lag med brukerne.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Terje Bjelle)

Kap. 5.1.1 Opptak og rekruttering

Me meiner arbeidet med studentrekruttering må koplast utdanningsadministrasjonen, og spesielt dei som arbeider med studentopptak. I høyringssaka er funksjonsområdet omtalt også under samhandling, og me meiner det no må klart slåast fast kvar dette høyrer heime. Ansvaret for studentrekruttering må liggje i utdanningsadministrasjonen og arbeidet må skje i nært samarbeid

med fakultet og samhandling/ kommunikasjon. Kommunikasjon spelar ei viktig rolle som reiskap i arbeidet med rekruttering.

Den viktigaste årsaka til at studentrekruttering bør liggje til utdanning er at dette handlar om å møte unge, utdanningssøkjande sitt behov for brei og god informasjon i samband med val av utdanningsveg. Til dette trengst det høgskuletilsette som kjenner utdanningar, læringsmiljø og fallgruver i samband med det å velja og å gjennomføra høgare utdanning. Studentrekruttering handlar også om marknadsføring og profilering, men først og fremst handlar det om sakleg og profesjonell informasjon om fag, læringsmiljø, utdanningsprogram og karrierevegar. Høgare utdanningsinstitusjonar har i ulike samanhengar seinare år vore skulda for å ha for sterk fokus på å lokka utdanningssøkjande til sin institusjon, og for lite fokus på å informera og fokusera på utdanningsval og læringsmiljø med tanke på at studentane skal gjennomføra og lukkast i utdanninga si. Alt dette tilseier at det er utdanningsadministrasjonen som må ha ansvaret for dette arbeidsområdet. Så må arbeidet gjennomførast i samarbeid med tilsette på fakulteta og i kommunikasjonsavdelinga.

Vi meiner også at alle studiestader bør vera involvert i arbeidet med studentrekruttering. Dette fordi lokale kvalitetar og profilering er ein viktig del av rekrutteringsarbeidet, og det er viktig i arbeidet med å utvikla studiestadane. Det er ikkje berre dei faglege prioriteringane som gjeld når unge menneske vel utdanningsprogram. Også kvalitetar ved studiestaden er viktige.

I Sogn og Fjordane har me vore svært opptekne av og avhengige av god studentrekruttering. Dei seinare åra har me henta 2/3 av grunnutdanningsstudentane utanfrå fylket. Me er heilt avhengige av at det gode og intensive rekrutteringsarbeidet held fram, og me er overbevist om at det blir best ivareteke med base i utdanningsadministrasjonen og i nært samarbeid med fakultet og kommunikasjon.

5.1.2 Eksamen, studentsaker og førstelinetenester

Koplinga av arbeidsoppgåver er meningsfull, men det trengst ein god del avklaringar kring ansvar- og arbeidsdeling med andre avdelingar og fakultet.

- I Sogndal har me eit karrieresenter i fysisk nærleik til førstelinetenesta/studenttorget. Dette har vore eit populært tilbod blant studentane. Det har vore organisert som ein del av arbeidet med studierettleiing og studentsaker. Me er uroa for framtida for dette tilbodet. Besøksvolumet på ein studiestad som vår er ikkje stort nok til at det er interessant for kommersielle aktørar, og det vil vera lite tenleg å organisera dette som fakultetsvise tilbod av ressursomsyn. I dagens Karrieresenter nyttar vi både folk frå fellesadministrasjonen og frå avdelingane. Denne organiseringa gjer at me har brei rettleiingskompetans, og studentane har ein stad å forhalde seg til. Studie-/karriererettleiinga omhandlar både det spesifikt faglege men også i skjæringspunktet "heile livet som student". Rettleiing er ein profesjon og vi har gjennom fleire år systematisk bygd opp ei rettleiingsteneste både med å heve kompetansen til den enkelte via utdanning innafor rettleiing/karriererettleiing og ved kursing via innleigd profesjonell kompetanse. I tillegg til dette har Karrieresenteret utvikla eit jobbsøkjarkurs som er eit tilbod til studentane både på Campus Sogndal og Campus Førde. I Funksjons- og bemanningsplan for Utdanningsadministrasjon er denne tenesta ikkje nemnt i det heile.
- Når det gjeld studentsaker og rettleiing, vil det vera behov for meir arbeid for å finna fram til tenleg ansvars- og arbeidsdeling mellom fellestenester og fakultet. Me ser det som svært aktuelt at modellane her kan variere mellom studiestadane. På dei mindre studiestadane vil det truleg både av omsyn til studentar og av ressursomsyn vera aktuelt å organisera ein del

tilbod og oppgåver på tvers av fakulteta. Omsynet til likebehandling av studentar og studentsaker tilseier nært samarbeid mellom fakulteta og fellestenestene.

- Vi saknar omtale av spesialisert kompetanse i fellestenestene knytt til studentsaker og forvaltning av lov- og forskriftsverk i dette fagteamet. Det trengst ansvarlege i fellestenestene som kan bidra til bygging av felles praksis og felles bruk av lov og forskriftsverk. Sakshandsaming av studentsaker på fakulteta må forankrast i dette.
- Timeplanarbeidet (TimeEdit): Systemansvaret for TimeEdit kan gjerne ligge under arealforvaltning. Men me stiller oss uforståande til at dei som utfører timeplanarbeidet skal sortere under drift. Dei bør absolutt ligge under utdanningsadministrasjon, og primært vera tilsette i fakulteta. Dette arbeidet er svært nært knytt opp til den faglege aktiviteten på det enkelte fakultet/institutt, og i dei aller fleste tilfelle vil det vera slik på dei mindre studiestadane at dei som arbeider med TimeEdit gjer dette i kombinasjon med andre utdanningsadministrative oppgåver. Ein skal ha mykje detaljkunnskap om fag og utdanningsprogram for å kunne legge gode timeplanar for studentar og tilsette. Elles vil me nemne at me her i Sogndal har hatt svært god nytte av TimeEdit-kompetansen i Bergen.
- Sentralbordtenester (i den grad det vil vera aktuelt i framtida) bør vere ein del av førstelinetenesta.
- I Sogndal har me gode røynsler med å leggja mindre oppgåver som varemottak og kontroll til førstelinetenesta. Dette har vore ei rasjonell utnytting av eit tenestepunkt som har bemanning gjennom heile arbeidsdagen. Det same gjeld telefon, nøkkelutlevering med meir. Me har også svært gode erfaringar med at dei tilsette i førstelina er del av utdanningsadministrasjonen og gjennom det får god kjennskap til ulike studieadministrative spørsmål, som søkjarar og studentar etterspør. Me har i dag ei førstelineteneste med brei kompetanse og som er godt informert om utdanningane våre. Dette avlastar sakshandsamarane.
- Studiestart er ikkje plassert nokon stad. Det kan høyre heime under Eining for læringsmiljø og læringsstøtte.

5.2.1 Utdanningskvalitet, studieportefølje og analyse

Også på dette området er det behov for meir arbeid med sikte på å få til god arbeidsdeling mellom fakultet og fellestenester.

For å støtte arbeid med utdanningskvalitet i fakultet og institutt, er det viktig at det vert gitt føringar når fakulteta skal utforme administrativ organisering. Arbeid med studieplanar og kvalitetssystem skal byggast frå grunnen etter fusjonen, og dette arbeidet vil vere avgjerande både for å sikre akkreditering av studieprogram og for å handtere arbeid med samordning av studieplanar.

Fellestenestene må sikrast ressursar til å samordne arbeidet.

Felles Studentsystem bør synleggjerast, kanskje som del av namnet til eining for utdanningskvalitet, studieportefølje og analyse.

Ansvar for høgskulepedagogiske tiltak er ikkje nemnt i framlegget. Det er aukande krav til pedagogisk kompetanse for høgskuletilsette, og HVL må forankre administrasjon og utvikling av eigne vidareutdanningstilbod til fagtilsette anten her, eller i eining for høgskulepedagogikk eller liknande. Det same gjeld oppbygging av eit system for meritering for undervisere.

5.2.2 Læringsmiljø og læringsstøtte

Me ser gjerne at denne eininga får tilført fleire ansvarsområde enn det som er nemnt i framlegget. Me tenkjer at dette kan utvikla seg til ei eining med fokus på læringsmiljø og campus-utvikling. Eininga kan til dømes ha ansvar for å etablera og utvikla kontaktforum og samarbeid mellom

høgskule, samskipnad og studentorgana. I Sogn og Fjordane har me gode røynsler gjennom mange år med ein slik møtestad (Kontaktutvalet) Ansvar for studiestart og andre tiltak med sikte på å gi studentane gode føresetnader for å lukkast i utdanningsløpet bør vera aktuelle. Det same gjeld oppgåver i samband med studentundersøkingar som SHoT (Studentenes Helse og Trivsel).

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for lærarutdanning (Tone Reistad)

Har du innspel til forslag om einingar og delfunksjonar i utdanningsadministrasjonen (kap 5)?

Innleiing

Dei prosessane som er beskrivne har svært ulik grad av detaljering, og dessverre er det fleire som ikkje er med i det heile. Funksjonsplanen blir då eit dokument som i detalj beskriv arbeidsoppgåver lagt til fellestenester, medan fleire funksjonsområder lagt til fakultetsadministrasjon ikkje er tatt med. For fakultetsadministrasjon er det laga ei liste for sakshandsamingsoppgåver både på overordna og svært detaljert nivå som er oppført som uttømmende, og ingen drøfting av det som ikkje er tatt med.

Funksjonsplanen tar utgangspunkt i sentrale administrative tenester og gir ansvaret vidare til dekanen å bestemme innhald og organisering av administrasjonen på fakultetet. Etter vår meining burde dekanen vere sentral i arbeidet med å vurdere kva som skal vere plassert i fakultetsadministrasjon og kva som skal plasserast i fellestenester. Behovet for administrativ støtte til fagleg leiing og ny organisering av fagleg tilsette på fakultet burde inngå som viktig del av analysegrunnlaget, og og først når heile bildet var klart kunne ein gjere drøfting.

Kommentar til delfunksjonar

Sensorar

Vi støtter at oppnemning av sensorer er lagt under eksamen og sensur i fellestenester då dette klart høyrer til førebuiing til eksamen med tett kopling til fleire prosessar i same kategori.

FS

Fakultetet sine utfordringar med felles utdanningsløp har krevd mykje arbeid i oppbygging i FS, og vi har gjort svært gode erfaring med at dette arbeidet blir utført i FS-gruppa. Vi ønskjer at det også kjem fram at denne gruppa også kan gjere slike driftsoppgåver, og då i tett samarbeid med studieadministrativt tilsette på fakultet.

Inndraging av studierett på grunnlag av progresjon

Vi støttar forslaget om at inndraging av studierett på grunnlag av manglande progresjon blir lagt til studierettleiarar. Dette arbeidet krev god innsikt i utdanningsløpa, og har tett kopling til prosessar knytt til godkjenning/fritak nytt opptak og justering/ny utdanningsplan.

Med ny felles forskrift for studier og eksamen vart nytt regelsett for studierett, rett til eksamen og permisjon etablert, og dette får stor innverknad på studentane rettigheter, utdanningsløp og administrering av utdanningar.

For vårt fakultet ved campus Bergen vil inndraging av studierett få eit stort omfang fordi ei stor gruppe studentar har gått frå utdanningsløp på grunnutdanning/bachelor til masternivå, samtidig

som den gamle utdanninga må fasast ut. Gode mekanismar for å auke gjennomstrøyming må utviklast då mangelfull utdanning vil få for mange av våre studentar alvorlige konsekvensar med omsyn til å både få høve til å fullføre og ikkje minst store konsekvensar om utdanningsløpet ikkje blir fullført.

Vitnemål

Vitnemål står oppført med uttømmende liste for utdanningar vi skriv ut vitnemål for, men vi finn ikkje igjen alt arbeidet som er gjort i fakultetsadministrasjon i forkant av vitnemål. Vi ser at dette kan ha si årsak i prinsippet om å ikkje ta med studieadministrasjon på fakultet, men då burde avgrensing vore gjort tydeleg. Slik det no står ser det ut som vitnemål berre består av utskrift av vitnemål.

Seksjons for utdanningskvalitet

Eininga sitt ansvar for studieplanar blir trekt fram, og for vårt fakultet med både felles utdanningsløp, parallelle utdanningar med både nye og gamle samtidig fram til 2023 vil arbeidet med studieplanar vere ein prosess som vil krevje mykje ressursar på fakultetet.

Fakultetsadministrasjon FIN;FHS; FLKI og FØS

For denne delen av funksjonsplanen er studieadministrative prosessar som er omtalt så mangelfulle at det ikkje er grunnlag for å gi tilbakemelding som kan fungere som konkrete innspill.

Innledningsvis blir studieadministrativ gruppe gjeve ansvar for planlegging og gjennomføring av utdanningsløp og studieprogramma mens arbeidsoppgåver som er tatt med er (..)

For praksisfeltet er prosessar som er nemnt på eit så overordna nivå at det ikkje er mogeleg å gje konkrete innspel. Når gruppa ikkje drøftar prosessane hadde det vore meir ryddig og gjort avgrensinga om at dette ikkje er gjort. Når det gjeld praksisgruppa sin rapport til OU-programmet som skal ha vore grunnlag for funksjonsplanen er viktige delar utelatt. Gruppa har gjort greie for både prosessar som ikkje er kartlagt i gruppa og identifisert fleire uavklarte grensesnitt. Når dette ikkje er teke opp i innleiing gjev funksjonsplanen eit veldig avgrensa bilde av kor samansett dette området er, samt at bilde som skal beskrive nødvendig dimensjoner blir mangelfullt for det administrative feltet.

Øvrige innspel

Som det går fram av våre innspel meiner vi at funksjonsplanen slik den er presentert for utdanningsadministrasjonen ikkje viser det heile bildet. Dette har vi gitt tilbakemelding på, og har fått svar om at dekanen sitt behov for administrativ støtte/stab vil komme i neste runde. Vi ønsker å understreke at tilbakemeldinga i størst grad gjeld studieadministrative prosessar, ikkje dekanen sitt behov for leiarstøtte. Når utdanningsadministrasjonen blir presentert slik han blir gjort i funksjonsplanen er det viktig å få denne avgrensinga med, spesielt når den skal inngå i beslutningsgrunnlag for den heilskapelege administrasjonen.

Vi saknar også drøfting av behov til dei nye faglege strukturane. Prosjektleiar sitt svar om at vi går frå 10 avdelingar til 5 fakultet svarar ikkje på drøfting av den nye organisasjonen sitt behov for administrativ støtte i ny fagleg struktur, og i ein heilt ny og mykje større organisasjon.

Vi har forståing for at tid har sett grenser for gruppa sitt arbeid, men vi saknar at gruppa har tatt kontakt for å få informasjon for prosessar på fakultet på lik linje til funksjonsområder lagt til fellestenester/verksemdsnivå. Når gruppa vart sett saman av medlemmer frå fellestenester burde kontorsjefane og dekanane vore meir med.

Vi forstår at OU-prosjektet har hatt ønskje om ei brei deltaking i arbeidet, og meiner det har vore ein god prosess fram til den planverket som no har blitt sendt på høyring. Når det er sagt har fleire vore

involvert i kartleggingsgrupper, og vi kjenner ikkje igjen arbeidet som er gjort i desse gruppene i den planen som er sendt på høyring.

Ein viktig premis for arbeidet med organisering av administrasjonen har vore å foreslå ei organisering og arbeidsdeling som er effektiv og avbyråkratiserende. Til dette arbeidet vil vi gje innspel om at det er viktig å gjere klare fordelingar i arbeidsoppgåver, at ein ikkje opprettar funksjonar som «bindeledd» mellom administrative oppgåver og fagleg tilsette.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Seksjon for kommunikasjon (Helge Olsen)

Markedsføring og studentrekruttering er en viktig del av den helhetlige profileringen av HVL mot eksterne målgrupper, og ivaretas best av kommunikasjonsmiljøet som har fagkompetanse på dette. Det strategiske ansvaret for studentrekruttering og markedsføring må derfor ligge hos det kommunikasjonsfaglige miljøet, ikke i utdanningsadministrasjonen. Ansvaret for studentrekruttering har ligget til kommunikasjonsenhetene både ved HiB og HSH, og det har fungert godt, med et godt organisert samarbeid opp mot opptaksenhetene og fagavdelingene. Alle som jobber med kommunikasjon bør samles under samme faglige ledelse, dvs. kommunikasjonsdirektøren. Personalressurser bør ikke flyttes fra kommunikasjonsområdet til utdanningsadministrasjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Studenttinget

Eining for opptak og rekruttering:

Internasjonale studenter (særlig på gamle AlØ i Bergen), har blitt møtt med at fagsammensetningen deres viser seg å ikke gå opp fordi flere av fagene går samtidig. Dette er ofte deres første møte med HVL, og de får ikke tilstrekkelig hjelp verken før eller etter de ankommer HVL. Her har HVL er ansvar om å sørge for at fagsammensetningen som de internasjonale studentene har fått godkjent faktisk er gjennomførbar.

Eining for eksamen, studentsaker og fyrstelinjeteneste:

Studentene ønsker at det her skal implementeres noe om ambisjoner for sensorveiledning. Det er tidligere i dokumentet nevnt at enhetene må forholde seg til retningslinjer fra KD m.fl., og her har det kommet tydelige signal om at det er ønskelig at universiteter og høyskoler i større grad benytter seg av sensorveiledninger. Ansvaret for å utarbeide generelle føringer for disse burde etter studentenes mening ligge hos fellesadministrasjonen.

Det står at et viktig satsningsområde er digitalisering. Hvordan ivaretar HVL universell utforming og eventuelle behov for tilrettelegging når alt skjer digitalt?

Eining for utdanningskvalitet, studieportefølje og analyse

Det står at eininga skal "utarbeide rapportar, analyser og utgreiingar til leiing og interne utval i saker om utdanningskvalitet". Her er det også viktig at det blir laget gode evalueringer som kan følges opp og sammenlignes over tid. En annen tilbakemelding er at det haster å få utdanningsutvalg etablert.

Eining for læringsmiljø og læringsstøtte:

Studentene stiller spørsmålsteget ved at læringsmiljø ikke er plassert også på studiestedsnivå. Studenter i sårbare situasjoner har behov for et lett tilgjengelig sted å henvende seg der de har en eller noen få personer å forholde seg til. Dette kan dreie seg om fysiske situasjoner, psykiske

situasjoner eller en blanding mellom disse to. Spesielt i situasjoner hvor studenter opplever psykiske plager i forbindelse med læringsmiljø er det viktig at høghskolen framstår som en tydelig støttespiller og er fysisk tilstede og lett tilgjengelig.

Eining for etter- og videreutdanninger

Det står at samfunnsoppdraget skal følges opp både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det ser ut til at det blir lagt veldig stor vekt på kompetanseutvikling, men det er også viktig å ha fokus på det som står om dialog, seminarer og konferanser, som også står under denne eininga sitt ansvarsområde. Regionens næringsliv og kommunale samarbeidspartnere har etterlyst mer samarbeid, mer partnerskap, mer workshopbaserte grupper, og et tettere forhold til utdanningene, og da kanskje spesielt til videreutdanningene. Med dette i bakhodet vil det være nødvendig å ha en lokal kontaktflate opp mot arbeidsliv og regionalt engasjement.

Fakultetsadministrasjonen FIN, FHS, FLKI og FØS

Under "Studentsaker/Studierettleiing" mangler det noe om studentkontakt og rettleiing. Så lenge sakene man behandler omhandler så alvorlige vedtak i en students liv, er fakultetet også nødt til å ta inn over seg ansvaret de har i forkant, underveis og i ettertid. Det er også viktig å ta med inn under "Praksis" at man husker på tildelingen av særplass og annen tilrettelegging.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag \(Johanne Trovåg\)](#)

Enheten eksamen, førstelinjetjeneste og studentsaker bør ikke ha «studentsaker» i navnet, siden de aller fleste studentsaker (annet enn det knyttet spesifikt til eksamensrelaterte aktiviteter) ligger i fakultet (studiekonsulent og institutt). Dette er derfor svært misvisende.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag \(Marit Ubbe\)](#)

Utdanningskvalitet:

Samarbeid med fakultetene fremheves som viktig. Utdanningsadministrasjonen må ha dedikerte personer som har ansvar for bl. a. team på tvers.

FS:

AHS vil her spille inn at det er behov for at FS arbeidet i høghskolen blir mer forutsigbart ved at det utarbeides et årshjul som viser sentrale prosesser og når de ulike prosessene skal gjennomføres, og hvor ansvaret ligger. Rutiner bør samordnes. Det bør defineres hvilket ansvar som tillegges på fakultetsnivå og hva som legges på sentralt nivå. Det er og ønske om systematisk bruk av rapporter til fakultetene da rapporter fra FS vil gi et grunnlag for de ulike utdanningenes arbeid med kvalitetsarbeid og kvalitetsutvikling.

Eining for læringsmiljø og læringsstøtte:

2,15 årsverk til E- læring virker lite til å drive med ikt-pedagogisk rådgiving, ha Systemansvar for, utvikling av og opplæring i Canvas (læringsplattform). Den økende bruken av digitale læringsmidler og aktiviteter mener vi alene krever flere årsverk til dette. I tillegg går vi nå over til Canvas med de behovene for opplæring og oppfølging det fører med seg.

Hvis vi ser på hvordan itslearning har blitt brukt, det er for det meste til deling av forelesningsnotater mm., så burde vi utnytte plattformskiftet til å heve kompetanse, og tilrettelegge for en mer pedagogisk og moderne bruk av læringsplattformen.

- I kapittel 5.2.2 står det som et punkt at enhet for læringsmiljø og læringsstøtte skal:

samarbeide med andre miljø i høgskulen som har oppgaver knytt til produksjon av undervisning (Senter for nye medier). –Det stilles spørsmål til hvorfor bare sfnm nevnt her og ikke avdelingsadministrasjonenes e-læringsressurser?

Veldig mye av utviklingsarbeidet og etablerte praksiser for bruk av læringsplattformen må skje i samspill med fakultetsadministrasjonen og fagmiljøene. De fagansatte har stort behov for tett oppfølging og opplæring. Enheten beskrevet i punkt 5.2.2 mener avdelingsadministrasjonen ved AHS ikke vil være i stand til å håndtere fakultetets behov for rådgiving, opplæring, utvikling etc., og det vil derfor være et utvidet behov for denne type tjeneste også i fakultetsadministrasjonen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet⁵:

Gruppa har vurdert innspela. I revidert funksjonsplan under forslag til delfunksjonar og einingar vil vi:

- Foreslå at studieadministrative oppgaver knytt til EVU-verksemde blir utført i fageiningane i utdanningsadministrasjonen, både i avdeling for utdanning og i fakulteta. Prorektor har ansvar for utdanningsverksemda, mens prorektor for samhandling har ansvar for generell samfunnskontakt. Stillingar som i dag ligg i einingar for EVU eller liknande vil delast mellom avdeling for samfunnskontakt og fakulteta – treng vidare avklaring. Det betyr at EVU ikkje blir organisert som ei eiga eining i avdeling for utdanning, men dei studieadministrative oppgåvene blir lagt til dei ulike fageiningane i avdelinga.
- Foreslå at studieadministrative oppgaver knytt til studentutveksling blir lagt til utdanningsadministrasjonen i avdeling for utdanning og fakulteta.
- Foreslå at førstelinjetenesta blir ei eiga eining, for å reindyrke tenestene og plassere eit overordna ansvar. Førstelinjetenesta må tilpassast behova på dei ulike studiestadene. Avklare grensflate mot drift og arealforvaltning.
- Halde fast ved at utskriving av vitnemål skjer i fellestenestene. Dette er eit område som er i utvikling og oppgaver blir digitaliserte. Vitnemålsportalen er tatt i bruk, og vil endre arbeidsoppgaver knytt til vitnemålutskriving.
- Halde fast på at utdanningsadministrasjonen har eit hovudansvar for rekruttering, og at oppgåvene blir lagt til eining for rekruttering og opptak
- Flytte studentsaker ut av eining for eksamen
- Foreslå at studiestart, oppgaver knytt til tilrettelegging og Karrieresenter blir lagt til eining for læringsmiljø og læringsstøtte
- Organisasjonskonsulent i Studentparlament, har i delar av stillinga si utdanningsadministrasjonen, vert knytt til eining for rekruttering og opptak.

⁵ Obligatorisk utfylling.

90. Har du øvrige innspel til funksjonsplan i Utdanningsadministrasjonen?

[Avdeling for helsefag \(Dagrun Kyrkjebø\)](#)

Utfordring for de mindre studiestedene å fylle alle oppgavene på en likeverdig måte. Ledelsen for de ulike tjenestene må ha et klart ansvar for alle deler sine oppgaver, frykten er pulverisering av ansvar.

Koblingen mot fakultetsadministrasjonene er også viktig. Det må lages gode møteplasser for deling av kunnskap og erfaringsutveksling.

Det kan bli ei utfordring for tilsette på små campus som har delte stillingar og må forhalde seg til fleire leiarar, kanskje både i fellestenesta og på fleire fakultet. Det er viktig at nokon har "campus-blikket" og sikrar at det er nok administrativt tilsette til at vi kan få til god backup for tenester som er stadbundne.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Utdanningssenteret \(Eспен Fosse\)](#)

Prosessane som er lista opp bærer preg av at dei er henta direkte frå prosesskartlegginga. Som eksempel i høyringa ser det ut til at gruppa «eksamen og sensur har det faglege ansvaret for både å oppnemne sensorar, lage sensorkommisjon og godkjenne arbeidskrav, medan ansvaret for dette høyrer til i fakultet/institutt.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

[Avdelingsadministrasjon for ingeniør- og økonomifag \(Henning Nordheim\)](#)

Høyring på Funksjonsplan for utdanningsadministrasjonen ber preg av lite kjennskap til arbeidsoppgåver og kompetanse på fakulteta.

Generelt stiller vi spørsmål til samansetjing av prosjektgruppa som har utarbeidd funksjonsplanen. Vi meiner hovudvekta av deltakarane burde hatt inngåande kunnskap om fagområdet utdanningsadministrasjon. Avdelingsadministrasjonane var heller ikkje representert i prosjektgruppe.

Vi oppfattar at den føreslegne funksjonsplanen for utdanningsadministrasjonen i stor grad legg driftsoppgåver til fakulteta og utviklings- og strategiske studieadministrative oppgåver til sentralt nivå, men dette kjem ikkje tydeleg fram då verken leiing og organisering eller nøyaktig tal på årsverk i utdanningsadministrasjonen på fakulteta er teke med i høyringa. (Det er angitt ca. 45 årsverk på fakulteta med merknad om at talet inneber uvisse. Vi saknar ei utgreiing på korleis prosjektgruppa har kome fram til dette talet). Vi får derfor ikkje sett det totale biletet av funksjonsplanen for utdanningsadministrasjonen ved HVL i denne høyringa, og dette avgrensar moglegheitene for fakulteta å kome med innspel.

Oppsummert ynskjer vi å behalda høg kompetanse innan utdanningsadministrasjon som allereie finst ute på fakulteta, samt å ivareta mange av utviklings- og strategiske oppgåver på fakulteta.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Kristin Ravnanger)

Sekretariat for klagenemnd bør ikke ligge i avdeling for utdanning. Det kan føre til habilitetsproblemer når leder for utdanningsadministrasjonen også er leder for den som skal saksbehandle saker som omhandler samme administrasjon.

Utdanningsadministrasjon er en omfattende og kompleks virksomhet, det blir derfor mange spørsmål knyttet til det videre arbeidet. Funksjonsplanen blir også sammenlignet med andre funksjonsplaner som er mer konkrete. Bl.a. vises det til at andre planer har fokus på behov for ressurser. Dette er også aktuelt for utdanning - opptakskontoret peker på ressursbehov knyttet til økende andel mastergrader, PhD-opptak og eksamen og opptak internasjonale studenter.

Avklaring knyttet til fakultetsadministrasjonene er viktige å få fram.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for lærarutdanning (Asle Holthe)

Enhet for etter- og videreutdanning bør i sin helhet legges til fakultetene. Dette området er i stor grad knyttet til ulike sektorer i samfunnet, og nært koblet til den faglige aktiviteten i fakultetene. Det er i stor grad nødvendig med tett kobling mellom administrasjon og fagmiljøer for å utvikle tilbud med klar relevans i markedet.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

NTL (Tone Skjerdal)

På nokre område saknar me nærmare definisjon av begrepa som er brukt om funksjonar. Det er særleg viktig sidan begrepa har vore brukt ulikt i dei tre nærregionane. Eit døme på eit slikt begrep er "studierettleiar".

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for samfunnsfag (Anne Naustdal)

Funksjonsplanane generelt er lite tydelege når det gjeld ansvarsdeling mellom fellesadministrative tenester og fakultetsvise tenester. Utdanningsadm har eit eige kap om fakultetsadm og det er veldig bra. Usikkerheiten vi kjenner på er knytt til det gjennomgåande i dokumentet om evt studiestadsnivå, evt fakultetsadm osv. Planane tar også for lite omsyn til den store skilnaden i storleik mellom dei nye fakulteta. Vi ynskjer mange støttefunksjonar lokaliserte nært det utøvande nivået – dvs fagtilsette og fakultet/instituttleiing.

Vi ynskjer også eit tydeleg brukarperspektiv på tenestene. Vi treng eit oversiktleg kart eller ein matrise som synleggjer kvar dei seks brukargruppene studentar, fagtilsette, programansvarlege, fagseksjonsleiarar/assisterande instituttleiarar, instituttleiararar og dekanar vil kunne finne att dei administrative støttefunksjonane dei har behov for dersom dei skal makte å løyse dei arbeidsoppgåvene dei er sett til å løyse. Med andre ord: kva for relevante administrative (støtte)tenester vil dei seks nemnde brukargruppene ha tilgang til:

- på instituttnivå

- på campusnivå
- på fakultetsnivå
- på fellesadministrasjonsnivå

Det hadde også vore bra med ei oppsummering der ein drøftar om, eventuelt i kva grad, dei utarbeidde funksjonsplanane kvar for seg og samla følgjer opp prinsipp nr 5 for administrativ organisering, nemleg «tett på regionar, tilsette i fakulteta og studentar».

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helse- og sosialfag (Mildrid Haugland)

Fakultetsadministrasjonen må drive med mer enn studieplanarbeid. De må også utvikle og oppdatere styringsredskap for utdanningskvalitet. Og dette innebærer også utvikling og opplæring i nettbaserte emner og LMS.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdeling for helsefag (Georg Førland)

Generelt:

Funksjonsplanene er et godt grunnlagsmateriale, men samlet sett framstår dette som svært fragmentert og et vanskelig materiale å navigere i.

På nåværende tidspunkt mangler det helhet og en overordna tenkning om hvordan de administrative funksjonsområdene skal støtte opp om HVL kjerneaktivitet og ambisjon om å bli universitet. Ressursfordelingen mellom fakultet, institutt og fellesadministrasjon framstår generelt som svært uavklart på mange sentrale områder, og derfor er det krevende å avgi et godt høringssvar.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Seksjon for utdanning (Terje Bjelle)

Andre område under utdanningssadministrasjon

Begrepet arrangement/arrangementsstøtte er ikkje definert nokon stad. Slik vi ser det, har eit arrangement både ei teknisk-/avviklingsside og ei innhaldsside. Vi har ikkje sterke meiningar om kvar den tekniske sida skal vera plassert, men det er viktig at eigarskapen til arrangementet ligg på rett plass. Eigaren definerer innhald og legg premissane for sjølve gjennomføringa. Døme på dette kan vera store og små konferansar, interne arrangement som internasjonal dag, karrieredag, kulturelle event og arrangement i samband med studiestart.

Ut frå lang erfaring med ulike typar arrangement ser vi det som viktig å ha klart definerte rollar med omsyn til kven som fyller programinnhaldet og kven som tek det praktiske og tekniske ansvaret. For studiestart meiner vi til dømes at Utdanningsadministrasjonen må vera eigar. Arrangementsstøtta kan gjerne liggja til Areal og drift.

Det er vidare viktig at HVL så langt som råd er har kompetanse på begge felt internt i eigen organisasjon. Dersom noko må bestillast eksternt, må det finnast bestillarkompetanse innan feltet internt. Dette vil styrka kvaliteten og sikra at ressursbruken er fornuftig.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Mulig studentutveksling burde kanskje ligge til dette området for mest mulig brukervennlig og effektiv tjeneste?

Det vil være ulikt behov for utdanningsadministrasjon på campusene, dette må utredes i det videre.

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (Johanne Trovåg)

Viktig kapittel 5.7.

Studieveiledning må nærmest mulig studentene – dvs. på instituttnivå.

Det er behov for en støttefunksjon som kan bistå instituttleder med analyse av studentdata – denne støttefunksjonen må ha inngående kunnskap om lokale studieprogram og være tett på relevant fagpersonale.

Utdanningsadministrasjon på fakultetsnivå må avklares i samme sak.

Samarbeid med fakultet og institutt er ekstremt viktig, og flere av de nevnte prosessene (som ikke er beskrevet i detalj) ser ut til å gå inn på ansvar som ligger hos dekan, instituttledere og emneansvarlige/fagansatte (f.eks. «oppnemning av eksterne sensorar» på s.10, «godkjenning av arbeidskrav i emne» og «grunngjeving på karakterfastsetting» på s.11, «årleg studieplanarbeid», «emneevaluering» og «løpande skikkavurdering» på s. 13). I tillegg er det på s.12 nevnt at det må være et tett samarbeid med «studieretteleiarane» i fakulteta, men dette bør utvides til å omfatte studiekonsulenter og annet relevant personell på fakultet/institutt.

På s. 15 er det beskrevet at enheten for læringsmiljø og læringsstøtte skal drive IKT-pedagogisk rådgivning, noe som må avklares plasseringen for (f.eks. med IT, Senter for nye medier, osv.).

Det er på s.15 satt opp support til Canvas og e-læring på alle campus – dette må avklares, ref. forrige kommentar. I tillegg må Wiseflow inkluderes (og da med faglige superbrukere, ikke bare administrative)

Prosjektgruppa sine egne notatar:
--

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

EVO er svært nøgd med at de framleis vert omtalt som eigen eining med eigen leiar. Men de er kritiske til at de i denne samanheng er organisert under Seksjon for utdanningskvalitet. Dette vil ikkje gje nokon form for meirverdi og utvikling av vår verksemd. Vi arbeider i tett samarbeid med utdanningskvalitet allereie og kjem til å gjera det også i framtida. Som ei eining som har eit høgt fokus på eksterne samarbeidspartar og utvikling og sal av nye studietilbod, er vi redd for at våre behov for å være i kontakt med omverda druknar litt dersom vi vert plassert under prorektor for utdanning, under seksjon for utdanningskvalitet. Vi kjenner oss meir heime under prorektor for samhandling sitt funksjonsområde. Utvikling av vidareutdanningstilbod og oppdrag er vår primæroppgåve og dette fordrar tett kontakt med eksterne samarbeidspartar og oppdragsgjevarar. Vi har derfor foreslått å etablere HVL-Vidare som eige eining. Dette for å fylje med i tida og være ei eining som dekkjer alt av kompetanseutvikling. HVL-Vidare vil være meir begripeleg for samfunns- og arbeidsliv også brukt av andre UH-institusjonar. Dette utelet ikkje behov for høg kvalitet på det studieadministrative og kvalitetsmessige arbeidet og vi er derfor opptatt av å ha eit god og nært samarbeid med Seksjon for utdanningskvalitet.

EVO stiller seg undrande til at ansvar for rekruttering av studentar er lagt til eining for opptak og rekruttering. Dette ser vi på som ei oppgåve som tilhøyrar marknadsføring under prorektor for samhandling. Hovudansvaret bør altså leggjast til denne eininga og utførast i tett samarbeid med studieretteleiarar med god kjennskap til studietilboda på dei ulike fakulteta.

I Funksjonsplan - Utdanningsadministrasjonen ser det ut til å ha blitt en organisasjonsendring ved å overføre oppgavene fra servicetorget i Bergen (tilsvarende fire stillinger) til utdanningsadministrasjonen. Det ville det gi større mening at timeplanlegging blir tilbakeført til utdanningsadm. da den er tett på den faglige aktiviteten på fakulteta og må godkjennes av dekan.

Det er uheldig at rapporten ikke tar hensyn til at man i Bergen har en todeling av førstelinjetjeneste: a) studenttoget sorterer under utdanningsseksjonen og b) studieveiledning. Det utføres også andre lineoppgaver/backoffice-oppgaver som ikke kan løses «over disk» som i en resepsjon/ekspedisjon.

Ei førstelinjetjeneste/resepsjon/ekspedisjon skal sørve både tilsette og besøkende. Kan da synes noe underlig at det skal organiseres under utdanningsadministrasjonen. Så stor bygningsmasse, treng en type resepsjon på driftssida.

I staden for to seksjonar direkte under prorektor for utdanning, foreslår fire seksjoner for fire sentrale område på utdanningsfeltet; Seksjon for opptak og rekruttering, Seksjon for studenttjenester og læringsmiljø, Seksjon for eksamen og studentsaker og Seksjon for Utdanningskvalitet og analyse (inkludert FS og LMS).

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Avdelingsadministrasjonen ved avdeling for helse- og sosialfag (Marit Ubbe)

Fakultetsadministrasjonen har et administrativt fagmiljø og har behov for å ha en administrativ leder.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet⁶:

Gruppa har vurdert innspela. Tema i denne delen av høyringa, er nemnt tidelgare og vurdert av gruppa.

Det gjeld:

- arbeidsdelinga mellom fellestenestene og fakulteta, og spørsmål om kvifor utdanningsadministrasjon i fakulteta ikkje er grundigare omtala.
- om studiestadsperspektivet og den geografiske dimensjonen
- avklare og definere omgrep som er brukt i planen

⁶ Obligatorisk utfylling.

Notat

Administrativ organisering avdeling for utdanning.

Prosjektgruppen har bearbeidet høringsuttalelsene og leverer nå vårt innspill til forhandlingsgrunnlag.

Prosjektgruppen har i sitt arbeid fram mot planene som ble sendt på høring vært delt i synet på ledelse. Høringsuttalelsene er også delt på dette, og i etter vurdering av høringsuttalelsene fram mot forhandlingsgrunnlag – også etter rektornotat av 12.1. - er fremdeles gruppen delt.

Derfor legges begge modeller fram i forhandlingsgrunnlaget.

Som kjent anbefaler jeg som leder av gruppa modell 1, der leder har sammenfallende faglig ledelse og personalledelse.

Bjørg Kristin Selvik

9.2.2018


Mal for leveranse: Grunnlag for forhandling om administrativ organisering

1. Organisasjonskart

Alle namn på seksjonar og einingar er foreløpig.

- Kart over formelle einingar i avdelinga (fellesadministrasjonen)^{1 2}

Modell 1*




*I modellen har leiar for ein seksjon fagansvar og personalansvar for sin seksjon med undereiningar på tvers av nærregionane. Leiar for eining for eksamen kan få delegert personalansvar fordi talet på tilsette i eininga er ca 25.

¹ Med «avdeling» meinast her det totale administrative ansvarsområdet for leiar på nivå 1 (prorektor/direktør) i fellesadministrasjonen. Ei avdeling kan inkludere eit eller fleire funksjonsområde. Utdanningsadministrasjonen vil såleis utgjere ei avdeling, t.d. «Avdeling for utdanning». Dei ulike funksjonsområda som ligg til organisasjonsdirektør vil og samla utgjere ei avdeling, t.d. «Organisasjonsavdelinga».


De siste årene har gruppe for arealforvaltning i Bergen blitt dekket opp med 1 årsverk av Servicetorget. Årsverket er i første rekke brukt til å håndtere underdekning av personell til å håndtere mailtjenesten ved gruppen. Siden 2015 har derfor 6 årsverk vært knyttet fast til gruppe for arealforvaltning.

I tillegg har arealforvaltning i Bergen fra 2018 administrasjonsansvar for TimeEdit databasen. Denne databasen vil da betjene 17 000 studenter og nesten 2000 ansatte. Det bør her avsettes ressurser til

administratorarbeidet. Videre bør det avsettes ressurser til arbeid med integrasjonen FS og TimeEdit. Med integrasjonen styres nå alle data og visninger i TimeEdit fra FS. Dette er nytt fra 2018, og vil medføre en del ekstra arbeid for timeplanleggerne i undervisningsmodulen i FS. Her må det også presiseres at undervisningsmodulen så langt ikke har vært prioritert i FS gruppen. Med integrasjonen får denne modulen en helt ny verdi. Fra 2018 vil vi knytte dette arbeidet sammen med administratoransvaret for TimeEdit.

Bemanningen ved arealforvaltning i Bergen må derfor fra 2018 økes til 6,5 årsverk. Vi foreslår her at 1, 5 årsverk overføres fra Servicetorget til arealforvaltningen.

Viser til Vedlegg1. Uavklarte oppgaver

Oppgaven knyttet til superbrukeransvar for kopimaskiner som nå ligger under ADB/ADF er ikke tatt opp i prosessen slik at den som har ansvaret i dag har fått muligheten til å se på nye ansvarsområder.

Hvordan tar man denne saken videre hvis oppgaven blir flyttet til IT-Avdelingen? Dersom den blir flyttet, blir bemanningen flyttet med? Forblir superbrukeransvaret på drift? Hvordan påvirker dette den totale bemanningen på OU 2017?

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Forskerforbundet

Grenseflate mot driftstjenestene (førstelinjetjenester) må avklares

Rapporten fra areal, drift og prosjekt er det sagt at det har vært en «samstemming» med prosjektgruppa for utdanning om at aktiviteter knytt til servicetorget (funksjoner over disk), skal ligge under Utdanning. Dette inkluderer administrering av parkeringsplasser og utlån av el-sykler og el-biler. Disse aktivitetene er derfor ikke inkludert i denne funksjonsplanen.

Prosjektgruppa sine egne notatar:

Prosjektgruppa si vurdering av innspela til punktet¹⁶:


-Samhandlingen blir tydeliggjort videre

-Planen er dimensjonert for å ivareta en så stor organisasjon som hele HVL er, og håndtere campusforskjeller

¹⁶ Obligatorisk utfylling.

Funksjonsplan økonomi- og areal: Grunnlag for forhandling om administrativ organisering

1. Organisasjonskart



2. Overordna skildring av avdelinga (nivå 1)

Området for økonomi- og arealforvaltning består av funksjonsområda økonomi og areal, drift og prosjekt.

Området har totalt xx tilsette på alle dei fem campusane. Økonomiområdet har ca 30 tilsette, areal/driftsområde har x tilsette.

Økonomi og areal/drift er svært ulike, og det er derfor ulike vurderingar som blir lagt til grunn for organiseringa av desse. I det vidare omtalar vi dei to områda kvar for seg.

2.2 Overordna skildring av avdelinga (nivå 2)

Organisering av økonomifunksjonen

Økonomifunksjonen består av ca. 28 årsverk (eksklusiv dei tre økonomileiarar i nær-regionane).

I forslag til funksjonsplan som blei sendt på høyring i organisasjonen vart det foreslått ein organisering av økonomifunksjonen med ein økonomileiar på nivå 2 og fleire mindre einingar på nivået under (nokon med og nokon utan personalansvar).

Prosjektgruppa har i ettertid kome fram til at dersom ein berre har *ein* økonomileiar på nivået under økonomidirektør, så kan det bli vanskeleg å skilje ansvaret mellom desse funksjonane. Det vil i realiteten kunne bety eit nytt leiarnivå i organisasjonen, eit spissare hierarki og lengre avstandar



mellom medarbeidarar og leiar. Leiaren på nivå 2 vil og få eit stort og krevjande ansvar for 30 tilsette som arbeidar med svært ulike oppgåver på fem forskjellige campus.

I tillegg er det to ulike, men likevel samanfallande(?), hovudfokus i overordna institusjonsstyring og tilrettelegging for intern økonomistyring og systemkoordinering og begge desse områda vil ha store utviklingsoppgåver dei næraste åra.

Etter høyringsinnspel og nye vurderingar tilrår derfor prosjektgruppa ein flatare struktur med to seksjonar på nivå 2; *Seksjon for overordna økonomistyring* og *Seksjon for fakultetstenester*. Med to seksjonar på dette nivået er det ikkje eit behov for formelle undereiningar på nivå 3. Det betyr at heile økonomifunksjonen vert samla på ei line direkte inn under økonomi- og arealdirektør.

Prosjektgruppa tilrår framleis at områda verksemdsstyring og internrevisjon blir organisert i stab til direktør for økonomi- og areal.

Sjå nærmare omtale i punkt 4.

Kvifor er avdelinga organisert med dei føreslegne formelle undereiningane?

I dei kommande åra vil det vera særskilt viktig for HVL å legge til rette for god intern økonomistyring både på fakultet og for felles avdelingar.

Prosjektgruppa meiner at inndelinga i to seksjonar på nivå 2 vil synleggjera betre økonomi- og arealavdelinga sitt ansvar for å gi støttetenester innanfor økonomiområdet. Dette forslaget vil løfte fakulteta (og fellesavd) sine problemstillingar nærare økonomi- og arealdirektøren på nivå 1.

I tillegg vil HVL sitt behov for gode system for overordna og heilskapleg økonomistyring på verksemdsnivå bli teke vare på ved at den overordna delen av økonomifunksjonen vert organisert i ei felles seksjon på nivå 2.

System og prosessar på verksemdsnivå og fakultetsnivå heng tett saman og er gjensidig avhengig av kvarandre. Inndelinga i to seksjonar vil krevje eit godt samarbeid og eit tett samarbeid mellom dei to seksjonsleiarane. Økonomi- og arealdirektør vil i denne organiseringa måtte vere tettare på drifta innanfor økonomiområdet, også mot fakultet og andre felleseiningar.

3. Leiing

Nivå 1: Økonomi- og arealdirektør

Øvste leiar i avdelinga, inngår i strategisk leiargruppe på verksemdsnivå og rapporterer til rektor. Personalleiar for seksjonsleiarar og medarbeidarar i stab.

Nivå 2: Seksjonsleiarar

Seksjonsleiarane har eit delegert fag- og personalansvar for oppgåver, prosesser og medarbeidarar i respektiv seksjon. Seksjonsleiar rapporterer til direktør for økonomi- og arealdirektør og inngår i økonomi- og arealdirektør si leiargruppe

- *Seksjonsleiar for overordna økonomistyring:*

Har eit særskilt ansvar for overordna system og prosesser på verksemdsnivå og er fagleg ansvarleg for fagområda som inngår i økonomifunksjonen.¹ Personalleiar for medarbeidarar i sin seksjon. Det må vera fleksibilitet i oppgaver mot den andre seksjonen. Det vil vera aktuelt å ha fagkoordinatorar.

¹ Sjå nærmare omtale under punkt 4.2



- Seksjonsleiar for fakultetstenester:

Har eit særskilt ansvar for å sjå til at fakulteta og andre fellestenester får god støtte til dagleg økonomioppfølging og strategisk økonomisk styring. Koordinerer arbeidet mellom dei einskilde fakultetsteama². Personalleiar for medarbeidarar i sin seksjon. Det må vera fleksibilitet i oppgåver mot den andre seksjonen.

Det vil vera koordinator for kvart fakultetsteam. Det vil også vera aktuelt å ha andre fagkoordinatorar.

4. Overordna skildring av funksjonsområdet/funksjonsområda som ligg under prorektor/direktør (nivå 2)³ – maks 0,5 side per funksjonsområde

4.1 Verksemdstyring og internrevisjon

Internrevisjonen skal vere uavhengig og kan gå inn i område i heile organisasjonen.

Verksemdsstyring er også knytt til heile organisasjonen. HVL har knappe personalressursar innan området. Prosjektgruppa meiner at ressursane kan utnyttast best mogeleg ved at dei blir lagt som ein stabsfunksjon til direktør.

Sjølv om det no er avklart at verksemdsstyring skal leggjast inn under økonomi- og arealdirektør sitt ansvarsområde, er det framleis diskusjonar om kva for nokre oppgåver dette her snakk om.

Som eit utgangspunkt for vidare drøftingar meiner prosjektgruppa at dette gjeld:

- Oppfølging av strategiar og planar for verksemda
- Årsrapport og planar til KD
- Oppfølging av tildelingsbrev, utviklingsavtale, etatsstyringsmøte, tilstandsrapport og andre styringsdokument frå KD.
- Koordinere og legge til rette for strukturar og system for strategi- og planarbeid på verksemdsnivå, fakultetsnivå og i fellestenestene, og koordinere dette arbeidet.
- Årshjul for styret og leiinga
- Analyse og utredningsarbeid

Det må her avklarast grenseoppgangar mot andre leiarar på nivå 1 og mot fakulteta. Prosjektgruppa meiner at det her er særskilt viktig å få til gode teamløysingar inn mot funksjonar i andre einingar og ikkje minst sikre ei god kopling til styresekretariatet.

4.2 Seksjon for overordna økonomistyring

Den **overordna budsjett- og økonomistyringa** skal sørge for god og rettidig økonomiinformasjon, og gjere denne til eit viktig styringsverktøy for styret, leiinga, fakulteta og fellestenestene. Ein skal levere gode og informative styresaker som gir styret og leiinga god oversikt over økonomisk status, utfordringar samt eventuelle prognosar for resultat.

I tillegg til overordna budsjett- og økonomistyring inngår og fagområda **rekneskap og innkjøp** i seksjonen for overordna økonomistyring.

² Sjå nærmare omtale under punkt 4.3

³ Underpunktta her speglar funksjonsplanane, slik at ein har like mange underpunkt som ein har funksjonsplanar.



Rekneskap skal sørge for korrekt økonomisk informasjon til rett tid, til rette oppdragsgjevarar og føre rekneskap slik at det er mogeleg å ha oversiktleg rapportering i forhold til budsjett.

Seksjonen har ansvar for oppfølging mot KD og Riksrevisjonen innanfor økonomiområde.

Innkjøp skal levere gode forvaltningstenester innanfor regelverket som byggjer opp under kjerneområda til HVL og kontrollere etterlevinga av regelverket.

Dei to seksjonane er involvert i same prosessane, og må ha tett samarbeid.

4.3 Seksjon for fakultetstenester

Seksjon for fakultetstenester har **økonomirådsgjevarar som jobbar med bevilgningsøkonomi**. Desse medarbeidarane skal yte støtte til den daglege oppfølginga av økonomien i fakulteta og fellestenesta, følgje opp incentiv mot strategiske satsingar og gi støtte til leiinga i fakulteta slik at ein kan ha god økonomistyring. Seksjonen skal og følgje opp og føre kontroll med at fakulteta held lovar og reglar, sørge for standardisere rutinar på tvers av alle fakulteta og sjå til at prosessane er effektive.

I tillegg har seksjonen **økonomirådsgjevarar som jobbar med prosjektøkonomi**. Desse medarbeidarane skal aktivt bidra til å realisere målsettinga for HVL sin eksternfinansierte verksemd ved å auke den eksterne finansieringa frå nasjonale og internasjonale kjelde på overordna nivå, men også ved å utforme gode budsjett med gjennomtenkt økonomi i søknadar og anbod. Ved tilslag på prosjekt skal seksjonen bidra med tilpassing av budsjett og økonomisk rapportering og avslutning.

Økonomirådsgjevarane skal vere organisert i eigne team som er dedikerte til dei einskilde fakulteta og til fellestenesta. Kvart team har ein **teamkoordinator** som vil vere hovudkontakt for fakulteta. Teamkoordinator vil måtte samarbeide tett med funksjonen som har ansvar for økonomistyringa i fakultet på vegne av dekan.



Høgskulen på Vestlandet vert etablert med deling som drivkraft, ideal og metode. Kunnskap veks når den blir delt. Det vi gjer, skal støtte opp om vekst for ei berekraftig utvikling av samfunns-, arbeids- og næringslivet og for einskildmenneske.

Funksjons- og bemanningsplan for Arealforvaltning, drift og prosjekt – del 1: Funksjonsplan

Prosjekt P3 Administrativ organisering

Delprosjekt P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur

1. Bakgrunn og målsetting

Hovudmålsettinga med P3 Prosjekt Administrativ organisering er å leggje til rette for gode og involverande prosessar, kor resultata av disse prosessane saman med vedtekne prinsipp for administrativ organisering dannar grunnlag for etablering av felles administrative løysingar for Høgskulen på Vestlandet. Prosjektet omhandlar alt som er knytt til den administrative delen av leiaransvaret delegert frå rektor til underliggjande einingar; det vil seie administrative oppgåver som ligg i linja til prorektorar, direktørar, dekanar og vidare utover i organisasjonen.

Delprosjekta i P3 Administrative tenester er:

P3.1 Identifisering av administrative funksjonar

P3.2 Felles praksis (Dokumentasjon av administrative kjerneprosessar)

P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur (Kopling av funksjonar, prosessar og roller til organisasjonseiningar, studiestader og stillingar)

P3.4 Delegasjonsreglement knytt til funksjonar og roller

Overordna tidslinje for prosjektarbeidet i P3 ser slik ut:

Hovudaktivitet	Mar	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Jan	Feb
P3.1 Identifisering av administrative funksjonar												
P3.2 Felles praksis												
P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur												
P3.4 Delegasjonsreglement												

2. Mandat

Delprosjektet skal levere planverk som skal danne grunnlag for etablering av ei felles administrativ verksemd for HVL. Planane skal skildre administrative funksjonar både i felleseiningar og i fakultetsadministrasjonane, og består av funksjons- og bemanningsplanar for dei administrative funksjonsområda. Ei slik samla etablering av fakultets- og fellesadministrasjon vil gi ein heilskapleg administrasjon, med god kontroll på grenseflater og kostnader.

Arbeidet i delprosjektet byggjer på prinsippa for administrativ organisering i [Fusjonsplattforma](#), tidlegare prosjektarbeid i delprosjekt Administrativ organisering i Fusjonsprogrammet og påfølgjande



[styrevedtak](#) i [sak 17/17](#). I tillegg kjem førande avgjerder om administrativ organisering frå rektor, som utvida strategisk leiargruppe utarbeider avgjerdsgrunnlag for.⁴

Den føreslegne organiseringa skal leggje til rette for ein effektiv og profesjonell administrasjon med høg kvalitet i tenester og forvaltning. Organiseringa skal bidra til tydelege styringslinjer, avklåra roller og prosesseigarskap, og samsvar mellom ansvar og mynde. Løysingane skal bidra til effektivisering og avbyråkratisering av verksemda, i tråd med gjeldande krav frå styresmaktene. I prosjektet skal ein søkje å kome fram til ei optimal disponering av høgskulen sine administrative ressursar, og skildre satsingsområde med tanke på høgskulen sin universitetsambisjon.

Delprosjektet sine leveransar er definert slik:

Delprosjektet skal levere planverk (funksjons- og bemanningsplanar) for den samla administrative verksemda ved HVL, ifølgje felles mal.

Funksjonsplanane skildrar organisering av administrative funksjonsområde ved høgskulen, med skildringar av mellom anna:

- Målbilete for funksjonsområdet
- Overordna prosesseigarskap, oppgåver og ansvar som ligg til funksjonsområdet
- Kva slags undereiningar funksjonsområdet vert organisert i
- Kva slags oppgåver som skal løysast i dei ulike undereiningane
- Estimert ressursdisponering på einingsnivå
- Utfordringsbilete og utviklingsbehov for funksjonsområdet

Utarbeidinga av funksjonsplanane utgjer første fase i delprosjektet sitt arbeid. Funksjonsplanane skal leverast innan 22.11.17.

Bemanningsplanane skildrar detaljert ressursdisponering og dei enkelte stillingane innanfor einingane i funksjonsområdet, med til dømes stillingskategori, stillingskode, stillingsprosent, kvalifikasjonskrav, ansvar og oppgåver, rapporteringslinje etc. Bemanningsplanane vil danne rammeverk for den vidare prosessen med innplassering av administrative medarbeidarar i ny organisasjonsstruktur.

Utarbeidinga av bemanningsplanane utgjer andre fase i delprosjektet sitt arbeid. Bemanningsplanane skal leverast innan 02.02.17.

3. Prosjektorganisering og -prosess

Prosjektorganisering

Arealforvaltning, drift og prosjekt, er ein av undergruppene som ligg under prosjektgruppe Organisasjon, som er leia av organisasjonsdirektør Tage Båtsvik.

Undergruppa for Arealforvaltning, drift og prosjekt er samansett av

Prosjektgruppeleiar:

- Endre Laastad – direktør for arealforvaltning, drift og brukarservice, Bergen

Prosjektgruppe:

⁴ Sjå mandat og prosesskildring for dette arbeidet [her](#).



- John Ove Berge – seniorkonsulent Bygg/drift/innkjøp, Sogndal
- Hans Erik Lundberg – senior prosjektleiar Drifts – og IT tenestar, Haugesund
- Tone Reistad – kontorsjef Avdeling for lærarutdanning, Bergen
- Pål-Albert Olsen – tillitsvald, Førstelektor, institutt for elektrofag, Bergen
- Benedicte Hjelle Størksen – sekretær fra Deloitte, Bergen

Det vert vist til prosjektplanen for P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur for eit oversyn over den totale organiseringa av delprosjektet.

Prosjektprosess

Prosjektet har hatt ein inkluderande prosess, der tilsette innafor dei ulike områda for Arealforvaltning, drift og prosjekt i Bergen, Sogndal/Førde og Haugesund/Stord har fått moglegheita til å delta og komme med innspel.

Som ein del av prosjektprosessen har det også vore naudsynt å gjere avklaringar med andre prosjektgruppe undervegs. Det har blant anna vert gjort ein samstemming med prosjektgruppa for Utdanning at aktivitetar knytt til timeplanlegging skal ligg under arealforvaltning, og dermed inkluderast i denne funksjonsplanen. Ein har òg blitt einige om at aktivitetar knytt til servicetorget og såleis funksjonar over disk, skal ligg under Utdanning. Dette inkluderer administrering av parkeringsplassar og utlån av el-syklar og el-bilar. Desse aktivitetane er difor ikkje inkludert i denne funksjonsplanen. Desse avklaringane er generelle, og gjelder for alle studiestadene.

Fleire detaljar om prosessen og møteverksemd er beskrive i *Tabell 1* under.

Tabell 1 - Prosess- og møteplan for Areal, drift og prosjekt

Trinn	Underliggende delfunksjon/enhet/adm. fagområde	Gjennomgåast møtedato	Representantar for delfunksjonen som deltar i møtet	Spørsmål for bestilling og konsultasjon	Mottakarar av bestilling og konsultasjon	Frist for utsending av bestilling	Frist for retur av innspel
1.	Administrasjonsverkstad P3.3 Administrativ organisering	30.10.2017	Prosjektgruppa og representantar: Rune Jacobsen, Karl Henrik Svensson, Gunnhild Beate Nordheim, Steeven Høyland, Nina Mønstre	Målbilete og utfordringsbilete for funksjonsområdet, organisering, og einingar og delfunksjonar			31.10.2017
2.	Gruppe/arbeidsmøte: Arealforvaltning, drift og prosjekt	08.11.2017	Prosjektgruppa	Innspel til punkta som er satt opp i administrasjonsverkstad: målbilete, utfordringsbilete, organisering, einingar og delfunksjonar, oppgåver	Rune Jacobsen, Karl Henrik Svensson, Gunnhild Beate Nordheim, Steeven Høyland, andre brukarar med innspel og tilsette i seksjonane	06.11.2017	07.11.2017
3.	Gruppe/arbeidsmøte: Arealforvaltning, drift og prosjekt	14.11.2017	Prosjektgruppa	Innspel til 1. utkast av funksjonsplan, inkl. forslag om organisering	Prosjektgruppa	13.11.2017	16.11.2017
4.	Gruppe/arbeidsmøte: Arealforvaltning, drift og prosjekt	20.11.2017	Prosjektgruppa	Innspel til 2. utkast av funksjonsplan	Prosjektgruppa og Tage Båtsvik	17.11.2017	21.11.2017
5.	Funksjonsplan ferdig	22.11.2017					
6.	Høyring av funksjonsplan			Innspel til funksjonsplan	Høyringsgruppe	23.11.2017	07.12.2017
7.	Godkjenning av funksjonsplan			Godkjenning av funksjonsplan	Rektor	13.12.2017	Tentativt 22.12.2017

Del 1 – Funksjonsplan

1. Målbilete for funksjonsområdet

Delprosjektet Arealforvaltning, drift og prosjekt har hatt mandat til å utarbeide eit forslag til framtidig organisering som skal bidra til å nå dei følgjande målsettingane:

- Å tilby relevante og tydelege tenester, med klare rammar for servicenivå, som er avklara på høgaste hald og som er skriftleg formalisert
- Å levere profesjonaliserte og samanhengande tenester til brukarar (tilsette, studentar og eksterne), med effektive og digitale verktøy for god kommunikasjon og service
- Å ha eit godt omdømme blant våre brukarar
- Å ha eit godt arbeidsmiljø for våre tilsette med tydelege roller og ansvarsområde, og med moglegheiter for kompetansebygging og – utvikling innanfor tenesteområda
- Å sørge for fleksibilitet i og heilskapsforståing for tenesteleveransane

2. Utfordringsbilete


På noverande tidspunkt ser prosjektgruppa også nokon utfordringar som bør fokuserast på og løysast for å nå målsettingane:

- Det er ikkje tydeleg kommunisert og forankra på høgaste hald kva funksjonsområdet skal levera av tenester, og kva desse tenestene skal innehalde (kva skal bygget brukast til, kven er til for kva?). Dette fører i mange tilfelle til manglande forventingsavklaring mellom brukar og tenesteytar (t.d. servicenivå).
- Det er aukande behov for digitale verktøy - både for å gjere det enklare for brukarar å melde inn behov/oppgåver, og slik at desse kan handsamast effektivt og systematisk i andre enden. Knytt til dette er det særleg tre utfordringar:
 - Brukarar opplever for lang responstid
 - Lite brukarvennlege digitale system fører til suboptimale løysningar og dårleg integrasjon med andre tenester og system (både innanfor eige område, og særleg mot IT og personal).
 - Mangel på ressursar til utvikling av eksisterande og nye digitale system og løysningar gjer det vanskeleg å møte behova knytt til auka digitalisering
- Uklar rolle- og ansvarsdeling og lange vegar til avgjersle (byråkrati) fører til
 - manglande avklaringar innan til dømes økonomi
 - manglande fleksibilitet på nokre område til å kunne omdisponere ressursar etter behov, og for å møte nye/endra oppgåver
- Det er i dag manglande kunnskap om gjeldande lovverk (juridisk kompetanse) og økonomi i funksjonsområdet – dette treng vi for å kunne følge opp førespurnadar og sikre effektiv og optimal drift av HVLs areal

3. Organisering

For å nå målsettingane og møte utfordringane, har vi vald ein modell for organisering av Areal, drift og prosjekt etter nærregionsprinsippet. Føremålet med organiseringa er å ivareta HVL som ei samla eining, og samtidig ivareta behova i nærregionane. Denne forma for organisering vil støtte oss i å nå målsettinga om færre leiarar og bidrar til

- kort veg til avgjersler
- nærleik til tilsette/personell
- betre samanheng mellom tenestene i kvar nærregion gjennom
 - større heilskapsforståing - ein unngår silotenking og «grupperingar»
 - meir fleksibilitet i oppgåver på tvers av einingar innan funksjonsområdet
- enklare kommunikasjon
- lokalt engasjement for oppgåvene som skal løysast
- brukar i fokus, gjere brukaropplevinga enklare og betre
- mindre behov for reising, nærare møtepunkt



Figur 1 Forslag til organisering for Areal, drift og prosjekt

For å sikre samhandling og kompetansedeling mellom regionane for alle delfunksjonsområda, trengs faglege samarbeid på tvers av nærregionane. Dette er illustrert med dei grønne pilene i Figur 1. Det faglige samarbeidet er tenkt organisert som faggrupper sett saman av personar på tvers av regionane, og skal sikre samarbeid og felles tilnærming til oppgåveløysing gjennom

- arbeid og kommunikasjon på tvers av alle nærregionane
- tydeleg rolle- og ansvarsfordeling i gruppa
- like utviklingsmoglegheiter for alle i gruppa gjennom felles fagplanar for kompetanseheving og –utvikling

Områdeleiar er ansvarleg for faglig samarbeid i egen region og at dette samarbeidet går på tvers av nærregionane.

For kvart faglige samarbeid, bør det vere ein som er utpekt som fagansvarleg. Forklaring til fagansvar er beskrive i neste avsnitt.

For å sikre god samhandling og kommunikasjon med fakulteta blir det utpekt fakultetskontaktar på tvers av nærregionane. Spesielt på arealforvaltning og timeplanlegging blir denne rolla viktig. Fakulteta skal ikkje bruke leiinga for ADP på campusane som kontaktflate.

4. Leiing

Det er i denne funksjonsplanen tatt utgangspunkt i prinsippa for administrativ leiarstruktur, som dei føreligg frå rektor. For å sikre effektiv leiing tett på regionar, ligg områdeleiarar på nivå 3, direkte

under direktør for økonomi og arealforvaltning. I *Figur 1* over er det skilt mellom formell leiarstruktur (leiing med økonomi- og personalansvar) i dei blå boksane, og administrasjonsfaglege koordineringsfunksjonar i dei grønne boksane.

4.1 Leiaransvar

Områdeleiarane rapporterer direkte til direktør for økonomi og arealforvaltning, og har ansvar for:

- personalansvar for tilsette i sin region
- den totale leveransen av tenester til brukarane i regionen
- økonomi og budsjett for regionen
- strategiplanar og gjennomføring
- gjennomføring av innkjøp, kundemøter, og oppfølging av underleverandørar
- forvaltning av høgskulen sine avtalar og kontraktar knytt til service, bygningsdrift og leigeforhold
- prosjektutvikling i nærregionen, og koordineringsansvar i HVL
- å sørge for deltaking på HMS og vernerundar

Der det er naudsynt på grunn av til dømes storleik eller tryggleikstiltak, kan områdeleiar delegere noko av ansvaret til ein administrativ støtteperson, eller til gruppeleiarar innan ulike einingar. Desse leiarane blir då på nivå 4 under områdeleiar. Dette er naudsynt for eksempel i Bergen, der aktivitetsnivået innan Arealforvaltning og Drift er særleg høgt.

Gruppeleiarane rapporterer til sin områdeleiar, og har ansvar for:

- oppfølging og kvalitetssikring av tenestar og leveransar for gruppa
- oppfølging av daglege arbeidsoppgåver for tilsette i gruppa
- naudsynte innkjøp og attesteringar
- å delta i naudsynte møter i nærregion og på tvers

4.2 Fagansvar

Fagansvarlege rapporterer til områdeleiarane i funksjonsområdet, og har ansvaret for:

- den samla fagkompetansen innan fagområdet
- fagleg samarbeid og deling på tvers av regionane
- å utarbeide fag- og utviklingsplanar for kompetansebygging
- koordinere og delegere oppgåver i gruppa

Fagansvarlege har ikkje formelt organisatorisk leiaransvar.

5. Einingar og delfunksjonar

5.1 Arealforvaltning

Gruppa for arealforvaltning skal ivareta brukarane av HVLs areal, og koordinere alle aktivitetar i desse areala, inkludert aktivitetar for undervisning, eksamen og annan fagleg verksemd, kontorareal, møte- og grupperom, utleige av areal og leige av eksterne lokale.

Gruppa ser spesielt utfordringar knytt til utvikling og vedlikehald av gode, effektive og brukarvennlege system, samtidig som at dei skal handtere dag-til-dag aktivitetar.

Ansvar og oppgåver i Arealforvaltning

Det er tenkt at følgjande oppgåver og ansvar skal ligge under Arealforvaltning:

- Koordinere aktivitetar og bruk av HVLs undervisningsareal, kontor/arbeidsplassar og fellesareal

- Fordele undervisningsareal, kontor/arbeidsplassar og fellesareal gjennom time- og rom planlegging
- Ivareta gode kommunikasjons- og reservasjonssystem for brukarar av fellesareal (t.d. undervisningsrom, grupperom, spesialrom, møterom, m.m.)
- Utvikle gode rutinar som ivaretar utdanningane på best mulig måte, i høgskulens tilgjengelege areal
- Utvikle og bidra til gode integrasjonar til andre aktuelle IKT-system (t.d. FS, it's learning, infotavler, SAP og system for IT/personal etc.)
- Systemansvar for programvare knytt til delfunksjonsområdet (t.d. TimeEdit)
- Oppgåver knytt til innleige/utlån av areal
- Gjennomføre analyse og statistikk på arealbruk

Oppgåver og ressursar knytt til timeplanlegging, som tidligare låg under Studie i Sogndal/Førde og Stord/Haugesund, er flytta til Arealforvaltning, drift og prosjekt.

Dei fleste av oppgåvene under Arealforvaltning ligg på studiestadsnivå, spesielt koordinering av aktivitetar og fordeling og bruk av areal. Dette er fordi dei krev kjennskap til areala og behova til brukarane. Faggruppa vil her vere viktig, og ein kan nyte godt av å samarbeide på tvers av regionane. Ved å sikre kompetanse- og erfaringsdeling, standardisering av løysningar og system for arealforvaltning på tvers av regionane, kan ein også utnytte ressursar på tvers der det er ledig kapasitet. Dette vil med tida gjere det mogleg å sentralisere dei fleste av desse oppgåvene til å vere uavhengig av studiestad.

Ressursar og årsverk i Arealforvaltning

Tabell 2 Ressursar og årsverk i Arealforvaltning

Område	Haugesund/Stord	Bergen	Sogndal/Førde	Total
Arealforvaltning total	1,2	6	1,9	9,1
Timeplanlegging	1,2		1,9	3,1 ⁵

5.2 Drift

Gruppa for Drift er ein operativ funksjon og skal ivareta HVLs vedlikehaldsplikter og bygningsdrift, samt drift og vedlikehald av bygningsmasse og innreiing.

Utfordringsbiletet til gruppa ligg i hovudsak rundt drift av private og statlege leigde lokale der ansvaret og drifta kan vere ulik.

Ansvar og oppgåver i Drift

Det er tenkt at følgjande oppgåver skal ligge under Drift:

- Operativ bygningsdrift for alle areal
- Reinhald og reinhaldsoppfølging
- Varemottak og kontroll i mottak
- Operere telefonsentral (felles for HVL), posthandtering og ansvarleg for infotavler
- Mottak av oppdrag/bestillingar, feil og avvik i elektroniske innmeldingsverktøy
- Tilgangskontroll, kortproduksjon, korrigering og erstatning av tilgangskort

⁵ Oppgåver knytt til timeplanlegging ligg per i dag ikkje under ADP i Sogndal/Førde og Haugesund/Stord. Det er foreslått å flytte totalt 3,1 ressursar over frå Utdanning, i forbindelse med flytting av timeplanlegging til Arealforvaltning. Desse ressursane er difor lagt til funksjonsplanen.

- Tilsyn og vakthald
- Brannvern/tryggleiksystem og internkontrollrundar
- Dokumentering av drifta i eit FDV-system (Forvaltning, Drift og Vedlikehald)
- Ajourhald av felles rekvisitalager, inkl. kopipapir
- Administrering av bokskap, samt salg av eigne hengellåsar til bokskap (Bergen)
- Administrering av møblar og inventar i areala
- Administrering og ansvar for AV-utstyr
- Flyttehjelp ved kontorbytte for tilsette
- Arrangementsstøtte
 - o Koordinering av arrangement (ikkje IT-relatert støtte, som ligg hos IT)
 - o Tilrettelegging av møblar og reinhald
 - o All drift i Mimes Brønn

Oppgåver og ressursar knytt til servicetorget og resepsjon som tidligare låg til Bergen, er flytta over til Studie. Dette er grunnet i å ha et kontaktpunkt for studentane, sjølv om nokre oppgåver i førstlinja ligger nærmare drift sine områder.

For Drift ligg dei aller fleste av oppgåvene på studiestadsnivå, og kan ikkje sentraliserast fordi dei krev at ein er lokalt til stades for å gjennomføre dei. Faggruppa er likevel nyttig for å lære av kvarandre, dele erfaring og oppnå like standardar på tenestene som vert levert på de ulike studiestadane. I tillegg sikrar det like utviklingsmoglegheiter for dei tilsette i dei ulike nærregionane.

Et felles system for å handtere henvendelser trengs og. Dette gjør det og muleg å samarbeide betre mellom campusane, samt å være mindre avhengig av en og same person som per nå tar alle henvendelser.

Ressursar og årsverk i Drift

Tabell 3 Ressursar og årsverk i Drift, fordelt på oppgåver

Område	Haugesund/Stord	Bergen	Sogndal/Førde	Total
Drift total	10,05	16	16,2	42,25
Vaktmeister	3,5		2,5	6,3
Reinhald	6,3		13	19
Tilsynsvaktar		7		7
Tilgangskontroll	0,25		0,2	0,45
Andre driftsoppgåver		9 ⁶	0,5	9,5

5.3 Prosjekt og støttefunksjonar

Gruppa for Prosjekt og støttefunksjonar skal handtere prosjekt knytt til bygging av nye samt mindre og større ombyggingar av bygg ved HVL. I tillegg ligg oppgåver knytt til områdeleiar's ansvar til denne gruppa.

Utfordringar for gruppa er variasjonar og svingingar i aktivitetsbiletet etter behov, og ressursar bør difor kunne nyttast til andre gjeremål i periodar.

⁶ Det er per i dag 5 årsverk knytt til Servicesenteret i Bergen, som ligg under ADP. Av desse årsverka, er det føreslått å flytte 4 årsverk over til Utdanning i forbindelse med flytting av servicetorget (desse årsverka er difor ikkje inkludert i denne funksjonsplanen). 1 årsverk leggjast til Drift for å løyse resterande oppgåver (inkludert i andre driftsoppgåver).

Ansvar og oppgaver i Prosjekt og støttefunksjonar

Det er tenkt at følgjande oppgaver skal ligge under Prosjekt og støttefunksjonar:

- Gjennomføring, koordinering og kvalitetssikring av prosjekt og utbygging
- Koordinering opp mot innkjøp, juridisk, og IKT (sentraliserte områder i HVL)
- Støtte til brannvern/tryggleik (tett knytt mot overordna ansvar for dette som ligg hos Organisasjonsdirektør)

Dei fleste oppgåvene som ligg under prosjekt- og støttefunksjonar, vil vere knytt til ansvaret til områdeleiar i regionane. Oppgåvene må ofte løysast på studiestadsnivå, eksempelvis innkjøp av tenester knytt til Drift i Sogndal må koordinerast av ressursar i Sogndal fordi dei har kjennskap til naudsynt behov og oppgåveløysing. Prosjekt vil også ofte vere knytt til studiestaden. Ei faggruppe på tvers av regionane vil vere nyttig for å dele erfaringar, kompetanse og for å sikre eit støttande fagmiljø for dei som jobbar med desse oppgåvene.

Ressursar og årsverk i Prosjekt og støttefunksjonar

Tabell 4 Ressursar og årsverk i Prosjekt og støttefunksjonar, fordelt på oppgaver

Område	Haugesund/Stord	Bergen	Sogndal/Førde	Total
Prosjekt og støttefunksjonar total	1	5,5	1	7,5
Prosjekt		1		1
Utvikling		2,5		2,5
Leiing	1	2	1	4

Vedlegg 1 – Uavklarte område/oppgåve mellom prosjektgruppene

Oppgåver knytt til superbrukaransvar og brukarstøtte på kopimaskiner/skrivarar, som tidlegare låg under brukarservice i Arealforvaltning, drift og service i Bergen, er ikkje teke med i funksjonsplanen for Arealforvaltning, drift og prosjekt. Forslaget vårt er å flytta oppgåvene over til IKT, men dette punktet er uavklart på tidspunktet funksjonsplanen er sendt på høyring.

Ressursane er difor heller ikkje justert med omsyn til dette.

Administrativ organisasjonsstruktur

Notat fra direktør for økonomi og arealforvaltning

Innledning

Prosjektgruppene har nå levert sine innspill til ny administrativ organisasjonsstruktur for områdene økonomi og arealforvaltning. Undertegnede har ikke deltatt i prosjektgruppene, de har vært ledet av hhv Kirsten Bakken for økonomigruppen og Endre Laastad for arealgruppen. Rapportene som er levert har konkludert ut fra det som gruppen samlet sett har stilt seg bak.

Forslagene som sendes rektor er endret ut fra det som foreslås i rapportene. Disse endringene er det undertegnede som står for, prosjektgruppene er informert om dette.

Forslagene fra prosjektgruppene

Forslagene som kom fra prosjektgruppene er begrunnet ut fra ulike perspektiver. Innenfor økonomifeltet er det foreslått en todeling av ansvarsdelingen på nivå to, der det foreslås to seksjoner for hhv overordnet økonomistyring og fakultetstjenester. Hovedbegrunnelsen for å dele ansvaret i to, er at det vil bli et for stort ansvar med 30 ansatte på fem forskjellige campus. I tillegg vil en flatere struktur kople økonomi- og arealdirektør tettere på driften innenfor økonomiområdet, både felles og mot fakultet. Forslaget medfører en flatere struktur der det ikke etableres formelle enheter på nivå tre. Forslaget følger prinsippet om funksjonsansvar framfor geografisk ansvar.

Prosjektgruppen for arealforvaltning har konkludert med et ønske om tre avdelinger på nivå to. Det er her brukt et geografisk perspektiv der nærregionene selv har lederansvar på nivå to for alle områdene som inngår i arealforvaltningen, det vil si drift, areal og utvikling.

Dette forslaget bryter med føringene om funksjonsansvar og den bryter med organiseringen av HVL sin øvrige organisering, både faglig og administrativt.

Forslag fra direktør for økonomi og arealforvaltning

Prosjektgruppene har lagt ned et stort arbeid i utformingen av forslagene til ny struktur. Selv om det fremkommer flere gode argument og begrunnelser for foreslått struktur, finner jeg det nødvendig å justere disse forslagene i det som legges fram som forslag til rektor. Det er i hovedsak to grunner til det. For det første, forslagene, i den



form de har nå, bryter med føringer som er gitt for arbeidet om funksjon framfor geografi (areal) og færrest mulig seksjoner/avdelinger og ledere (begge). Den andre grunnen ligger i ledelsesstruktur. En flat struktur med flere ledere på nivå to, vil i praksis medføre at økonomi og arealdirektør blir tett koblet til den daglige drift innenfor begge områder. Med to store forvaltningsområder vil det bli krevende å ivareta det operative og strategiske nivået i én og samme rolle.

For å ivareta en så flat struktur som mulig og for å samkjøre i størst mulig grad med forslagene som kom fra de andre administrative områdene, presenterer dette forslaget en justert modell basert på det som kom fra økonomigruppen. På arealsiden er forslag til rektor endret vesentlig i forhold til det som er foreslått fra prosjektgruppen.

Økonomi

På økonomiområdet, med rundt 30 medarbeidere, foreslås det å samle økonomifunksjonene i én avdeling med leder og nestleder (jf forslag til organisering innen HR og OU/Digitalisering). Personal- og fagansvar vil i denne modellen bli fordelt mellom leder og nestleder på nivå 2. På nivå 3 blir det ingen formell lederstruktur, men de ulike fagområdene må etableres med fagansvar (gruppeleder/koordinator e.l.). Leder og nestleder må, i en slik modell, ha delt personalansvar for hele økonomiområdet med definert funksjonsansvar, tydelige styringslinjer og avklarte roller. Leder og nestleder inngår i direktør sin ledergruppe, men personalansvar for nestleder legges til leder av økonomi.

Fordelen med denne modellen er at den åpner for en noe mer fleksibel bruk av ressurser på tvers med en enhetlig ledelse av hele økonomiområdet uten inndeling i formell lederstruktur.

Området virksomhetsstyring er omtalt i fremlegg til funksjonsplan. Denne foreslås lagt i stab til direktør sammen med internrevisjon for å sikre nærhet til strategisk ledergruppe.

Arealforvaltning (ADU)

Arealforvaltningen for hele HVL har om lag 55 medarbeidere. Selv om det er nødvendig med en viss geografisk orientering for dette området, vil jeg foreslå at dette først og fremst sikres på nivå fire med driftskoordinatorer med fagkoordineringsansvar, og ikke som geografiske områdeledere på nivå to, som foreslått. HVLs arealforvaltning må samles i felles systemer, og funksjonene til de ulike områdene må være tverrgående. Det vil trolig bli vanskelig å samkjøre en ledelse som sitter med totalansvar for alle områdene på hver sin campus, det kan oppstå interessekonflikter og felles utvikling og mål kan bli mer utydelig. Direktør vil i praksis bli involvert i mange operative saker, også saksbehandling innenfor



tverrgående oppgaver og utvikling. Det er derfor helt nødvendig med en egen leder av et stort og krevende forvaltningsområde.

Denne modellen har med seg flere ledernivåer enn for de andre administrative områdene. En viktig årsak til det er at arealområdet har et stort nedslagsfelt med mange ulike oppgaver. En del oppgaver skal styres og utvikles i felles systemer for HVL, andre oppgaver er mer geografisk orientert. Antall medarbeidere er også vesentlig høyere enn for de andre administrative områdene. Arealområdet foreslås derfor organisert med et formelt lederansvar på nivå 3.

Bergen, 19.2.2018

Helge Skugstad

Direktør for økonomi og arealforvaltning



Notat

Fra: Direktør for økonomi og arealforvaltning

Til: Rektor

Bergen, 28.2.2018

Justert forslag til administrativ organisering av arealforvaltningen ved HVL

Arealforvaltning (ADU)

I opprinnelig forslag til organisering av arealforvaltningen, ble det tatt opp hvordan geografisk nærhet kan sikres, men med felles ledelse i tråd med ny organisatorisk plattform for hele HVL.

I forslag fra prosjektgruppen var all ledelse av arealområdet lagt til nærregionene uten en felles overbygning. Dette ble endret av direktør for arealforvaltning i forslaget som gikk til forhandlinger med de tillitsvalgte. I dette forslaget ble det lagt opp til at nærregionansvaret ble sikret utenfor de formelle lederstrukturene med fagkoordinatorer/fagansvarlige i hver region.

Etter forhandlinger ble det signert en uenighetsprotokoll der organiseringen av arealområdet var ett av områdene det ikke ble enighet om. Direktør har i ettertid revurdert forslaget i lys av det som kom fram i forhandlinger. En viktig årsak til dette er at for arealområdet er det behov for en organisering som avviker noe fra de andre administrative områdene. Studiestedene er lokalisert der de er og den fysiske bygningsmassen må følges opp lokalt. En mer geografisk orientert ledelse kan derfor også fungere istedenfor en ledelse ut fra funksjon. Dette er også tatt opp i forslag som har vært forhandlet, og det er ikke uenighet om at ansvar for arealforvaltningen krever en viss geografisk nærhet. Uenigheten står om lederstrukturen og i hvor stor grad den er lokalt forankret.

Ut fra dette vil jeg foreslå at det geografiske koordineringsansvaret løftes opp et nivå til enhetsledere på nivå tre. Da vil vi få en nærregionleder i formell lederstruktur. Det understrekes at dette gjelder for områdene drift og arealforvaltning. Når det gjelder utvikling og prosjekt, er dette et område som fortsatt bør være funksjonsorientert for å sikre en felles, gjennomgående utvikling i hele HVL. Den enheten kan organiseres som en egen enhet i samme linje under avdelingsleder.

Med en slik justering vil vi sikre enhetlig ledelse av hele området gjennom avdelingsleder, felles utvikling på systemnivå gjennom enhetsleder, og geografisk ledelse av det som er kampusorientert innenfor drift og arealforvaltning.

En slik justering med formelt ledernivå i hver nærregion, krever et godt samarbeid på tvers mellom geografiske enhetsledere innenfor drift og areal for å koordinere innsatsen på områder som må styres og utvikles i felles systemer for HVL. Det vil være mulig med denne modellen, som fortsatt har enhetlig ledelse.

Denne modellen har med seg flere ledernivåer enn for de andre administrative områdene. En viktig årsak til det er at arealområdet har et stort nedslagsfelt med mange ulike oppgaver. En del oppgaver skal styres og utvikles i felles systemer for HVL, andre oppgaver er mer geografisk orientert. Antall medarbeidere er også vesentlig høyere enn for de andre administrative områdene. Arealområdet foreslås derfor organisert med et formelt lederansvar på nivå 3, i dette forslaget med en geografisk orientert ledelse innenfor areal og drift, istedenfor funksjonsorientert, som lå til forhandling.

Modellen vil da se slik ut:

